

"...for at finde en blidere Skjebne"



I 1989 markerte Hjartdal kommune at det var 150 år sidan dei første utvandarane reiste til Amerika. Mellom anna blei boka "*...for at finde en blidere Skjebne*" utgitt. Forfattarar var Anne Haugen Wagn og Leif Skoje. (Boka kan framleis skaffast hos Hjartdal historielag) Den trykte utgåva er illustrert, bl.a. med fleire teikningar av Svein Grue Carlsen

Forord

Vår interesse for lokalhistorie førte til at vi kom over ei liste med namn på den første utvandrarflokken frå Hjartdal til Amerika. Dei hadde reist i 1839. 1989 måtte vere eit høveleg tidspunkt for å markere denne hendinga, tenkte vi, og ballen byrja rulle. Vi ville lage eit lite hefte, mest med stoff andre hadde skrive. Etterkvart fann vi emnet emigrasjonen frå Hjartdal svært interessant. Vi byrja grave, leite, lese og spørje, stofftilfanget auka på, her måtte det bli bok.

Tittelen "...for at finde en blidere Skjebne" fann vi i ein avisartikkel om utvandring skriven i Skien rundt 1840.

Så må ein spørje, kvifor historie, og kvifor emnet emigrasjonen?

For di det er moro å vete kva for levekår som møtte generasjonane før oss, korleis dei tenkte og handla når dei blei utsette for påverknader vi i våre egne liv ikkje opplever. Historia gir oss menneskekunnskap og forutsetningar til å forstå meir av samfunnet, korleis vi har kome fram til det samfunnet vi lever i, og kva som påverkar den vidare utviklinga.

Til alle tider har menneske kryssa landegrensar, "for at finde en blidere Skjebne". For 100-150 år sia var det nordmenn som på grunn av usikre og vanskelege levekår søkte seg bort frå heimlandet. Dei siste tiåra har Noreg i periodar henta arbeidskraft frå andre verdsdelar og gjeve rom for folk som er tvinga til å bryte opp frå sitt eige land. I slike høve vert det stilt krav både til dei som busett seg i det nye landet, og til dei som på denne måten får nye naboar. Oftast har resultatet etter dei første overgangsproblema vore gjensidig nytte og vokster.

Ei bok som denne blir ikkje til utan gode hjelparar. Fremst i denne rekka står Alf Mostue. Det er han som har skrive av kyrkjebøkene med dei første utvandarane frå Hjartdal, og såleis sett oss på sporet til å finne meir ut om utvandringa til Amerika, denne store hendinga både i Noregs og Hjartdals historie. Han har gjeve

oss verdfulle tips og opplysningar. Norsk-amerikanaren professor Gerhard Naeset har hjelpt oss med opplysningar om kvar dei første emigrantane frå Hjordal havna.

Eit vesentleg kapittel av boka er omsette utdrag av boka til Erna Oleson Xan: "Wisconsin my home". Takk til henne og slektningane hennar for at vi har fått bruke delar av denne boka.

Halvor Sisjord, Ivar Dahl, Aslaug og Kjetil Våle har hjelpt oss med lokal utvandrarhistorie og foto. Svein Carlsen har igjen sytt for gode og levande teikningar i ei lokalthistorisk bok for Hjordal. Jarl Wagn har hatt ansvaret for den engelske omsetjinga.

Kultursekretær Bjørn Rugaas har vore ein positiv samarbeids-partnar på vegne av Hjordal kommune. Det har også Ingebjørg Rydland som har hatt eit stort arbeid med å ordne utvandrarlistene i boka. Lars Gjendemsjø i Publikasjon Service har gjort sitt beste for å lage ei bok som både er lesarvennleg og som har god utsjånad.

Takk til alle, også til Hjordal kommune, Hjordal museumslag og annonsørane for økonomisk støtte.

Notodden/Sauland, oktober 1989

Anne Haugen Wagn og Leif Skoje

farvel.gif (25296 bytes)

Innleiing

Vi vågar påstå at kvar einaste hjartdøl har ein slektning, fjern eller nær, som reiste til Amerika i perioden 1839 - 1940. Listene bak i boka tyder på at opp imot 2000 hjartdølar reiste over Atlanteren i denne perioden, kanskje fleire hjartdølar enn dei som idag bur i kommunen. Talet syner at Hjordal er ei av dei bygdene her i landet som gav frå seg flest emigrantar i høve til folketalet. Vi kan dermed slå fast at for Hjordal er utvandringa ein av dei store og dramatiske hendingane i bygdas historie og såleis viktig å kjenne til.

Hjordal mista omlag halvparten av innbyggjarane sine frå 1839

og fram mot ca 1940. Det dramatiske i hendinga såg vi kanskje først om det same hadde skjedd i ei naturkatastrofe eller i ein krig. Men desse hjartdølane gjekk ikkje tapt, dei var med på å bygge opp det som er Amerika idag. Mange av dei dela kunnskapen og erfaringane med andre i breva dei sende heim til Hjartdal. Dollara-ne dei sende med har nok også kome godt med i utviklinga fram mot vår eiga tid.

Det er interessant for oss i Hjartdalsbygdene å vite at menneske som for få mannsaldrar sidan budde og arbeidde mellom dei same fjella og på den same jorda som vi idag, kunne vere i stand til å bryte eit fleire hundre år gammalt tradisjonsmønster og bli ein del av den første utvandringas historie.

Ideen og inspirasjonen til utvandringa frå Hjartdal i 1839 har heilt sikkert vore utvandringa frå Tinn, som starta så tidleg som i 1837. I 1839 reiste det andre følget frå Tinn, det såkalla Luraasfølget, her var fleire hjartdølar med, den mest kjende blei Halvor Nelson Lohner (Lonar). Same året reiser det dessutan meir enn 30 andre hjartdølar over havet.

Vi har prøvd å skildre kvardagen hjartdølane reiste frå på 1800-talet og reisa og livet i det nye landet. Det blei eit liv som nok var hardare enn dei fleste tenkte seg det da dei braut opp frå Hjartdal, særleg galdt det dei første utvandarane. Vi har ikkje gjeve oss inn på noko brei kartlegging av kvar det blei av hjartdølane i Amerika. Men vi kan fortelje noko, om stader dei busette seg, om yrke og karriere for nokre av dei. Dei fleste er likevel berre nemnde ved namn, fødselsår og utreiseår i listene bak i boka. Men her ligg utfordringa for lesaren. Kanskje finn du ein morbror eller ein annan slektning som du veit noko om. Såleis kan du vere med å kaste lys over utvandarhistoria i Hjartdal.

Boka er ikkje ei kronologisk historisk framstilling av utvandringa frå Hjartdal. Det er meir ei samling artiklar om utvandringa. Vi har bruka det vi har kome over i amerikansk og norsk litteratur, og vi har henta lokalt stoff frå Hjartdal. Her finst meir å hente for den som går systematisk til verks. Det har ikkje vore mulig for oss, fordi boka er blitt til ved sida av anna arbeid og med målet å få boka

ferdig i 1989.

1 Utvandringa frå Noreg til Amerika

Vi reknar 1825 som årstalet for den første utvandringa frå Noreg til USA. Det var da at sluppen "Restauration" la ut frå Stavanger med 52 barn og vaksne frå distrikta deromkring. Leiaren heitte Lars Larson Geilane. Han var kvekar, og mesteparten av reisefølget sympatiserte med denne religiøse retninga. Om det ikkje var direkte religiøs forfølging som fekk desse til å dra, så er det klart at dei ikkje var velsette hos styresmaktene. Og kunnskapen om det frie Amerika som alt på denne tid var utbreidd på Vestlandet, gjorde at utvandring var beste utvegen.

Dei reiste ikkje heilt på lykke og fromme. Året før hadde dei sendt ein mann til Amerika for å undersøke tilhøva. Denne mannen heitte Klein eller Klemet Pederson Hesthammer. Seinare vart han nok betre kjent under namnet Cieng Peerson. På grunn av denne reisa og mykje annan aktivitet i ulike delar av USA, har han sidan fått tilnamnet "Den norske utvandringas far". Cleng Peerson førde følget frå "Restauration" først til Kendall ved Ontariosjøen i staten New York. Seinare fekk han dei fleste til å flytte til Fox River sørvest for Chicago i Illinois. Med dette var grunnlaget lagt for den store norske utvandringa til midtveststatane i USA.

UTVANDRINGA SKYT FART FRÅ 1840- ÅRA

Nå starta ikkje denne Rogalandsgruppa noko plutselig ras av utvandring. Det tok 10-15 år før det vart noko større oppfølging.

I 1836 reiste det eit nytt følge frå Rogaland, leia av Knut Andersen Slogvig. Han hadde vore over frå 1831 og agitert for utvandring gjennom brev heim. Folk hans slo seg også ned i Fox River.

På denne tida var det at rykta om den nye framtida i vest tok til å breie seg. Gjennom eit par handelsmenn frå Numedal kom kunnskapen til Austlandet, og dei første emigrantane herifrå var nume-

dølar og folk frå øvre Telemark. Det var ikkje religiøse motsetningar som var hovudgrunnane til denne utvandringa, sjølv om haugianismen kunne inspirere til oppbrot. Haugianarane såg nok ei større framtid i Amerika for si kristentru, men dei økonomiske motiva var større og galdt fleire. Skriveføre menn som Johannes Nordboe frå Ringeby, Hans Barlien frå Trøndelag og Ole K.Trovatten frå Vest-Telemark, påvirka mange til å reise. Men Ole Rynning med boka "Sandfærdig Beretning om Amerika til Oplysning og Nytte for Bonde og Menigmand", var truleg den som fekk flest nordmenn i den tida til å pakke kuffertar og reisekister.

Korleis var så tilhøva i Noreg på denne tida, da så mange byrja å ta den store og tunge avgjerda om å bryte opp frå alt kjent til fordel for noko nytt, ukjent og farleg?

Statistikken viser oss ein rein befolkningseksplasjon i landet frå 1800 og utover. I tillegg veit vi at det var fleire uår. Det hadde vore krig, og rikdommen i landet var langt frå rettferdig fordelt. Landet var eit bondesamfunn med frie, sjølveigande, men ofte fattige bønder. Desse leid ikkje nettopp av svolt i normale år, men hadde svært liten økonomisk handlefridom. I tillegg hadde vi ei raskt aukande husmannsklasse. Desse hadde det eit godt hakk verre, og nauda var nok aldri lenge på stor avstand.

Nå viser forskinga at det er mange gardfolk som reiser dei første tiåra. Ofte var nok desse i økonomisk uføre, kanskje etter for dristige låneopptak, eller kanskje på grunn av harde arveoppgjer. Men i det store og heile var det desse som kunne greie å skaffe midlar til billett. Det var snakk om årslønner dersom ein gardsarbeidar eller ei hushjelp skulle skaffe seg billett. Likevel ser vi einslege kvinner mellom dei første utvandrarane.

I seinare tid vart billettane rimelegare og mindre avgjerande for kven som kom til å reise.

IRLAND OG NOREG HADDE STØRST UTVANDRING I FORHOLD TIL FOLKETALET

Det er vanleg å setje eit skille i historia om norsk utvandring på

slutten av 1 860-åra. Tida før var den såkalla pionértida, da vegar vart opna og nye landområde "erobra". For dei som kom etter, var det sjeldan vanskeleg å skaffe den kunnskapen dei trong til ferda.

På slutten av denne første perioden var det dessutan tilhøve i USA som gjorde innvandring lite aktuelt. Borgarkrigen rasa i store delar av landet, og samtidig braut det opp blodige indianaropprør med sentrum sør i Minnesota, nett der det var aktuelt med norsk innvandring.

Men på samme tid var det ei anna hending som fekk innvandringa til å skyte fart i åra som kom. Det vart vedteke ei ny lov etter initiativ frå president Lincoln. Denne lova, "The Homestead Act", gav alle som ville, rett til 160 acres (over 600 da) jord, mot at dei dreiv jorda og herre betalte eit lite oppmålingsgebyr.

Da borgarkrigen var slutt og indianarane brutalt slått attende, kom den første verkeleg store bølga av nordmenn. Av dei ca 78 000 emigrantane frå tida før 1865 hadde fleirtalet vore telemarkingar og sørvestlendingar. Nå kom resten av landet med. Fram til andre verdskrigen kom talet på utvandrarar til USA og Canada til å bli over 800 000. Det er også nemnt tal på over 900 000. Rett nok kom ein god del av desse attende, men likevel er det klart at nest etter Irland, er det Noreg som har størst utvandring i forhold til folketalet.

UTVANDRING I NYARE TID

Den andre store utvandringsbølga var i 1880-åra. Denne har samanheng med store forandringar i norsk landbruk. Nye maskinar gjorde mange arbeidslause, og økonomisk krise, også i byane, sende mange nordmenn over Atlanteren. Dårlege tider i Amerika reduserte innvandringa ein del i 1890-åra. Så kom den siste store bølga like etter hundreårsskiftet og varde omlag til utbrotet av første verdskrigen.

Fram mot 1920 vart etterkvart den amerikanske arbeidsmarknaden metta. Grensene vart stengde for innvandrarar, og kvoteordningar vart innført. Canada vart nå det nye reisemålet. Dit reis-

te mange nordmenn i 1920- og -30-åra.

Etter andre verdenskrigen har det ikkje vore større utvandring til Amerika. Ein del spesielle fagfolk kan arbeide i USA i periodar, men emigrasjon har vore sjeldan i seinare tid.

Ein historikar vil heile tida vurdere opp mot kvarandre dei faktorane i Noreg som skuva ut, og dei faktorane i Amerika som drog folk til seg. Slik sett er det litt for enkelt å forklare heile fenomenet med at Noreg var så veldig fattig og overbefolka. Andre ting spela også inn. For eksempel det at det vart ein mote, - feberen. Rein eventyrlyst var også ein grunn. Mange mista slekt og venner og kjende seg att aleine i gamlelandet. Amerika hadde mykje å tilby. Der var nok av arbeidsplassar eller jord. Der var mindre av det sterke embetsverket som dominerte Noreg i den tida. Og der var faktisk like rettar for alle til å prøve å gjere si eiga lykke med eigen innsats.

2 Levekår i Hjordal på 1800-talet

Det var stor folkeauke i Hjordal frå byrjinga av 1800-talet og framover til 1840. Slik var det også elles i landet. I dei femti åra frå 1815 til 1865 vart folkemengda her i landet nær dubla. Her var 900 000 nordmenn i 1815. I 1865 hadde vi blitt 1,7 millionar menneske.

Og Hjordal tok sin del av folkeauken. I perioden frå 1801 til 1855 hadde det blitt nesten 1000 fleire hjordølar.

Åkerbruket, fedrifta, skogbruket og det vesle som var av handverk og handel i bygdene kunne ikkje taka opp i seg den kraftige folkeauken. Grunnlaget for utvandringa var såleis lagt.

DET GAMLE JORDBRUKET

Jordsmonnet er karrig i Hjordal, åkrane er brattlendte og fulle av stein. Mange av gardane og plassane ligg såpass høgt at frosten ofte tok avlinga før. Og den gamle driftsmåten gav lite rom for å få

meir ut av jorda Jordbruket bygde på dyrking av bygg og poteter. Steinrøyser og steingjerde rundt om i bygdene vitnar om slitet for å gjere jorda fruktbar. Dei same åkrane blei brukte år etter år, og jorda blei utarma. Åkrane hadde namn før, desse namna vitnar om gamal, fastbunden driftsmåte.

Jordbruksreidskapane var primitive. I 1830-åra var verken plog eller harv i vanleg bruk i Tinn, sikkert heller ikkje i Hjørdal. Dei fleste måtte greie seg med ard, hakke og spade.

Fedrifta bygde på den billige arbeidshjelpa som fanst i dei dagar. Innsamlinga av for i skog, hei og i fjella var arbeidskrevjande, og sett med våre auge, var utbyttet magert i forhold til arbeidet som blei nedlagt. Reidskapen var enkel, på utslåttene var stuttjlåen emerådande. Foret blei ofte sankt inn i utløer og henta på slede når det blei vinterføre.

VANLEG MED SULTEFORING

Eit stort problem med fedrifta før var å skaffe nok for til dei etter måten store besetningane. I tillegg til gras, blei det hausta lauv og mose. Sulteforing var vanleg. Bøndene meinte at det var "Betre med ein smal bås enn ein tom bås". Dyra blei stygt avmagra fram mot våren, og det blir fortalt at i vårknipa rasa ofte kyrne saman i båsane og kreperte.

Ein kan idag lure på kvifor dei heldt så mange dyr når det ikkje var får nok. Bakgrunnen er nok at bøndene konsentrerte produksjonen til sommaren, da var det om å gjere å ha mange dyr på dei saftige fjellbeita. Hadde folk mange slaktedyr, så blei det også eit solid stabbursforråd å tære på til vinteren.

Nye tankar om andre driftsmåtar var i desse åra på veg inn i landbruket, det tok likevel tid å endre dei hevdvunne driftsmåtane. Særleg galdt det i fjellbygdene, der dei moderne hjelpemidla ikkje passa så godt og økonomien var dårleg.

TRONGT OM LEVEBRØDET

Landbruket var basert på eit naturalhushald, der folk bruka den maten dei sjølve produserte. Det var lite pengar blant folk, og når det blei mangel på korn, hadde ikkje dei fattigaste pengar til å kjøpe korn. Når uåra ramma bygdene, var det difor først og fremst dei eigedomslause som leid, dei som ikkje hadde pengar til å handle korn. Det var berre nokre få bygder i Telemark som greidde å avle nok korn til eige bruk, særleg i dei øvre bygdene var det stort behov for innførsel av korn. Rundt år 1800 innførte Bratsberg amt, (det gamle namnet på Telemark), 40 000 tønner korn over kjøpstaden Skien.

Torbjørn Kåsa har skrive litt om leveforholda i Hjartdal i 1840-åra.

Det var overbefolkning", skriv han. "Frå og med Smedshusa til og med Thostrand budde det folk på 70 stader I 1945 budde det folk på 26 stader på denne strekningen". Idag kan vi vel rekne dette talet som meir enn halvert. "Om vetren var husmennene glade dei fekk ei kønnstae på ein gard og stå på låven banke med flygjylen og få kosten. Lite å få ta fattigkassa. Mange måtte gå rundt med sekken og bøå seg. Det vart sagt at det va kje godt bu for nerme veggen.

Det hadde blitt fleire eigedomslause utover på 1800-talet, som følge av folkeauken. Når uår nå ramma bygdene, blei det fleire som leid og svalt.

Det vart altså trongt om levebrødet da folketalet auka på 1800-talet.

Næringsgrunnlaget i bygda kunne rett og slett ikkje fange opp fleire. Det gamle jordbruket var rett nok arbeidskrevande, men arbeidshjelpa var særleg aktuell i onnetida, sesongmessig arbeidsløyse var difor vanleg. Vi veit at mange hjartdølar reiste ut for å skaffe seg arbeid om vinteren. Dei reiste på sildefiske, på vegarbeid, og dei reiste til Horten verft og var med og bygde skip.

SKOGSDRIFT

Folk skaffa seg pengar til korn ved hjelp av fedrift og skogbruk. Fedrifta har sikkert vore stor i Hjartdal.

I Tinn gav tømmerdrifta i andre halvpart av 1800-tallet bøndene gode inntekter, skriv Svalestuen i Tinns emigrasjonshistorie.

Vi skal difor ikkje sjå bortifrå at skogsdrift også i Hjartdal har hatt stor betydning i arbeidet for å skaffe folk kontantar.

Skogbruket i Tinn var sterkt bunde til sagbruks- og kjøpstadsprivilegia. I Telemark var det særleg Skien som hadde desse. I Tinnvassdraget hadde herren til Gimsøy kloster eineretten til oppkjøp av tømmer. Vi må tru at det same galdt for Hjartdal.

Det skal ha blitt hogge mykje tømmer i Sauland, særleg var furutømmeret på Ålamoen ettertrakta.

Handelen med trelast var avhengig av om det var gode eller dårlege tider internasjonalt. Nedgangen her forplanta seg raskt til avsidesliggende bygder, der det brått kunne bli slutt på øksehogga i skogen. Skogbruket var dessutan i stort mon avhengig av oppkjøparar og sagbrukseigarar i byane. Dei utnytta den sterke stillinga dei hadde. Gjeld og arbeidsløyse følgde. Skogbrukarane fekk gjerne oppgjer lang tid etter at tømmeret var levert, kanskje først etter eit par år, når tømmeret hadde kome fram til Skien. Avstandane var store, først skulle det fløytast til Heddalsvatnet, så over Norsjø og deretter til Skien. Ofte fekk bøndene oppgjer ved å bli anviste varer, og dei fekk kreditt, som kunne skaffe dei store problem.

Bøndene sette seg i gjeld, mange måtte selge skogen, og mykje av den havna på trelastspekulantanes hender. Salga fekk skadelege følger for bygdene, noko som også var med og sette fart i utvandringa til Amerika.

POTETDYRNING OG KOPPEVAKSINASJON

Vi ser at folketalet for Hjartdal var størst i 1855. Det er grunn til å spørje kvifor folketalet hadde ein slik topp på midten av 1800-talet. På 16- og 1700-talet var folketilveksten liten. På midten av

1800-talet veks folketalet, først og fremst fordi levealderen aukar. Og kvifor det?

Lenge trudde ein at tilgangen på mat blei betre på 1800-talet enn den hadde vore hundreåret før. Men når ein veit at folk måtte livnære seg av den same jorda i 1750 som i 1850, og at dei stort sett hadde den same teknikken, er det ikkje rimeleg at dei i 1850 kunne brødfø dobbelt så mange som i 1750.

Den låge levealderen i 1750 er difor ikkje ei følge av dårleg mattilgang, men heller av dei mange sjukdommane som herja. At levealderen går opp er altså eit resultat av at desse sjukdomane herja mindre enn før. Grunnane til det veit vi lite om. Men også idag veit vi at mange sjukdomar oppstår og går attende utan at ein direkte kan påvise årsaka. Vi fekk koppevaksina på 1800-talet, betre opplysning om hygiene, og dessutan blei poteta dyrka meir. Dette har blitt sett på som årsaker til at folketalet auka.

Vaksinasjon mot kopper blei innført i 1801, i 1810 blei det påbode med vaksinasjon. I kyrkjebøkene frå 1814 kom det med ein ny rubrikk der vaksinasjonen blei innført. Det var ofte prestane som blei føregangsmenn på dette området. I Heddal byrja til dømes presten Johannes Crøger med koppevaksinasjon så tidleg som i 1803. Kukoppene, som borna blei innpoda med, likna på menneskekoppene. Innpodinga av desse gjorde at boma fekk ei lettare form og overlevde. Omkring 1850 var 82 prosent av alle borna vaksinera.

Når poteta første gong blei dyrka i Hjartdal, veit ein ikkje, men poteta var kjent her i fylket i andre halvparten av 1700-talet. I 1786 får Ole Torkelsen Gutehus i Hjartdal fjerde premie frå det kongelige danske Landhusholdningsselskap for å ha dyrka 12 tønner poteter. Kanskje var bonden på Gutehus pioner på dette området? Vi kan i alle høve rekne med at poteta hadde fått innpass i kosthaldet hos hjartdølane ved byrjinga av 1800-talet.

UTVANDRING NÅR UÅR RAMMA BYGDENE

Folk må ha hatt mange motførestillingar til utvandring. I 1840-

50 ára var også representantar for øvrigheta sterke talsmenn for å få folk til ikkje å reise til Amerika. Presten Magnus Brostrup Laudstad i SeUord var ein av dei. Han skreiv eit langt dikt der han rådde folk frå å reise til Amerika (utdrag her):

Til vore Landsmænd, som utvandre til Nordamerika

De dybe Dale og bratte Fjeld
med Eng og Ager og Kildevæld
er Norges Herlighed nu som før,
men blandt dets Sønner seg burde skamme
de visne Blad paa den gamle Stamme,
Naturen trodse ei længer tør,
de ønske sig kun en gunstig Bør.
Da andre Guder man lærte dyrke,
da smeltet Malmen og Marvens Styrke,
blev Haanden lammet og Panden ør.

En ægte Normand har evig kjær
de Bjørkelier og Jøklens Brær
og hytter dem ei for noget bort;
en ægte Søn af de stærke Fædre,
han finder ingensteds noget Bedre,
et mere Gribende, mere Stort
har ikke Gud i Naturen gjort.
Men naar ei Ilden i øiet flammer,
naar Dybet mudres i Hjertets Kammer,
du ser ei andet enn Lavt og Sort.

Ja Aand i øiet og Mod i Barm,
Guds Fred i Hjerte og Kraft i Arm,
en nøisom Sjæl, til sin Gjerning varm -
kun saa kan Normænd i Norge trives.
Af dette Savn mon ei Skaren drives,
som strømmer ned ifra Vestfj~jorddal
for ud at seile med Hai og Hval,
med Fantasiemes Bylt begavet,
at søge Bolig hinsides Havet,
hvor lykken billigere er fal?

Den vanskelege kvardagen har likevel tald meir. Amerika blei mål for stadig fleire. Og distrikta blei letta for eit tyngande overbefolkingsproblem.

I dei første åra var ikkje utvandringa noko problem for bygdene, heller ikkje for Hjartdal, for som ein ser, så auka folketalet i Hjartdal, trass i den betydelege utvandringa. Men seinare blei utvandringa eit aukande problem. Folketalet gjekk ned, jordbruket mista billig arbeidskraft, dei vaksne borna blei ikkje lenger i den grad heime på garden og hjelpte til. Jordbruket måtte leggest om, fedrifta måtte mellom anna reduserast.

Historikarane diskuterer om det var endringane i jordbruket som gjorde grupper av menneske overflødige og dermed tvang dei til Amerika, eller om det var utvandringa som tvang jordbruket til å endre seg.

Heilt klart har våre spela ei sentral rolle for utvandringa. Når våre rammar bygdene, reiser fleire. Vore i slutten av 1830-åra kravde mange offer. Likevel, dødstala oversteig aldri fødselstala i nokre av våre etter 1809.

11837,38 og 39 måtte det innførast store mengder kom til bygdene. Dei fattigaste fekk Tide, for dei hadde ikkje pengar til å handle kom. Vi ser da også at den første flokken frå Hjartdal reiser i 1839. Åra 1859, 60 og 68 var også vår i øst-Telemark. Det er eit topp-år for utvandring i øvre Telemark fogderi i 1861.

Frå Hjartdal reiser 68 personar i 1862. Denne sommaren hadde det vore ustanseleg regnvær som hadde øydelagt avlingane.

Folketalet i Hjartdal (med Gransherad):

1801-2019

1855-2970, ei auke på 951, trass i utvandring

1865-2862 (Gransherad er ikkje med i denne folketellinga, heller ikkje i dei seinare folketellingane.)

1875-2732

1900-2277

I 1839 reiste 49 personar, inklusive nokre frå Gransherad.

I 1840 reiste berre sju. I 1847 reiste meir enn 150 personar. Det var heilt klart ei følge av uåret i 1846. Avisa "Correspondenten" melde 24.2.1847 at komprisane hadde dobla seg i løpet av det siste halvåret. Den 5.mai gjekk briggen "Axel og Valborg" frå Skien til Le Havre med 120 Amerikafararar ombord. Alle skulle til Wisconsin. Fleire av desse var sikkert hjartdølar.

1862, 68 reiser

1865, 15 reiser

1866, 61 reiser

1869, 55 reiser

1872, 51 reiser

1879, ca 50 reiser

(Sjå elles utvandringslistene bak i boka.)

3 Oppbrotet og reisa over

Før utvandarane kom så langt som ombord i skuta som frakta dei over "Blåmyra", hadde dei hatt mykje å ordne.

Dei som hadde gardar, måtte selje garden og det som hørde til av buskap og reidskap. Som regel blei alt sett på auksjon, ofte til prisar som låg langt under verdien.

I seglskipstida, heldt dei seg sjølve med mat og sengeklede. Reisa varte to til tre månader, dei trong difor mykje mat, og maten måtte halde seg.

Ole Rynning, ein av dei første utvandarane, rådde til at folk tok med seg salta kjøt, tørrflsk, smør, ost, mjølk, øl, erter og gryn. Store mengder flatbrød var vanleg, og det baka dei gjerne i utskipingshavnene. Ole Rynning meinte det var lurt å ta med seg bakstehelle, rokk, ei handkvem, og ein handverkar burde ha med seg verktøyet sitt. Mykje av dette reisegodset kan ein i dag sjå ved

musea i Midt-Vesten.

Ein mann som reiste oppover Telemark våren 1849 fortel at heile dagen frå han starta frå Porsgrunn, der det låg eit emigrantskip, møtte han det eme følget etter det andre. Heile dagen drog båtladningar med Amerikafararar over Norsjø.

Båtene for avsted for en frisk nordenvind, med et par vakre bjerkebusker til seil i stavnen.

Turen over Heddalsvatnet og Norsjø kunne nok vere ein slitsam del av reisa. Å ro dei tunglasta prammene nedover dei milelange vatna under ugunstige vindtilhøve var hardt. Turen til Skien varte gjerne ein to-tre dagar. Ofte var det faste roarar som tok seg av dette, men når det kom mange emigrantfølge, måtte fleire padle seg sjølv nedover vassdraget. Langs ruta var det gjestgiveri der dei reisande kvilde, åt og overnatta, og kanskje av og til venta på betre vér. Nokon blei av og til liggande verfast, til dømes på øya Munken i Norsjø. Da dampskipsfarten blei sett i gang på Norsjø i 1852, på Heddalsvatnet same året og på Tinnsjøen i 1864, førte det til ei stor letting av den første reise-etappa.

"DET LUKTER DØLAFIS I BYEN"

Det var særleg i april og mai utvandrarane sette sitt preg på utskipingsbyane, som til dømes Drammen og Skien. - "Det var kommet døler til byen", sa byfolk. "Det luktet rakørret, gammelost og lefse og dølafis over hele byen," fortel ei kilde.

Etterkvart som utvandringa skaut fart, kom byane Kragerø, Porsgrunn og Langesund også med i emigrantfarten her i Telemark.

Men norske reiarar hadde konkurranse i emigrautfarten dei første åra. Mange reiste over ei anna europeisk havn, som til dømes Gøteborg, Hamburg eller Le Havre i Frankrike. Særleg var det mange av telemarkingane som reiste via denne franske byen. Det var billigare enn den direkte lina til New York. Frå Le Havre reiste dei da vidare med utanlandske skip, og her blei dei nok ofte dårleg tatt hand om. Dei kunne ikkje gjere seg forstått, og ikke for-

stod dei kva som blei fortald dei. Utvandrarane kunne også risikere å bli liggande i Le Havre og vente på skipsleilighet, og eit opphald der på 8-14 dagar vog nok opp det dei hadde spart i billettpris.

BÅTEN VAR SOM EIT FJELL

Sjølve oppbrotet arta seg sjølsagt ulikt, og det var nok sjeldan såpass romantisk og dramatisk som Erna Oleson Xan fortel i boka "Wisconsin, my home," men skildringa gir likevel eit bilete av korleis det kunne ha vore:

Da dei hørde at borgarkrigen var over i Amerika, pakka dei sakene sine. Det var våren 1866.1 bagasjen var alle kleda, ullteppa, garnet, arvestykke, sølv og talrike ting til hushaldet i dei mange heimelaga askane og kistene. Ei stor kiste, som vi framleis har i familien er så tung at to menn så vidt greier å lyfie henne når ho er tom. Borna var elleville og sprang til og frå, lette på foten, med ullteppe og klede som skulle vere med i desse kistene. Tenk å få reise med eit kjempestort seglskip til Amerika. Etter at dei hadde gått til ro for natta, låg jentene med armane rundt kvarandre i mørkret og kviskra om alt det fine dei skulle få sjå, kjekke menn dei kom til å møte og gifte seg med. Gutane snakka berre om dei store gardane dei skulle eige, fire gonger så store som gardane i Noreg. Men far, som nå var over 50, sukka tungt når han såg seg rundt på velkjende og kjære stader for siste gong. Tårene til mor rann nedover dei trauste kinna dag og natt. Det var ikkje som for dei fattige som hadde alt å vinne og ingenting å tape i det nye landet. Desse var rike og lukkelege i Noreg, så kvifor skulle dei reise?

I ei av kistene la mor mjøl og andre råstoff, tørka kjøt, salt fisk og salta og tørka kjøt. John, bror min, hugsar det var tørka geite- og sauebogar. Over rommet i botn av kista var det ei hylle, og på denne var det smør, ost, flatbrød og anna. Det vart sagt at i april på nord-Atlantern ville ingenting bli øydelagt.

Alle var blitt utstyrt med nye klede til reisa. Veslebror John var ikkje fylt seks år på den tid. Dressen hans var av svart ullstoff, og han hadde sølvknappar på bukse og frakk. Lua var han ekstra glad og stolt for. Ho var av brunt ullstoff og hadde blank skjerm, - ei kjø-

pelue.

Det var i april månad 1866 at dagen kom. Dei lesste i vognene, og så sette far, mor og alle borna seg øvst på seta. Nokre granner reiste med dei så langt som til Skien. Dei skulle ta hestane og vognene attende med vare lass. I Skien gjekk dei ombord i ein liten kystseglbåt som gjekk til Kristiania, der havseglbåten venta.

Seglskipet "Laurdal", som var ankra opp i havna i Kristiania, var større enn noko hus eller noka kyrkje familien hadde sett. Båten var som eit fjell.

Snart kom ei vinddrag og fylde segla, og båten byrja å sige frå land. Det landet som ingen av dei skulle sjå att. Det var ei stormfull sjøreise desse vekene på sjøen. Mor gløynde aldri redsla for sjøen.

SJØSJUKEN HERJA

Emigrantane fekk vanlegvis plass på mellomdekket. Her var det slått opp så mange køyer som det var plass til. Arbeidet var gjort så billig og lettvinnt som råd var, heile emigrantutstyret skulle nemleg rivast ned att når skuta kom over til Amerika og skulle ta inn ny last.

Køyene var som regel store familiekøyer med plass til fire-fem personar. Dei blei fylde med halm, utvandrarane hadde sjølv med seg teppe eller fellar til overbreidsle.

Ein Stavanger-journalist har gitt denne skildringa ombord i eit emigrantskip i 1866:

Ved nedgangen til mellomdekket blev jeg møtt av en kvalm, illeluktende luft, krydret med en sterk lukt fra pølser og spekelår, som var hengt op i knipper rundt om på skoddene.

Her nede treffer man også på de aller yngste emigranter, barn på 7 uker og opover, man ser mødre der i flegmatisk ugenerthed gir sine barn die, mens de 2-3 -års gamle rollinger tumler sig omkring dem med skråll og skrik.

Synet av deres sengesteder gjorde et meget dårlig inntrykk. At der i denne samling fantes en overflod av den slags smådyr der er meget lettvinde i deres bevegelser, kunde man snart få fornemmelse av.

Få av utvandrarane hadde vore på sjøen før, og sjøsjuken tok fort til å herje. Lufta nede på mellomdekket blei snart tett og usunn, og i storm og sjøgang måtte lukene dekkast til. Mang ein utvandrar angra nok på at han hadde tatt avskil med laudjorda og lagt ut på ei slik reise.

Ofte braut det ut epidemiar på emigrantskipa, og det gjekk alltid verst utover barn og gamle. På skipet "Viktoria" døydde 28 barn av meslingar i 1868.

Trass i at overfartstida gjekk ned i løpet av 1 850-åra, døydde stadig fleire under Atlanterhavsferda. Særleg store var tala i åra utvandringa skaut fart, og etterspumaden etter skipsrom var stor.

Eit av ulykkesskipa var "Amelia" av Porsgrunn, som tok 280 passasjerar. Her braut det ut ein epidemisk sjukdom som blei kalla skipsfeber, truleg var det både tyfus og meslingar som herja ombord. 49 døydde undervegs, og da skipet kom til karantenestasjonen ved Quebec, måtte 170 leggest inn på hospitalet. Av desse døydde 30. Ein av passasjerane fortel at dei slo saman kasser og la lika anføtes ned i dei, for dei hadde for lite bord til å lage kister til kvar einskild. Det var verken prest eller doktor med, ein av utvandrarane var begge delar.

FRÅ SEGLSKIP TIL DAMPSKIP

I 1863 blei lova om passasjerfart til oversjølske land vedtatt i Stortinget, og tilhøva blei etterkvart betre.

Men seglskipas tid var nå snart omme, emigrantfarten frå havnene i Telemark tar slutt i 1873. Heretter blei Kristiania den store utskipingshavna for dei som reiste til Amerika.

Fram til 1850 landa nesten alle dei norske utvandrarane i New York. Derifrå drog dei som regel i dampbåt oppover Hudsonelva til Albany. Frå Albany til Buffalo følgde dei Eriekanalen. Dei gjekk ombord i kanalbåter som blei dregne av hestar, muldyr eller oksar. Det gjekk langsomt, reisa gjennom kanalen tok opptil tre veker. Frå Buffalo blei dei så frakta med dampskip att over dei store sjøane til Chicago eller Milwaukee. Frå desse to sentrale byane spreidde så utvandrarane seg til dei ymse settlementa.

Etter tre-fire månaders slitsam reise stod da utvandrarane endelig i eit settlement, kanskje i Koshkonong eller i Muskego. Arbeidet som skulle gje han rikare løn enn det han hadde fått i Noreg, skulle byrje.

Reisa over hadde fått mange til å angre. Livet som nå tok til fekk del fleste til å erfare at "Amerikas herlighed" ikkje var gratis.

Reisa over med dampskip blei heller ingen lystseilas. Dårleg plass og slett hygiene var det her også. Likevel, den typiske emigrant rundt århundreskiftet reiste både raskare, billigare og meir komfortabelt enn det emigrantane hadde gjort eit halvt hundreår før dei.

4 Utvandringa frå Hjartdal i 1839

46 hjartdølar førebudde seg på å reise til Amerika våren 1839. Frå kyrkjehoka har vi namn, stand og fødselsår (sjå liste etter dette kapitlet). Kjelder i Amerika kan gje oss nokre få opplysningar om kva for lagnad som møtte ein del av dei i det nye landet. Men mesteparten av soga om pionérane, dei som blei dei første av nærmare 2000 emigrantar frå Hjartdal, er uskriven. Her er berre nokre få lause trådar prøvd vove saman.

Lat oss først nemne tuddølen Ole Johnsen Hovde, fødd i 1808. Han skal ha reist til Amerika i 1838, og er truleg den aller første som har emigrert frå Hjartdal til Amerika.

Det var i alt ni familiar som ville reise i 1839. To av familiane som registrerte seg hos presten kom likevel ikkje til å reise. Det var familiane Hvaale og Train. Det har presten seinare ført opp i kyrkjeboka.

Vi veit ikkje sikkert om desse 32 hjartdølane reiste i eit følge i 1839. Men det var lettare å vere fleire saman når ein skulle ut på ei slik lang reise, og det var difor vanleg at folk slo seg saman. Desse hjartdølane har fått utreiseattest frå presten Finckenhagen til ulike tider utover våren, men dei står oppførde etter kvarandre i kyrkjeboka. Kanskje det tyder på at dei har vore saman om å planlegge reisa.

Hjartdølane har truleg førebudd reisa på vårparten, i juni månad stod dei kanskje reiseklare.

Om vi nå reknar med at desse 32 reiste i ein flokk, så har dei ganske sikkert reist til fots frå Hjartdal og til Tangenbrygga i Heddal. Mat- og kleskistene har dei truleg ført med seg med kløvhestar. Frå Tangenbrygga har dei reist i pramar til Skien. Her har dei deretter gått ombord i seglskip som først har frakta dei til Gøteborg eller Le Havre i Frankrike og så til New York eller Boston. Dei første utvandarane busette seg for det meste i Muskego i Wisconsin. Det er sannsynleg at dei som overlevde reisa over Atlanteren og reisa vidare, busette seg her, men flytte til andre stader etterkvart.

Men nå litt om kven dei var desse pionérane frå Hjartdal som våga å legge ut på ei reise mot eit land knapt nokon hadde høyrte om så tidleg som i 1839.

EIT FØLGE AV FAMILAR

Det var ni familiar med nokså små barn, tre til fire i kvar familie. Dei vaksne var i 30-40-åra, og det var berre ein ungkar med i følget, 26-årige Søren Olsen Midtbø. Den eldste i følget var husmann Halvor Johnsen Lia som var 58 år gamal. To av borna i følget var ikkje meire enn eit år gamle. Seks av familane var husmenn, dei øvrige var folk frå gardar, bortsett frå Hans Hansen Dalen som var

innerst, det vil seie ein person som leigde seg inn på gardar og gjorde tilfeldig arbeid.

Det er ikkje sikkert desse andre har ått gardar. Dei kan ha budd på garden, kanskje foreldre eller søsken dreiv garden. Nokon kan også ha vore gardeigarar og selt garden for å skaffe pengar til Amerikaferda.

Desse 32 er på fleire vis typiske for dei første utvandrarane. Følget består av familiar, som dei første utvandrarane vanlegvis var. Dei var ikkje av dei aller fattigaste. Dei som skulle reise måtte skaffe pengar til billetten, og det makta ikkje dei som stod aller lågast på rangstigen.

HALVOR HØGKASIN FEKK PRESTEATTEST FØRST

Kanskje har Halvor, sonen til snikkaren, kyrkjebyggaren og husmannen Halvor Olsen Høgkasin, vore den første som kom på å emigrere. Kanskje han fekk dei andre sambygdingane med seg. Han har iallefall vore den første som har møtt opp hjå presten og fått attest for seg og kona og dei tre barna. Halvor var yngst i ein søskenfiokk på seks, kan ein lese i folketeljinga for 1801.

Han hadde eldre søsken som stod føre han til å overta garden. Likevel finn vi han som gaardmand på Høgkasin i 1839.

Situasjonen for dei som åtte gardar eller hadde odel til gardar var ikkje alltid ljøs. Fleire i følget frå Hjartdal kan ha vore i same situasjon som John Nelson Lurås frå Tinn, som også utvandra i 1839. Han skriv:

"Jeg var min Faders ældste Søn og som saadan arveberettiget til Luraas. Gaarden regne-des blandt de bedste i Bygden, men den var behæftet med 1400 Dollars Gjæld. Lige til mit 25de Aar havde jeg arbeidet hjemme og saaledes ei havt Anledning til at opspare Pen ge. Det var øiensynligt, at jeg vilde berede mig en kummetj'uld Fremtid, ved at overtage Gaarden med paahvilende Gjæld, utløse mine Søskende saaledes, at de ei bleveforurettede og endelig avstaae Føderåd til min Fader.. Jeg saa med Skræk, at den ene Gaard

etter den anden faldt i Hænderne paa Lensmanden og andre Pen geudlaanere.. Da faldt det mig md, at det vilde være bedst for mig at udvandre til Amerika."

For ein del var nok omsynet til kva for framtid dei kunne by bar-na sine også medverkande. Anne Johnsdotter Emung, som hadde åtte bam, sa før reisa frå Tinn til Amerika i 1842: "E reise ikkje for min eigin part, men fe bone."

SPOR I AMERIKA

Norsk-amerikanaren Gerhard B.Naeset har forska på den første utvandringa frå Telemark, og ved hjelp av hans arbeid, blant anna ved å sjå i passasjerlister, dukkar nokre av desse hjartdølane opp.

Innerst Hans Hansen Dalen og kona Ragnhild veit vi såleis noko om. I 1848, altså ni år etter at dei kom fram til Amerika flytter familien til Clayton i Wisconsin, kvarifrå veit vi ikkje. Her arbeidde Hans som bonde. Han døydde i 1870. Ragnhild døydde i 1856 og blei 51 år gamal. Ekteparet er gravlagt i Grace Lutheran Cemetry, Winchester. På denne kyrkjegarden ligg også fleire av borna til Hans og Ragnhild.

Da Hans og Ragnhild reiste frå Hjartdal i 1839 var dei eit ektepar fyrst i 30-åra, og dei hadde med seg den åtte år gamle sonen Hans og dottera Anne, to år gamal.

I Amerika har ekteparet fått fleire bom, nokre av dei er gravlagde i Winchester. Det er Ole, som blei fødd i 1840 og som døydde i 1856, John som blei fødd i 1842, Bergit fødd i 1845, Søren fødd i 1847 og Gullik, fødd 1850. Ved alle desse årstala er det sett spørje-teikn, vi veit heller ikkje kor gamle dei blei.

Frå 1812 blei kyrkjebøkene førte etter trykte skjema som var delte inn i sju bolkar.

Ein av dei var "Hvorhen bortreist". Folk som flutte frå eit sokn var pålagt å få attest frå presten, denne skulle dei vise fram til presten på staden dei flutte til. Folk har nok reist utan å ha vore

hos presten, men det vart sagt at prestane på 1800-talet var nidkjære i embetet, dessutan var folketilhøva så oversiktlege at nok det meste blei ført inn i kyrkjeboka. Frå 1860 var det ikkje lenger nødvendig å ha presteattest for å utvandre. Likevel har mange av dei som reiste etter 1860 blitt registrerte i kyrkjebøkene. Vi kan likevel frå 1860-åra ikkje i den grad stole på kyrkjebøkene som kjelde til utvandring.

Sonen Hans, som var gutunge da han reiste med foreldra til Amerika, levde mange år i det nye landet. Han arbeidde som bonde og var med i borgarkrigen. I 1854 gifta han seg med Gunhild.

Etternamnet hennar er ukjend. Dei hadde borna Hans, fødd 1854, Halvor, fødd 1857 og Ragnhild, fødd 1858. Hans døydd i 1899, kona hans Gunhild i 1896, og dei er baa to gravlagde i Winchester, som foreldra og søskena til Hans.

Ole Olsen Tho emigrerte til Manchester Tp. Boone Co., Illinois. Johannes Torkildsen Flatland, som budde på garden Bergsland i Hjartdal da han reiste og difor bruka dette namnet, emigrerte til Ariana Tp., Grundy Co. Illinois. Johannes døydd etter alt å dømme så tidleg som i 1840, altså like etter at han kom til Amerika. Johannes og kona Gunlaug tok med seg fire bom til USA. Det kan sjå ut til at dottera Margit seinare tok namnet Mrs. Don Mettler.

Familien Flatland, eller Bergsland, kom til New York frå Gøteborg den 4. september med båten "George".

Fleire av hjartdølane i dette følget har truleg vore med denne båten. Det kan og passe med tida. Dei fekk presteattest på våren og har kome seg avgarde i løpet av sommaren. Reisa med seglskip tok gjerne to-tre månader.

Søren Olsen Midtbø, som vi kjenner som den emaste ungkaren i følget, emigrerte til Clayton Tp., Winnebago Co. Wisconsin. Han gifta seg i 1850 med ei som heitte Anne og var i frå Hjartdal.

Paul Hansen Dalen og familien kom med skipet "Venice" den 31. juli til Boston frå Gøteborg.

Familien reiste først til Michigan, Ein gong før 1850 kom dei til Clayton Tp. Winnebago i Wisconsin. Paul og kona Aslaug fekk seks barn, fire hadde vore med på reisa frå Hjørtedal. I Amerika blei sonen Johan fødd i 1843, truleg også ein annan som vi ikkje veit namnet på.

Halvor Johnsen Lia, kona Aslaug og borna Jon og Ole skal ha kome med båten "Clarissa Andrews" frå Gjøteborg til Boston den 20. juli. Viss dette er rett, må desse to familiane ha kome seg avgarde med ein båt tidlegare enn dei andre.

Etter dette vesle oversynet, sitt ein att med ei mengd spørsmål:

Kva var det som fekk dei til å reise ? Kva for lagnad møtte dei i Amerika? Blei det betre enn om dei hadde blitt verande i Hjørtedal ? Heldt dei kontakten med Hjørtedal vedlike?

Meir forskning vil kunne gje oss svara på nokre av spørsmåla. Førebels kan vi slå fast at Søren Olsen Midtbø, Anne Anundsdatter Tho, Hans Olsen Aslaugberg og dei andre vaksne i følget var menneske med mot og visjonar. Dei trassa alle dei sterke kreftene som ville halde dei attende, og la ut på ei reise til eit land nesten ingen visste noko om i 1830-åra.

Slik sett er dei pionéranne i Hjørtedals emigrasjonssoge.

UTVANDRINGA 1839

	Fødd	Reist
Halvor Halvorsen Høgkasin, gaardmand med:	1798	1839
Anne Olsdatter	1811	
Halvor	1830	
Gunlek	1832	
Ole	1836	

Halvor Johnsen Lia, husmand med:	1781	1839
Aslaug Olsdatter	1798	
John	1827	

Ole 1829

Johannes Torkildsen Fladland, gaardbruker med: 1809 1839

Gunlaug Gunleksdatter 1811

Torkild 1821

Anne 1833

Aslaug 1835

Margit 1836

Paul Hansen Dalen, husmand med: 1790 1839

Aslaug Christiansdatter 1801

Anne 1824

Ragnhild 1826

Bergit 1829

Aslaug 1838

Søren Olsen Midbø, løskarl 1813 1839

Hans Hansen Dalen, inderst med: 1805 1839

Ragnhild Gunleksdatter 1805

Hans 1834

Anne 1837

Hans Olsen Aslaugberg, husmand med: 1806 1839

Gunhild Gunleksdatter 1809

Aslaug 1834

Ole 1837

Svend Sørensen Hvaale, husmand med: 1789 1839

Kan Halvorsdatter

Halvor 1823

Ole 1827

Lars 1830

Anne 1834

Ole Olsen Tho, husmand med: 1803 1839

Anne Anundsdatter 1810

Anne 1835

Torgon 1838

Torkild Larsen Train, husmand med: 1792 1839
Ragnhild Olsdatter 1799
Aslaug 1827
John 1829
Hans 1831
Halvor 1836

Svend Sørensen Hvaale og Torkild Larsen Train har fått attester for seg sjølv og familiar, tilsaman 12 personar, men kom ikkje til å reise.

Frå Tuddal:
Ole Johnsen Hovde 1808 1838

Gransherad:
Halvor Christiansen Jore, østre med: 1799 1839
Ragnhild Kittilsdatter Bøen 1802
Christian 1827
Thone 1831

Gjertrud Samuelsdatter Lisland 1815

5 Muskego, eit viktig settlement

Av nær på ein million nordmenn som utvandra til USA og Canada, hadde det fram til våren 1839 utvandra berre nokre få hundre før dei første hjartdølane drog. Dette må gje oss rett til å rekne desse første som pionérane blant pionérane i norsk utvandring. Her må vi sjølv sagt likevel sjå opp til grannebygdingane våre nord for Gausta. Tinndølane var to år tidlegare ute, og dermed blei det dei som fekk namna sine i Norgeshistoria. Men la oss nå gå ut frå at samkvemmet mellom hjartdalsbygdene og tinnbygdene var ganske stort i den tida, og at tilhøva var nokså like for vanlege folk i Hjordal og Tinn. La oss da spørje: Korleis kunne desse små bygdene, langt frå skip og sjø, og med små tradisjonar i å komme seg ut og fram i verda, fostre så mange av dei aller første Amerikafarara-

ne?

Eit av svara er at bygdene på ein måte låg nokså sentralt likevel, nemleg i høve til Nordmannsslepa. Dette var ferdselsvegen over Hardangervidda for handelsmenn mellom Austlandet og Vestlandet, altså tidlegare tiders svar både på E-134 og riksveg 7 over Hardangervidda.

INSPIRASJON FRÅ ROGALAND VIA NUMEDAL

Utgangspunktet for slepa var Veggli i Numedal, og herifrå kom del to brørne Ole og Anstein Nattestad og Knut Halvorsen Fløsa. Desse hadde vore på Vestlandet og prøvd seg på handel, truleg utan den heilt store suksessen. Derimot hadde dei opplevd å høyre om Amerikautvandringa som nokre få år tidlegare hadde starta der borte. Dei hadde mellom anna fått lese brev frå amerikafararar. Dermed hadde interessa for den nye verda blitt vekt.

H.H.Einung skriv i Tinnsoga I s.482:

...Desse (vestlendingane) skrepte uhorveleg taa landet,og numedølane blei forvitne og grov og spurde,og da dei fekk greide paa at det alt neste aar skulde fara ein Amerika-baat fraa Stavanger, for dei heim for aa bu seg til reis... Desse tri karane kom på ski over fjellet fraa Numedal og til Luraas-Rue i Austbygdi. Som rimeleg blei dei mykje atgaadde, folk spaadde del ilde og sa at dei kunde likso godt hengje seg upp i eit tre, "saa slapp de en værre skjæbne."Men folket i Rue tenkte ikkje so. Dei bad numedølane skrive naar dei hadde fenge seg bustad der burte. Dei so gjorde og rosa umaateleg landet og tilhøvi. Dette gav støyten til, at dei fyrste tinndølar budde seg til reis vaaren 1837.

Dette er den ytre grunnen til det første utvandrarfølgjet frå øvre Telemark. Sjølv sagt er det mange underliggande tilhøve som ein historikar kunne ta for seg. At desse tinndølane var særleg disponert for eit oppbrot, er heilt klart. Ei grundig analyse av dette kan lesast i boka "Tinns emigrasjons-historie" av Andres A.Svalestuen (Universitetsforlaget 1972). Mange av opplysningane i den boka kan også gjelde for Hjartdal.

RUE-FØLGET I 1837 OG LURAAS-FØLGET 11839

Svalestuen skriv om avreisa til Rue-følget, det aller første frå Tinn:

...En vårdag i 1837, - nærmere bestemt den 17. mai, hadde en større menneskemengde samlet seg på Sandvinlandet ved Tinnsjø i Atrå hovedsogn i Tinn. Rosemalte kister, nistebommer; klesbylter og mye annet utstyr var lastet omhord i en flåte av føringsprammer. Noe usedvanlig var på ferde. Både prest og lensmann hadde møtt opp. Det var noe definitivt i de alvorsfylte avskjedshilsener. Prost Schive talte formanende ord. Tradisjonen forteller at han også lot falle kritiske ord. Snart satte de fullastede prammene seg i hevegelse sørover den tre og en halv mil lange Tinnsjø. Det var første etappe på en lang og besværlig reise over land og osean til den nye verden. Denne fortroppen av emigranter slo seg ned i Fox River settlementet i Illinois...

Rue-følget i 1837 var viktigaste grunnen til at det drog ut enda eit følge frå Tinn i 1839. Brevå frå folk i Rue-følget var truleg grunnen til at Knut N.Luraas reiste to år seinare saman med mykje av slekta si og ein del andre.

Samme året er det at det første store følget med Hjarthølar reiser.

KVIFOR MUSKEGO OG IKKJE FOX-RIVER?

Dersom ein søker kunnskap om utvandringa frå øvre Telemark rundt 1840, så vil ein i mest all litteratur kome til staden med det indianske namnet Muskego. Vi kan vere ganske sikre på at mange av dei første hjarthølane som utvandra, slo seg ned der, i alle fall for ei stund. Om det er vanskeleg å spore opp detaljar om livet til desse hjarthølane, så kan vi pga. litteratur om Muskego i alle fall finne ut ein god del om kva som møtte dei i det nye landet, etter månader med reising over hav, land, kanalar og store innsjøar.

Målet for reisa var den vesle handelsstaden Chicago (også eit

indiansk stadnamn), lengst sør ved Michigansjøen. I nærleiken hadde dei første tinndølane busett seg ved ei elv som heitte Fox-River. Av ein eller annan grunn kom Luraas-følget og i alle fall ein del av hjartdølane til å stoppe litt lenger nord, der det heitte Milwaukee. I Tinnsoga står det slik s.484:

Kjøpmennene i Milwaukee skyna at desse sterke nykommarane kunne dyrke opp landet kring byen, og talde dei til å slå seg ned der; Soleis kom ein deil tinndølar til å taka bustad ved Lake Muskego, 5 mil sud for Milwaukee...

Det finst også ei utbrodering av historia der det blir fortalt at mennene i "byen" viste nykommarane to menn: Den eine såg sjuk og svært mager ut, og den andre var heller kraftig og velfødd. Så sa dei at den første hadde budd ei stund i Fox River i Illinois, der telemarkingane eigentleg hadde tenkt seg. Den andre, sa dei, han budde i Wisconsin.

Denne siste versjonen er kanskje meir morosam enn sann, men han fortel oss at nykommarar bare måtte vurdere dei råda som var å få og håpe på å velge og stole på dei rette. Mange blei lurt. Desse utvandrarane hadde ikkje så stort valg, og dei drog dermed til Muskegosjøen, to-tre norske mil frå Milwaukee og Michigansjøen i Wisconsin.

(Chicago i dag kjenner vi som ein av verdas største og mest moderne byar med omlag ni millionar innbyggjarar. Byen ligg i staten Illinois, sør for Wisconsin. Milwaukee er største byen i Wisconsin med over ein million, og mest kjent for bryggeria sine. Muskego er nærmast ein forstad til Milwaukee, men er registrert som eigen by.)

Wind Lake...

HJARTDØLAR VAR MED OG GRUNNLA MUSKEGO

Kva var så dette for slags stad, og kva blei det etterkvart av denne nye norske bygda?

I tillegg til boka av Svalestuen kan vi finne ut mykje ved å lese frå tidsskriftet Billed-Magazin. Mellom 1868 og 1870 skreiv redaktøren Svein Nilsson ein del artiklar om den tidlegaste utvandringa. Desse er utgjevne i bokform på engelsk i seinare tid, under tittelen "A Chronicler of Immigrant Life." Ei anna verdfull bok blei gjeven ut i samband med 100-års-jubileet til det organiserte kyrkjelivet i Muskego i 1943-44. Forfattaren er presten N.N.Rønning, opphavsleg i frå Bø, og i boka hans, "The Saga of old Muskego". finn vi mykje av det som denne artikkelen tek for seg. Boka er først og fremst eit festskrift til kyrkja og kyrkjelivets betydning for heile den kulturelle vokster i dette samfunnet, men også lokalhistoria i boka er svært viktig. La oss først referere litt av innleiinga til N.N.Rønning:

...Dette er det tredje eller fjerde av dei eldste store norske bygdekoloniane som blei etablerte i dette landet: Fox River i 1834, Jefferson Prairie i 1838, Muskego i 1839, Koshkonong i 1840. Muskego blei oppretta av nokre uvanleg intelligente, progressive patriotiske og fromme menneske, og blei ein av dei viktigaste mellomstasjonane for dei immigrantane som sidan drog lenger vestover på leiting etter nye heimar.

Det var også her at den organiserte kyrkja først fekk si mest klare og framtidsretta form. Her blei det bygd eit kyrkjebygg bare til gudstenestebuk for første gong i Amerika. Og her kom den første norske avisa ut. Frå Muskego var det også at oberst Hans Heg drog ut for å ofre livet i borgarkrigen for at nasjonen skulle leve vidare...

Vi får også vite at det for det meste var haugianarar som bygde opp dette samfunnet, og visse konfliktar blei det nok når det skulle organiserast ei offisiell kyrkje. I denne boka (og i Billed-Magazin) får vi vite at det var hjartdølar mellom desse grunnleggarane av Muskego. Rønning har ikkje noko komplett liste over det første følget som slo seg ned der, men han har desse namna:

John Nelson Luraas
Knud O.Luraas
Halvor O.Luraas
Torger O.Luraas

Halvor T.Lønflok
Halvor Nelson Lohner
Helge Mathiason
Ole H. Kroken
O. Møllerflaten
O.Kjønaas
Nils J.Kaasa
Nils, Ole og John Tollefsrud <
Gitle Danielsen
H.Jallarviken
P.Rosøina
John E.Molee
Torger Østenson
Østen Olsen
Knud Johnson
Ole Halvorsen
Halvor Østensen
Johan Halvorson
Andreas Ambrosius

Dette er altså lista over mennene, dei fleste var visstnok gifte. Hovudparten var tinndølar og i slekt med Luraas, og nokre var rogalendingar som slutta seg til gruppa i Gøteborg. Han som er mest interessant for oss er Halvor Nelson Lohner (Lonar). Lonarnamnet er frå Sauland. (Dengong høyrde Lonargrenda rett nok med til Hjartdal). Ut frå mangelfulle opplysningar, er det vanskeleg å seie kven av dei andre som er hjartdølar Det er sagt at heile fire av familiane skulle kome frå Hjartdal, men det er vanskeleg å sjå av dei ufullstendige namna. Nils J. Kaasa skulle visstnok vere frå Heddal, medan Kjønaas skulle vere frå Bø. Elles er det nemnt i Billed-Magazin at ein Knud Johnsen var hjartdøl og heitte Bekkhus til etternamn. Truleg er det han som står på lista.

SLANGAR, MOSKITOS, INDIANARAR OG SMARTE YANKEES

I Telesoga, (eit blad utgjeve i Amerika om og for telemarkingar) les vi om reisa til Luraas-følget:

...Dette fylgje siglde fraa Skien den 17de Mai til Gøteborg. Her

fekk dei tinga Skipsrom yvi Have til Boston med ein Amerikaner som laag der og tok inn Jønlast. Fragti var 42 Norske Daler for kvar. Det tok 9 Vikur yvi havet, men dei kom væl fram. Fraa Boston gjekk dei um New-York til Buffalo, og her fann dei ein Kaptein, som tok paa seg aa fragte dei yvi Innsjøane til Millwaukee. Skipet hans var ein elendig Farkost som varr lasta med Krut. De lek som ein Sil, og tvo Gonger heldt dei paa aa forlise paa dei 3 Vikune de tok dei aa kome til Milwaukee. Ei Kjering blei skjult overbord og kom burt. No var det 17 Vikur fraa dei reiste, fraa Skien...

I Boston blei desse telemarkingane lagt godt merke til. Flokkar av byfolk samla seg for å sjå, og dei blei svært overraska over at desse som kom så langt nordfrå såg ut som vanlege menneske. Sjølv sagt var språk, klede og skikkar annleis, men byfolka hadde venta seg at nordmenn skulle vere skinnkleddede og ete rått kjøt og drikke tranolje som eskimoar.

Følget kom altså til Milwaukee i september 1839. Dei hadde visstnok ein dansk vegvisar og tolk med seg, men han drukna i sjøen ved Milwaukee medan dei var der. Dette gjorde dei nok meir til offer for tilfeldige "rådgivevarar". Følget sette altså kursen mot Muskego, og vegen gjekk gjennom skog og over åpne sletter der det var overflod av frodig gras. Dette fekk dei til å vente seg god jord. Og den nærmaste plassen der jorda enda ikkje var opp-teken, var ved den vesle innsjøen Lake Muskego, i Waukesha county.

Folket var svært optimistiske da dei møtte dette området. Der var fisk i sjøen og nok av vilt i skogen, så dermed var saka klar. Dei registrerte seg og betalte landet med \$ 1.25 pr acre (1 acre er litt over 4 da) (Dette var før "The Homestead Act", lova som i 1862 gav nykomarane landet så og seie gratis, men det var likevel utruleg billig.) Dermed byrja slitet for alvor. Hus skulle byggast, landet skulle dyrkast, og dei daglege behova skulle dekkast medan alt dette foregikk. Heller ikkje må ein gløyme at heimlengten og usikkerheta for framtida heile tida kunne ligge under og plage mange. I tillegg blei dei etterkvart klar over nye ukjende vanskar: Indianarane var eit trugsmål, dessutan blei dei nærmare kjende med klapperslangar og moskitos. Det er ikkje sagt noko om store sam-

manstøytar med indianarar i Muskego. Det er fortalt at nordmennene hadde store Newfoundland-hundar som jaga vekk indianarane når dei blei innpåsleitne. Elles ser det ut til at indianarane drog seg unna og ut av distriktet etter kvart som landet blei busett av europearar.

Graset var nok høgt og frodig ved Muskego Lake, men det viste seg å vere av di det nettopp hadde vore ein lang tørkeperiode. Da nybyggarane hadde bygd, rydda og dyrka landet utover hausten, så sette det inn med normal nedbør, og snart viste det seg at heile området enten var oversvømt, eller i det minste omdanna til myr.

Dette var likevel ikkje nok til at dei gav opp Muskego. Rett nok ser det ut til at dei trekte seg litt sørover mot Wind Lake i Racine county, der landet var noko betre. Og etter kvart så kom det mange fleire nybyggarar. Her kan vi gå ut frå som ganske sikkert at fleire hjartdølar også slo seg til

EIT NYTT NORSK SAMFUNN VEKS FRAM

Muskego-bygda grodde altså opp trass i at naturen ikkje låg så godt til rette. Ein del viktige personar som gjorde staden til eit viktig grunnlag for vidare norsk busetnad i Midtvesten må derfor nemnast.

Søren Backe: Han var son til ein handelsmann frå Drammen. (Faren Tollef Backe var også ein kjent haugianar). Søren hadde blitt vel utstyrt og skulle prøve å slå seg fram i Amerika. Så han skaffa seg ein dugont (eit hus som delvis var grave ut i jorda) i Indianerhaugen, (truleg ein gammal indianergravplass) i Muskego. Der dreiv han handel med varer han skaffa i Millwaukee. I denne halvvegs jordhytta kunne ein fleire stader sjå gamle beinpiper og andre delar av indianarskjelett stikke ut av veggene, likevel blei det sagt at

Hær var Stædet for Intelligents og dannelse, Depoet for Luxus og overdaadighed, og her avgjordes alle Bank- og Pengeforretninger.

Ellers skreiv Backe dagbok heile tida. Denne er ei viktig kjelde til historia om Muskego, men der står lite om dei einskilde personane som interesserer oss. Han seier ein stad at desse fjellbøndene frå Telemark var ganske ville og usiviliserte, og at han såg på dei omlag som indianarane i området.

Even Heg: Forretningsmann og hotelleigar frå Lier. Han kom i 1840 og var 51 år. Han kjøpte garden til John Nelson Luraas ved Wind Lake. Der bygde han ein stor låve. (Luraas drog nokså tidleg vestover til betre trakter og blei ein velstående farmar i Stoughton ved Koshkonong). Denne låven kom mellom anna til å tene som førebels losji for immigrantar som skulle byggje i Muskego eller reise vidare til andre settlement. Heg, som også var haugianar, heldt andaktar, døypte bom og førde dåpsprotokoll.

Hans C. Heg: Son til Even Heg. Han blei den mest kjende norsk-amerikanaren under borgarkrigen 1862-66. Han var oberst og leidde det berømte 15. Wisconsin regimentet som bestod nesten berre av nordmenn. Han fall, saman med eit stort antall av soldatane sine ved Chickamauga i Georgia i 1863, 34 år gammal.

James Denoon Reymert: Kom til Muskego 21 år gammal. Han var jurist, forsikringsmann og avismann, dreiv sagbruk, og blei ein sentral politiker i heile staten seinare. I Muskego kom han til å starte den første av dei mange norske avisene som skulle komme ut i USA. Avisa heitte Nordlyset og blei utgjeven på farmen til Reymert.

Claus L. Clausen: Første presten i Muskego. Han var ein dansk lærar som hadde kunnskap også i jus og teologi. Han hadde vore på besøk i Noreg og hadde mellom anna god kontakt med haugianarane og Tollef Backe, far åt Søren. Det var Søren som skreiv heim og ba om at dei måtte prøve å få sent ein prest til Muskego. Clausen hadde eigentleg bestemt seg for å bli misjonær i Zululand, men tok dette nye som eit kall og sa ja til å reise til Amerika. Da var han 23 år gammal. Nokre år seinare, i 1843, blei han ordinert til prest i låven til Even Heg av rev. Krause, ein tysk prest som heldt til ein annan stad i Wisconsin.

Det å få bygd ei kyrkje i Muskego hadde vore eit stort mål for nordmennene i fleire år da Clausen kom. Og nå måtte det gjen-nomførast.

Dei hadde bruka låven til Heg og hytta på Indianerhaugen til gudstjenester og forsamlingar. Nå ville dei lage eit bygg berre til gudstjenester, for første gong i det norske Amerika. Pastor Clausen tok sjølv del i å felle trea til byggverket. Hjartdølen Halvor Nelson Lohner hadde ansvaret for tømmerarbeidet. Seinare bygde han også prestegarden. Elles var det ein Peder Jacobsen som hadde overoppsynet med konstruksjonen, og mange fleire namn er nemnt i arbeidet med å få reist denne kyrkja som sto på det hø-gaste punktet, synleg frå mesteparten av settlementet. Det blei nok lagt mykje liv og sjel i dette arbeidet, og resultatet blei ein byg-ning av tømmer som kunne romme opptil 250 personar, til stor glede for innvandrarane som hadde kjent det som om dei hadde kome til eit heidningeland, iallefall i starten. Kyrkja var tømra av eik. og så fint sammanføya at det ikkje var nødvendig med noko dytting eller isolasjon mellom stokkane. Pillarane som bar konstruksjonane inne var av svart valnøtt-tømmer som stod i fin kontrast til den raudlege eika. Dei doble inngangsdørene var også av valnøtt. Bygningen var omlag 45 fot lang og 30 fot på det brei-aste.

Sett i seinare tids målestokk kunne nok kyrkja sjå enkel og "tarvelig" ut. men det er ingen tvil om at ho var eit stort steg fram-over kulturelt og kjenslemessig for folk som var vane med å ha kyrkja som det viktigaste sentrumet i tilværet sitt.

Kyrkja er ikkje lenger å sjå på den gamle plassen sin nå. Da det seinare blei bygd ny kyrkje i Muskego, blei denne gamle tømra de-gradert til fjøs og grisehus. Heldigvis blei ein norsk historikar (Holand) merksam på dette og såg til at ho blei flytt til Luther Semi-nary i St. Paul. nabobyen til Minneapolis i Minnesota. Der står ho framleis. (Sjå artikkelen av Arne Hardang.)

N.N.Rønning skriv at da Kronprins Olav hadde sett kyrkja på tu-ren sin i Midtvesten, var det venta at han skulle halde ei tale. Men

han var så djupt rørt at han fekk nesten ikkje fram eit ord.

KATASTROFALE HELSETILHØVE

Midt i 1840-åra hadde store mengder nordmenn slått seg til på staden. men settlementet hadde kanskje mest av alt rolla som mellomstasjonen for dei som etterkvart drog mot nyare settlement lenger vest. Eit av desse var Koshkonong. Her var både klima og jordsmonn betre enn i Muskego. og mange av dei som slo seg til der kom seg etterkvart opp til velstand og rikdom. På folkemunne blei Koshkonong ofte kalla "Kakseland".

I Muskego derimot, utvikla det seg mot reine katastrofene for nybyggerane. Alt første vinteren hadde dei oppdaga at landet blei mykje likt ein sump når regnet tok til å komme, og lufta blei fuktig og usunn. Når så immigrantane strøymde på i hundrevis, er det klart at hygieneforholda ikkje kunne vere gode nok. Ofte måtte 15-20 personar bu lengre tid saman i desse små hyttene, sjølv sagt med smittefaren hengande over seg. Epidemiar braut sjølv sagt ut, og tilstanden blei snart svært kritisk for folk i heile området. Ein av grunnane til all sjukdomen var at nordmennene ikkje pla grava skikkelege brønner. Dei var vane med å hente vatnet i ein frisk bekk eller ei kjelde i nærleiken av garden heime, og det gjekk stort sett bra i det norske klimaet. I Muskego derimot, låg ikkje klimaforholda slik til rette. Når dei henta vatnet i elv eller sjø og let det stå ei stund heime ved huset i kjera sine, var det ikkje lenge før moskitos og alle andre skadeinsekt og basiller fekk tilhald der. Clausen sa at den gongen han kom dit, var det bare ein familie der som ikkje var sjuk. Omtrent kvar dag var det dødsfall. Fattigdomen auka også, og elendigheta blei så stor at snart måtte dei vende seg til amerikanarane for å få hjelp. Dagen etter han blei ordinert, forretta Clausen i den første av 54 gravferder dei første fem månadane. Ein dag var det 8 gravferder, ein annan dag 17.

...Det er umogeleg å leve seg inn i kjenslene til dette folket når dødsengelen dag og natt banka på dørene til desse uferdige hyttene, og den eine etter den andre av deira kjære blei lagt i umåla kister og tekne til gravstaden på indianerhaugen og senka ned i gravene der... (Rønning)

Særleg i 1843 kom det store mengder av nordmenn, mest tele-markingar til Muskego. Futen i Øvre Telemark skreiv visstnok ut 689 pass for Nord-Amerika dette året. I nedre Telemark var talet 429.

SKY MUSKEGO!

1843 blei det store katastrofeåret, og dette blei kjent her heime gjennom brev. Utvandringa frå Tinn veit vi stoppa heilt opp i fire år. Grunnen til det var nok mykje dette brevet frå Jon Nielsen Bjørndalen, her i utdrag: (Svalestuen)

...Men vore forhaabninger ble skuffet. For det første da vi kom til Milwaukee, mødte oss på Bryggen 2 af vore Landsmænd, da først saa wi, hvad for gode ting man erhverver sig, nemlig en mager krop med et gustent gulblegt ansigt, og saaledes seer de for det meste alle ud ... Den første, Koldfeberen, eller Aguen, samt tillige andre pestagtige eller feberaktige sygdomme, som have allerede antænt sig, saa den ene kunde ikke hjelpe den anden, og alle de, som udstaar denne sygdom bliver svage mennesker ... og dagligen have de svag hilse. Luften nedtrykke Sindet og Modet, saa de gaar nedbøiede liksom en slave er nedtrykt af sine lenker og berøvet sin frihed. Om sommeren er klimaet alt for varmt. Om dagen får man udstaa den sterkeste hede ... om natten ligger der nesten over det hele en giftig taage. Der er saa meget utøi af slanger, som er en 5 eller 6 arter og de fleste ere mig ubekjendte, som vrimler i mængde af, ja de ere endog inde i husene, saasom klapperslanger ligger ogsaa inde på gulvet. De ere istand til at grave sig i jorden, og komme ind i deres Hytter, De største jeg har set ere saa tvkke som en Mands Arm ... jeg faar ogsaa melde dere om Mormonsekten, som er den elendigste sekt man kan tænke sig. Den første af de som antog den afskyelige religion, var Ole Olsen Sandvigen. Nu har han lokket flere af sine landsmænd til den afskyelige Gudsdyrkelse.

Dette brevet på mange sider sluttar så med at han ramsar opp namnet på ei mengd tinndølar som er døde i det siste. Alt dette virka sjølvstarkt i Tinn, og gjorde altså sitt til at utvandringa for

ei stund stoppa opp.

Også norske aviser skreiv om Muskego. Redaktøren i Christian-sandposten slutta brevet frå ei rundreise i Amerika slik:

... Det er derfor mit instændige Raad til alle Udvandrere, aldeles ikke at begive sig til Muskego, men øieblikkelig tye ind i landet enten til Pine Lake, hvor nok af land kan erholdes, eller til Coscanonys - og de tilstødende Prairier ... Men hvor man end begiver sig hen, saa gjentager jeg mit advarselsraab: Sky Muskigo!

For å motverke dette, slo ein del nordmenn seg samman og skreiv ei nøytral og positiv skildring av landet og erfaringane sine. Det var underteikna av 80 nordmenn, ein stor del av dei telemar-kingar (20 tinndølar). Dette brevet er kjent som Muskegomani-festet. Her eit utdrag:

...Vi gjør oss intet haab om at erhverve oss Rigdomme, men vi staa under en liberal Regjering i et frugtbart Land, hvor Frihed og Lighed hersker saavel i religiøs som borgelig Henseende, og kan uden speciel Tilladelse næsten uden Undtagelse i ethvert Fag søge redelig Næring. Dette anser vi herligere end Rigdom, da vi derhos ved Flid og Arbeidsomhed øine Udsigter til en sorgfri Alderdom, og vi har saaledes ingen Grund til ut anger vor Bestemmelse at flytte hid.

"RACHEL GRET FOR BORNA SINE"

Det var epidemiar som tyfus og malaria (the ague) som hadde vore dei mest alvorlege sjukdomane, men i 1849 kom den verste av alle, - koleraen. Presten Stub sa at det var tre store epidemiar av kolera: i 1849, 1850 og 1852. I "History of the Waukesha county" skriv ein Frank A. Flower:

Forferdelege og ubeskrivelege scener følgde denne herjinga. For desse fattige og uopplyste menneska visste ingenting om korleis dei skulle begrense sjukdomen. Det vart til slutt etablert eit slags hospital ved Wind Lake i ein stor låve (Heg sin låve), der mange av dei stakkars menneska døydde ... graver vart gravne og

sto opne og venta på nye døde. Pesten resulterte i så mange dødsfall og førde så mykje redsle inn i området, at dei fleste overlevande norske familiane reiste frå staden.

Vidare skriv N.N.Rønning:

To kjempekarar frå Tinn, John Tveito og John Molee, giekk inn i hus etter hus for å hente dei døde. "Eg grøss når eg tenkjer på det", skreiv den sistnemnde. "Vi venta å bli slegne ned av sjukdommen kvar augneblink, likevel sto vi på post som soldatar. Det var berre å leve eller døy. "Desse to mennene førde dei døde til kyrkjegarden på Indianerhaugen med oksekjerrene sine, medan andre grov graver. Andre igjen var opptekne dag og natt med å spikre kister av uhøvla og umåla bord. I desse blei dei omkomne lagt ustelde, og senka i gravene utan seremoniar. Neste dag kunne det vere snekkarane eller gravarane sin tur til å bli gravlagde.

Folk rømde i panikk til andre settlement. Der det ein dag kunne høyrast glade barnrstemmer, kunne ein neste dag høyre at "Rachel gret for borna sine" (Matteus 2.18, Jeremias 31.15). Redsla tok strupetak på alle, og dei sat berre å venta på å bli neste offer. Menn som jubla i styrke og glede om morgonen, kunne ligge stive før dagen var over.

I desse dagane var det for første gong dokterar på staden, men lite kunne dei gjere. Det hende også at dokteren strauk med av sjukdommen.

Ein historie går om ein norsk forbrytar med namnet Hansen, som hadde blitt omvend og hadde utvandra. Denne personen kom til Muskego og gjorde ein svær innsats med å pleie dei sjuke i lang tid. Han døydde også tidleg, men av tyfoidfeber og ikkje av kolera. Han fekk da ei av dei finaste gravferder som hadde vore i Muskego. Før det hadde han skaffa seg tilnamnet "Engelen i Daudebygda."

Med desse dystre minna ser det ut til at historien om det norskdominerte Muskego endar, sjølv om ein den dag i dag kan sjå husa til Søren Backe og ein minnepark til ære for borgarkrigshelten - oberst Hans C.Heg der.

Medan desse første etterkvart gav opp Muskego, var tusenvis av nordmenn og etterkvart hundrevis av hjartdølar på veg mot nord og vest og slo seg til på nye og mykje betre og sunnare stader enn Muskego. Men minst to hjartdølar blei verande i Muskego: Etter det som står i Billed-Magazin, så bor Halvor Nelson Lonar der framleis i 1868. Det gjer også bror hans Kittil. I Telesoga kan vi lese meir om desse i ei skildring av bryllaupet til Halvor N. Lonar.

Den første norske kyrkja i Amerika

Av Arne Hardang (Trykt i "Arven", 1980)

Muskego-kyrkja frå Wisconsin er den første norske kyrkja i Amerika. I dag står ho i parken ved Det Teologiske Seminar i St. Paul, Minnesota. Det var med ei underleg kjensle ein steig over dørstokken til denne gamle, ærverdige pionérkyrkja. Mange frå Telemark, og såleis også frå våre bygder, utvandra til Wisconsin. Her var god jord som gav godt korn, og såleis nok mat for eit folk som hadde levd i armod og naud i norske fjelldalar.

Frå 1836 og fram til 1903 blei utvandringa eit årleg fenomen. Om vårane når snøen smelta, og vårbekkenene surla og rann i liene, og isen på vatn og fjordar gjekk opp, då gleid det ofte ein einsleg emigrantbåt ut frå norske kystbyar. Farvel Noreg, farvel slit og svolt og armod! Og lyden av vårbekken blei som eit postludium i emigranten sine øyro.

I ein bunke av gamle amerikabrev såg eg dei føre meg: Ola, Hans, Gullik og Harald. Dei fortel om ein god "harvest" med korn i haugevis, men og om lengt til Noregs fjell og dalar. Og såleis var det nok med dei fleste som emigrerte. Dei hadde nok "gamlelandet" sterkt i tankane. Difor ville dei byggja opp eit samfunn som på mange måtar var likt det dei hadde reist ifrå. Det var difor ikkje rart i at tanken om å byggja ei kyrkje melde seg snart. Dei ville ha ein prest som kunne forvalte sakramenta, forkynne Guds ord og vera til hjelp og trøyst i kvardag og helg.

Muskego-kyrkja blei byrja på i 1843, bygd ferdig sommaren 1844 og vigd 13. mars 1845. Kyrkja er bygd av rundt tømmer. Ho manglar tårn, så utvendig minner ikkje huset om ei kyrkje. Men innvendig er det kor, altar, preikestol og benkar nett som i ei norsk kyrkje. Dei første åra hadde dei ikkje omn, så det var hustru og kaldt når vinterstormane sette inn, men i 1849 fekk dei sett inn ein stor vedovn. Innbuet er grovt og sløydarbeidet er ikkje særleg kunstnerisk utført, difor må vi hugsa på at huset blei ikkje bygt av veltrena kyrkjebyggjarar, men av åkerdyrkarar med slitne arbeidshender som ivra etter å få opp eit forsamlingshus. Ja, det var meir enn eit møtelokale, det var eit Gudshus, ein kraftstasjon i deira liv. Dei ville ha eit kyrkjesamfunn som batt dei saman, for ofte kjende dei seg einsame som innflyttarar og framande langt borte frå slekt og venner. Hit for dei då først og fremst for å høyra Guds ord, men og for å treffe kjenningar og få nye vener og høyra nytt frå Noreg.

I koret heng det bilete av den første presten i kyrkjelyden, C.F.Clausen. Han var utdanna dansk lærar, men hadde tilegna seg så mykje bibelkunnskap, at han kunne bli ordinert til prest i nybyggjarsamfunnet i Milwaukee. Han var svært avhalden av nordmennene, og var ein av drivkreftene i arbeidet med å få reist Muskego-kyrkja. Det var ei tid på tale at han skulle vera med misjonær Schreuder til Zululand, men kjøpmann Tollef Bache i Drammen, som var ivrig haugianar, fekk overtalt han til å reise til Wisconsin i staden. Ved sida av Clausen heng eit bilete av H.A.Stub, som blei den andre presten i kyrkjelyden. Likeins er der eit bilete av den første klokkaren og medhjelparen, Peder Jacobsen. På høgre side i koret finn vi eit bilete av den kjende lekpredikanten, Elling Eielsen. Han var haugianar og reiste i mange år rundt i nybyggjarstroka og heldt samlingar om Guds ord. Her heng også eit bilete av H.G.Stub, som seinare blei synodeforstandar for heile Den norske lutherske kyrkja i Amerika. Over altaret er der eit måleri av "The Last Supper". Jesu siste måltid saman med læresveinane.

Det var rart å stå på det vesle galleriet og sjå ned i dette vesle kyrkjerommet med dei slitne, grå benkene. Det var mest så ein kunne sjå kyrkjeålmugen ein messesundag, pynta og blide i sin finaste stas og med små ungar springande rundt mellom benkeradene. Men på desse benkeradene sat kanskje også mang ei ung enkje

bøygd i sorg med ein farlaus barneflokk i kring seg, eller ein syrgjande mann med ein tom plass ved sida si. Hit kom og spedbarnet for å bli døypt, ungdom for å bli konfirmert, og brur og brudgom for å få kyrkja si velsigning - og der framfor altaret høgtideleg lova kvarandre å halde saman i gode og vonde dagar. No er Muskegokyrkja berre eit minne frå farne dagar som fortel si søge om eit pionerfolk som saman søkte trøyst og signing i Guds hus.

I dag er det born av fjerde eller femte generasjon som kjem på besøk for å sjå denne kulturskatten. Men ute på den gamle kyrkjegarden i Milwaukee, Wisconsin, kviler dei første norske pionerane som bygde dette huset.

Nokre verselinjer av Garborg fell meg lett i tankane:

Gud sign kvar ærleg svein
som søv der under stein,
Gud sign dei kvar og ein
der dei er no.

6 Livet i dei norske settlementa

I 1840-50-åra måtte nybyggerane kjøpe jord i Amerika, av private eller av det offentlege. Nordmennene kjøpte for det meste jord i offentlig eige, regjeringsland eller kongressland blei den kalla.

Så snart det offentlege landet var målt opp og deila inn stykkevis, var det tilgjengeleg for nybyggjarar. Etter forkjopslova av 1841 trong ikkje nybyggaren å betale landet han tok ut med ein gong. Han kunne byrje ryddinga på inntil 160 acres' og gie beskjed på regjeringas landkontor om landet han hadde tatt ut. Først når landet blei bode ut på auksjon, måtte han betale, og da hadde han forkjopsrett til landet til lovas minstepris som var 1, 25 dollar pr.acre. (1 acre = ca 4,5 dekar) Denne måten å gå fram på blei kalla å ta ein claim, "å claime" eller "å klæme" jord, som nordmenn skreiv.

Men mange av dei norske klarte ikkje å skaffe kontantar når landet dei hadde slått seg ned på blei hode ut på auksjon. Nye folk kjøpte det, og nordmennene måtte dra ut i villmarka og byrje på nytt. Men det hende at nybyggerane ikkje gav seg så lett om nokon kjøpte landet frå dei på auksjonsdagen. Dei slutta seg saman og verga med makt den jorda dei hadde byrja å rydde, sjølv om nykommarane hadde rett etter lova. I slike tilfelle hende det at "klubbelova" virka. I 1850-åra danna dei norske nybyggerane i Goodhue County, Minnesota, ein klubbeforening. Dei hadde tatt 80 acres land utanom dei 160 dei hadde lov til etter lova, og dei bruka klubbelova mot alle nykommarar som prøva å ta frå dei jorda. Kvar mann i settlementet var forplikta til å jage dei framande bort når dei blei oppfordra til det, og straffa for ikkje å lystre var 25 klubbe- eller piskeslag.

HUSA DEI BUDDE I

Det første problemet som møtte nybyggerane var å skaffe seg husrom. Dei som kom køyrande i teltvogner blei gjerne buande i vogna inntil dei fekk sett opp eit lite tømmerhus, ein log cabin.

Eit slikt tømmerhus bestod som regel av eit lite rom med loft over og blei gjerne bygt opp i løpet av ein dag. Det var nok av skog der nordmenn slo seg ned i 1 840-åra, men dei måtte ta materiala som dei var. Det var sjeldan tid til å tørke eller forarbeide stokkane. Det blei gjerne 3-4 tommar mellom kvar stokk, men desse blei tetta att med kalk og leire. Når kulda kom, fraus fyllinga og datt ut. Hola blei så store at kattar kunne krype gjennom, seiast det.

Enkelte grov ut jordkjellarar (dugouts), særleg i distrikt som var fattigare på skog.

I Muskego hende det at dei små husa måtte romme 15-20 personar heile vinteren igjennom. I slike tilfelle var det nok ein fordel at det fantst eit og anna hol i veggene som fekk frisk luft inn i dei overfylte stovene, men behageleg var det nok ikkje. Det var isande kaldt i nybyggerhusa når vinterkulda og prærievinden sette inn. Da kulda var på det verste i Fox River vinteren 1839-40 måtte alle halde seg innandørs, og det galdt å halde seg i nærleiken av kakkellov-

nen. Den måtte vere gloande raud heile tida for å gje såpass med varme at dei som sat omkring ikkje skulle stivne av kulde.

Utstyret i husa var det enklast mulige. Noko av det første dei skaffa seg var ein komfyr. Mange måtte kanskje klare seg med ein peis dei første åra, men så snart som mulig kjøpte dei komfyr til både matlaging og oppvarming. Komfyren eller "stoven", som den ofte blei kalla, blir ofte nemnt i breva frå nybyggartida. Komfyren var ein ny og fin innretning som skyldfolket i Noreg sjeldan hadde maken til i 1 840-50-åra.

Torbjørn Kåsa fortel om ein familie i Høgkasin som drog til Amerika våren 1878. Torbjørn Hanson Listul var den eine, og han skreiv heim at "om veteranen hadde dei ikkje anna gjera enn sitte ved stoven og steikje kveitekakur". Torbjørn Kåsa skriv likevel: "Eg trur sikkert dei gamle angra på reisa og ynskje dei ha sitte i Høgkasin". Det vart skrive av andre at dei måtte bu i "primitive jordhyttur den fyrste tid". I eit brev til Ola Tjøndalen skreiv Torbjørn og spurde om han kunne "sende bokje om sterke-Nils". "Eg ha boka liggande og sende ho til USA, til Hans Torbjørn Lee, som dei kalla seg."

Innbuet i dei små husa var elles nokre pinnestolar, benkar langs veggen, eit bord og ei seng eller to. Kubbar måtte ofte erstatte pinnestolane, og når det blei lagt ein brei plank over den rosemåla reisekista frå Noreg, gjorde den teneste som spisebord. Sengene var som regel spikra fast i veggen, helst i eit hjørne, og bestod av ein trebotn med halm eller hø. Dei fleste hadde tatt med skinnfelar og anna sengetøy frå Noreg. Dei måtte halde seg med det på reisa over med båten, og det kom godt med også i det nye landet.

MATSTELLET

Grisen kom til å spele ei viktig rolle i kosthaldet. Flesket var "den faste grunn på hvilken nybyggeren har grunnlagt sitt matstell" har ein av norskamerikanaranes historikarar J.S. Johnson sagt. I det store og heile var nok matstellet mykje likt det dei hadde hatt heime med mykje graut. Kveitemjøl var det vanlegaste i Amerika, og dei fleste syntest det smaka langt betre enn havremjølet dei var vane med frå Noreg. Etterkvart lærte dei å tappe sevje av sukker-

lønna, dei laga sirup, sukker og øl, og dei lærte å lage paiar av jordbær, bringebær og bjørnebær.

I Muskego heldt tinndølane enno i slutten av 1 840-åra fast ved den norske bygdedrakta, som dei laga sjøl. Kvinnene karda, spann og vov den ulla sauene gav. I Goodhue County, Minnesota, laga nordmenn stuttjakker av kalveskinn til vinterbruk, og pastor B.J.Muus blei forferda over kleda til nordmennene da han kom dit i 1859. Dei var lurvete, fillete og stygt kledde, fortel han.

SJUKDOM HERJA

Dei hygieniske tilhøva var elendige i bygdene dci hadde reist frå. Naturleg nok blei det ikkje betre der dei kom. "Den renslighed og hyggelighet der forskjønner selv det usleste amerikanske skogs-hus, leter man som oftest forgjeves efter i de norske", skreiv ein dansk iakttakar.

Vatnet var ofte dårleg der nordmennene slo seg ned, og det var eit problem dei ikkje var vane med i Noreg. Dårleg drikkevatt, usunne hytter og mangelfull hygiene gjorde at dei første nybyggjarane blei lett bytte for sjukdomar som malaria, tyfus, tuberkulose og kolera. Ofte hadde dci epidemiske sjukdomar med seg frå båt-reisa. I 1849 tok nykommarar kolera med seg til Muskego, Fox River og Koshkonong. Ein tømmermann i Fox River som skulle lage likkister hadde det så travelt at folk måtte skuve materiala inn i verkstaden gjennom vindauget. Når kistene var ferdige, blei dci leverte ut same vegen, også fordi dci var redde for at kistemakaren skulle bli sjuk.

Muskego vart ramma av kolera i 1849, 50 og 52. Det herska panikkstemning i settlementet desse åra og mange flytta, Muskego fekk tilnamnet "dødens egn".

Historiane frå Koshkonong var likeeins. "Det var ei tid da dci hørte hammarslag på likkistene både natt og dag", blei det sagt.

Koleraen var ei landeplage, men kom ikkje så ofte, og etter 1854 høyrer ein ikkje meir til denne sjukdomen i settlementa.

Men det var andre lumske sjukdommar som truga. Deriblant malariafeberen. Malaria drap ikkje på nokre timar, slik som kole-raen. Den seigpinte offeret, kom attende år etter år og sleppte aldri taket heilt. "Feverægern" eller "ægern" kalla dei norske malariafeberen etter det engelske namnet fever and ague.

"DEN ER I AMERIKA BLITT EN MANN SOM HJEMME BLOTT VAR EN ARBEIDSTRÆL"

Men tilhøva endra seg. "Den som hadde vært en snartur innom Koshkonong omkring 1840 og kom tilbake 30 år senere, ville knapt tro sine egne øyne", skreiv Svein Nielsen i Billed-Magazin. "Skogene er ryddet, den ville prærie er ompløid og forvandlet til bølgende kornmarkcr, indianernes gangstier er utslettet, præriegresset har veket plassen for kulturplanter, frodige frukthaver omgiver den velhavende farmers bolig, gode landeveier er oparbeidet... osv"

11863 reiste lege I.A Holmboe i dei norske settlementa for å studere helse-tilstanden. Han var imponert over det han såg og skreiv mellom anna: "Den er i Amerika blitt en mann som hjemme blott var en arbeidstræl..."

Sjølv om ikkje alt var bra, var det likevel stor fram gang på ein menneskealder, og det var ikkje rart at settlarane oppfordra folk heime i Noreg til å følge etter.

7 Eit gjestebod i Muskego

Telelaget og Telesoga

Telelaget var det andre norske bygdelaget som blei skipa i Amerika, etter Valdreslaget. Det var like før jul i 1906 at det blei sendt ut eit opprop om åskipe eit eige lag for telar. Blant underskrivarane var Bendik Bondahl, Torkel Oftelie, Kjetil Knutsson og Torjus Lundevall. Og i januar 1907 blei skipingmøtet halde i Fargo. I lovene for Telelaget står det: "Telelagets egentlige formaal er at samle

Telesoga i Vesterheimen" Men laget har sine aarlige stevner, hvor teler fra alle dele af landet kan komme sammen og forsyne gamle bekjenskaper og stifte nye. At være medlem af laget bestaar ikke bare i at sende md 50c., endsjønt det er en af de første betingelser, men at man ta ger aktivt del i det historiske samlararbeid."

I 1909 kom det første nummeret av Telesoga ut med Torkel Oftelie som bladstyrar Det meste av bladet, som kom ut omlag fire gongar i året, inneheldt emigrantstoff henta blant telemarkingar i Amerika, som til dømes barndomshistoriar frå Gamlelandet. Sidetallet skifta mykje, frå 60 til berre 10 sider.

Telesoga streva ofte med økonomiske problem, og bladet stogga i 1925, men det kom ut att nokre år seinare og heldt det gåande fram til femtiåra. (Per Hvamstad i Årbok for Telemark 1965.)

Eit gjestebod i Muskego

som kjem her, er utdrag av ein artikkel som skulelæraren Thor Helgeson skreiv i Telesoga i 1924:

("Telane på Indilandet" som kjem etterpå er også henta fra Telesoga. Det er først og fremst ein oversikt over hjartdølar i eit spesielt område av Wisconsin.)

Halvor Lonar frå Hjordal var noko tå kvart. For de fyrste var han tele og for de andre og trea og fjerde og femte var han farmar og snikkar, timbre mann og treskjerar. Han timbra kyrkja i Muskego, den fyrste norske kyrkja i Wisconsin og i Amerika. Og eingong var han på sprangje til å bli lensmann og skrivar eller Justice of the Peace i den norske nybygdi.

Halvor var enkjemann eit par år, so forlova han seg med Ingebjørg. men det hasta ikkje med brudlaupe. Han ville lata kjærleiken laugbåka seg, sa han. Då han var ferdig med treskingi, hausten 1862, bad han sine grannar og neraste skyldfolk til gjestebod.

Presten hans, han Adolf Preus, hadde flutt til Chicago, og fransiskanarpresten?, han Ola Saulending, som no skriv seg for Ole

Andrewson, skulle ikkje få lov te vigje dei. Nei då ville dei heller bli vigde av han Jørn Justis, som var Halvors beste ven og felagi (felagi=arbeidskamerat) i treskingi. (Jørn Justis heitte Jørgen Torson og var frå Drammen eller Lier).

Så fekk eg då sjå ei brurevigsle utført på yankeeviss. Brureparet møtte hjå Jørn Justis, han i svart dress, stor hatt og tjukke støvlar, ho i høg hatt, svart kalikokjole med kvite droplar, som var ein stor stas i den tid, og eit par heimegjorde små og nette sko. Eg la væl merkje til alt saman.

Jørn Justis kom inn i stoga i si galladrakt, sette på seg embetsanlite sitt og såg så alvorleg og streng ut som ein general i eit stort slag. Men den som kjende Jørn Justis visste vel at den indre Jørn var kje netup som Justis Jørn såg ut.

Brureparet reiste seg og Justisen stelte seg framfyre dei med ei bok. "Join your hands", sa Jørn Justis. Dei to gjore, og Justisen retta eit par spursmål til brudgomen fyrst.

"Do you take this woman, Ingeborg - for your wife ? And will you love and protect her according to the word of God and the law of Wisconsin?"

Liknande spursmål blei retta til bruri. Halvor svara yes, men Ingebjørg sa ja på reint norsk, og dermed var Halvor gift andre gongi og Ingebjørg trea gongi med den trea Halvorn, for hennar two fyrste mennar hadde au heit Halvor.

Jørn Justis med huslyden sin skulle fylgje heim med brureparet, og eg skulle vera med som utfylling eller ost, som dei seier.

Gjesteboe stod hjå Halvor, då bruri var frå nordbygdi, som låg noko langt unda. Eg minnest godt navni på dei fleste som var med i gjesteboe. Der var Kjetil Lonar, bror av Halvor, Sveinung Haugen, Hans Petarson og Knut Bekhus, alle frå Sauland.

Hans Hallendingen frå Eidsvold var kjøkemeistar, kjellarmann og skjenkarsvein, og han tok sitt embette so alvorleg som ein prest

i kyrkja.

Alle fekk sin skjenk, og alle ynskte tillykke. So ordra kjøkemeistaren alle til bords, som kunne få rom kring langborde. Halvors hus var bygd som ei norsk bondestugu med langbord og høgsete og roskåp og alt slikt som høyrer med til ein norsk bondegard. De einaste som eg sakna var den norske skorstein.

Der var lefse, flatbrau, ovnsbrau, smør, gamalost, saukjøtt, som var bruresteikt, brurekakur og andre slag som eg ikkje minnest. Ved bore blei det snakka om krig og politikk. De var midt i borgarkrigen. Dei fleste i lagje var republikanarar.

"No skal me stevjast", sa Kjetil og so tok han i.

I lofte jenta ho låg i tankar,
då høyrde ho guten på dynni bankar.
so reis ho upp og vil slepp han inn,
men då ho såg te va de ingjen ting.

Ja, saulendingan var straks ferdige til kvea stev, og so kom ein med eit stev og ein anna med eit anna.

Eg vil kje ha nokon kolabrennar
me svarte føtar og svarte hendar,
men eg vil ha meg ein spilemann,
når eg vil danse, so spilar han.

Eg kjenner far din, eg kjenner mor din.
eg kjenner syster, eg kjenner bror din,
eg kjenner væl te di heile ætt,
å verre folk hev eg æller sett.

Då Halvor såg at stevjarane blei grove og nersøkjande mot hinannen, sa han, at de var best å slutte med stevi. So kan Hans gjeva kánn ein dram og so syng me ein norsk nasjonalsong.

Då flaska hadde gjort ein umgang, og ølbollen ei stund etter var ferdig med ein rundtur, sette Jørn Justis og eit par andre i med

Wolfs nasjonalsang "Hvor herligt er mit fødeland, det havomkrante gamle Norge."

Denne songen hadde makt til å vekkje kjenslene hjå folk, alle blei rørde og some gret. Alle tenkte på fedrelandet med all fatigdomen og stræve, men au på alt dei mintest av gjævt og stort og vent. "Å, nei hadde me no vore der," sa some. Å nei der uppå fjellviddun var de vent um sumaren du. Der såg du vidt. Å all den goe maten hjå budeiun, å all den fine feite fisken i fjellvatni. Å ja, å ja, du gjev at eg no sat i mi gamle hytte i Nori, sa Gunhild.

For å svelte i hel i fatigdomen og bli eten upp av veggjelus, sa Hans, Nei, de vilde jeg inte. Der er då betre framkomst her da, sa han.

"Ja, no hev eg høyrte mange songar og stev, sa Halvor. Men eg hev ikkje høyrte ei Telemarksvise enno. Er her nokon som kan syngje Løkslivisa? Knut Løksli var son åt gamle klokkar Knut Løksli i Hjartdal, som me veit. Knut dikta denne visa, då han berre var ein ung gut. Då han gjekk og las for presten var han alt so god at han heldt bruretalur og vigde gutar og jenter i hop, ja for moro da skjynar du. Han blei fyrst prest og så bisp og kalla seg Knut Gisleon.

Jau, der var tvo, tri som kunna noko av Løkslivisa.

Sjå Løksli de ligg no so fint fram mæ li,
no sei dei at Knut vil te Mæland å fri,
tru de var noko skam
om me skænkt ein dram
for han hev gjort vers om kvar emaste mann.

I prestgarn her er de slett inga nau,
for Anne har friar og Ingebjørg au.
Men Ingebjørg vinn,
ho er stadig i sinn,

og Anne ho kranglar med kjærasten sin.
Ho Anne i Sujuv er kjærting so grom,

ho sendte kring bore ei skål som var tom.
Te Halvor sa ho so,
hotfor skrønte du no
dæ ende på øle, som tyri ha på.

Han Hælvor i Sujuv er mann som er ful,
han bryggja sit øl utav tyri te jul.
Ja øle var kje stelt
utav homle å mælt,
men bryggja av tyri og so noko sælt.

Dei stakkars Tinndølar, som ha so lang veg.
som Sujuven narra med lagje te seg.
Såg du måkån te folk,
dei kom fram med sur mjølk,
de var noko bjoe langreisande folk.

Då klokka slo 12, sa kjøkemeistaren: "No ska alle sætte seg te-bors, her kjem ein doktor som kan giera alle friske.

Og doktaren kom, de var ein blanding av kaffe og brendy med noko å bite ti. Brur og brudgom sat i høgsæte. Når dei klinka og sa skål, so skulde alle gjera likeeins, klinke og skåle. Alle skulle lyfte koppen og drikke, "for so gjore me i Nori." ,sa Hans.

So drikker vi alle brudgommens skål,
brudgommens skål,
så drikker vi alle brudens skål,
og skam på den som ikke
vårt brudepars skål vil drikke
hurra. hurra, hurra.

Slik song Hans og heile lagje fell inn og song hurra.

De såg ut til at den doktaren gjore lagje endå friskare, hell dei alt var. Der var eit bulder rundt omkring i huse som når ein bisværm bli støkt upp. Alle snakka i munnen på kvarandre, so ein kunne kje høyre hott dei sa. Då buldre endeleg dala av, tok Hans kjøke-meistar ore:

"Ja, hvisom atte rebellera er blitt hyppa så godt som dom sir, 50 kommer vel vores krigerer snart heim att, de vøre godt om de vart slut med denne krige."

Å neigu bli dæ inkje slut enno, sa han Ola Halling, denne elendige Makkelellan dug inkje stort. Han ha liggi inni dei store svampadn mæ heile heren, og alt han gjore var å fange tri hundra naut. So skreiv han te Lincoln og spurde hå han sku gjera me all dei uksan og kuin å kalvan han ha take. Og Lincoln svara:

"Suck them, George. You are the biggest calf of them all."

"Vinn rebellradn no, so er dæ forbi me heile republikken." Han Ola hadde blit so frisk og modig av dokteren."I første gik de reint gæli me vore tropper, for folka vores hadde inte øvels nok til å bæra våpen å føre krig."sa Jørn Justis. Ved Bull Run gik de reint gæli." "Men sei me no du Jørn, håfør ha med denna krigen?" sa Ola."At negeran bli fri, dæ æ all right. Korkje eg hell du vil halde slavar. Men når republikaran ville gjera dei fri, håfor fanken kjøpte dei inkje negeran å bitala før dei å gjore lov over heile junin. at ingen måtte ha slavar ?" "Slavane har betalt seg sjølv," sa Jørn. "Slaveeigarane vil inte sleppe sine slaver fri, vi må tvinge rebellstatane til å gi dem fri. Derfor har vi krig."

(Seinare på natta skifter samtaleemna:)

"Ein høyrer kje so mykje um troll og tussa og hulder her som i gamlelande. De må vera for de, at folk misser trui på dei. I Nori var de fullt av slikt uty. Ei jente i Granshera var so plaga av ein tusse, då ho gjekk og las for presten, hore ho var og gjekk og sto og låg, so var tussen med, men ingen annen enn ho fekk sjå han. Ho kom i tenest på Kjørkevollen, og der blei ho mæ bån. Då blei tussen so reint burte, at ho æller fekk sjån meir. "Det må ha været en meget naturlig tusse," sa presten."

So small de eit skot utanfor huse, so tok de te med ein fæl bjølleskrammel. og deretter trommeslag.

So seint, eg ha venta dei lengje sea, sa Halvor. So tok han ei flaske og glas og vinka te Ingebjørg, som fylgde med ut. Alle fekk ein dram, og alle ynskte brur og brudgom til lykke.

"No ha rebellera fått herlig juling. og no skal med snart få fred", sa ein av dei, som sto uttafor. Straks tok ein annan i å syngie:

"Syng høyt i sky vor jenteflokk,
snart kommer fred og gutter nok."

So gjekk dei i ring og song.

"Kom hit, ska de få ein te," sa Halvor.

Eg som var nykomar syntes dette var ein forunderleg skikk. Men Halvor trøyta meg og sa, de var landsens skikk.

Då horneran hadde fengje andre drammen, drog dei avstad, og heile hopen song:

O, my dear Nelly Gray.
they have taken you away,
I will never see my darling any more.

- ein negersong. som blei mykje songjen den tid. Då avskilddrammen ha fare rundt i dagspretten. sa gjestine tak og ære for seg.

So var kje eg med lenger. eg."

Telane på Indilande

Indilandet er namnet på det store norske nybyggerstroket som strekte seg frå Portage County inn i Waupaca County i Nord-Wisconsin. Det blei grunn-lagt i 1850 og vaks seg stort utover i 1850-åra. Som vi kan lese, busette det seg mange hjartdølar på Indilandet. Det er berre eit utdrag som er tatt med her.

STERKE FOLK

Der var 50 mange sterke folk på Indiland i gamle dagar, etter som Thor Helgeson fortel. Det ser ut til at live der hev vore likt live i heimbygdene. De var dragsmål og karstykke folk rødde om, og dei var mest like gode i den vegen både telar og valdrisar og gudbrandsdølar.

Turid Landsverk frå Sauland tok eingong ein sterk garstaur, opna baa rene på ein kokestov nr 8, stakk stauren gjennom opningi, reiste seg upp frå marki med stoven, og bar han på stauren ei halv mil. Eg ville like åsjå den karen som kunne gjera det."

"Thor Helgeson hev skrive up navni på alle telane på Indiland, og de er mange. Han byrjar i Winnebago county, Town of Winchester og der rundt.

Alt i 1846 eller 47 kom dei fyrste telar til Winchester og ein av dei fyrste var Andres Funer og kone Gro frå Hjartdal og sonen Halvar, som drap seg. Han bruka å samle avgnagne kornkabbar i grisebingane av folk og byte dei bort i whisky med saloonvertane i Neenah. Dei bruka kornkabbane til korkar i krukkur og flaskur.

11850 var det flutt inn 50 mange norske til Winchester at den fyrste kyrkjelyden vart samla, og de fyrste skulehus bygt. Towne vart organisera åre etter. Hjartdølen Johannes Bakkelistulen vart vald til chairman (formann). Han vart sea vald til register of deeds for Winnebago Co og deretter til medlem av Wisconsin's legislatur, der han var den fyrste norske.

Han ha tvo brør som kom hit, Halvar og Kjetil.

Frå 1847 og nedigjenom 50 og 60-åri kom de mange og busette seg i Town of Winchester. Her er nevnde nokre av dei:

Søren Wilson og Anne Åsen frå Hjartdal. Knut Nuson Luraas frå Tinns Austbygd og kone Guri.

Hølje frå Tinn og kone Tone frå Sauland. Dei busette seg fyrst ved Mattison Lake, Muskego, bygde der ei stogu på norsk vis med skorstein i. Flutte so til Winchester, der dei på farnnen sin hadde som eit hotel for reisande. Derfor vart dei kalla Hølje og Tone Tavane.

Halvar Olsen Lia og kone Kari frå Hjartdal. Sonen deira var pastor Olav Halvorsen Lee.

Olav Uvås og kona Aslaug Omnes frå Sauland.

Meistarspelemann Kjetil Skogen frå Sauland og kone Aslaug Sauar. Kjetil døyde med fela i håнди.

Andreas Lia frå Heddal og kone Toril Bø frå Sauland.

Olav Saubø og Bergit, båe frå Tuddal.

Johan Saubø frå Tuddal, kona Thora Tråe frå Gransherad.

Johaunes Saubø (eller Åsen) frå Sauland (d.1921) og kone Anlaug Olsdatter Mork frå Sola.

John Olson Dalen og kone Mari Løksli frå Hjartdal.

Hølje Mæland og kone Anne Løksli. Båe desse var systar av bispen Kuut Gisleson.

Olav Omnes frå Sauland og kone Tone Mørkholt.

Beint Petarson og kone Gunhild, båe frå Sauland. Halvar Dalane og kone Anne Landsverk frå Sauland.

John Landsverk og kone Signe frå Sauland.

Olav Bø og Aslaug Dalane frå Sauland,

Olav Gjuv og Ragnhild frå Hjartdal.

Halvor Gjuv frå Hjartdal og Gunhild Mattison, Winchester.

Søren Gjuv frå Hjartdal og kona Maria Landsverk.

Olav Dalen og Ragnhild frå Hjartdal.

Kjetil Lofthus frå Tuddal og kone Helga Langerud frå Heddal.

Hans Viken og kone Søve Bøen frå Tuddal.

Andres Vestafor og Margit frå Sauland.

Hans Dalen og kone Gunhild frå Hjartdal. Hans drap seg.

Hølje Sviving frå Hjartdal og kone Gunhild frå Sauland.

Knut Hansen Bergan og kone Birgit Maurud frå Sauland. Knut Bergan døde i Andersonville fangelæger og Birgit gifte seg att med klokkaren Peder Lund frå Løyten.

Halvar Kjeldalen og Anne frå Tuddal.

John Petarson og Signe Maurbrekke frå Sauland.

Hans H. Frøland og kone Anne Mork frå Sauland.

Hans var so liten, 50 kalla dei han "Hans so vidt du sern."

TOWN OF ST.LAWRENCE

Anne Landsverk frå Sauland vart gift med Eirik Båslund frå Nesverk. Då Eirik døde ved eit ulykkestilfelle, flutte Anne tilbakars til Winchester.

Helga Kristianson, ei klokkarenkje frå Hjartdal, kom til Winchester og vart gift med ein danske og flutte hit.

Mari Knutson frå Hjartdal, enkje etter Olav Knutson, som drap seg.

TOWN OF HELVETIA

vart organisera 1860, og den fyrste tele som sette seg ned her var Stian Thorson og kone Gunhild frå Tørdal. Olav Bjørnson Ornnes frå Sauland og kone Turid Glittenberg frå Heddal. Dei kom fyrst til Muskego, der dei fyrst stoppa hjå Olav Leine frå Sauland og so hjå kjempekaren Hans Tveito. So flutte dei til Torkel Bjørnson i Rock River, Jefferson Co., og so hit.

Kristen Bjørnson, Nils Juvland og kone Signe frå Sauland.

8 Wisconsin My Home

I 1847 sto det eit bryllaup på Suistugu Bøe i Sauland i Telemark. Det var dottera på garden, Thorild, som gifte seg med den 13 år eldre heddølen Mathias Olson Hefre. Han var nummer fire i ein syskenflokk på sju. Bryllaupet foregjekk i den gamle stavkyrkja i Sauland. Deretter drog følget opp til garden Bøe som ligg nokre få hundre meter unna. Der skulle det feirast etter tidas skikk og bruk. Presten, Søren Hassing Finekenhagen, vigde paret og var med i gjestebodet etterpå.

Dette bryllaupet ville nok berre vore ei line i kyrkjeboka idag, som tusen andre bryllaup i bygda, hadde det ikkje vore for at ei av døtrene som dette paret kom til å få, må ha vore ein framifrå forteljar med eit minne utanom det vanlege. Likevel ville alt vore gløymt om ikkje dottera hennar igjen - Erna, hadde vore like god med pennen som mor hennar var til å fortelje. I 1940-åra sat desse to kvinnene dag etter dag og festa til papiret ei historie som utan tvil må vere av dei beste dokument vi har om daglegliv og fest i ei lita telemarksbygd midt på 1800-talet. Dette gjeld dei 20 første sidene av første kapittel av ei bok på over 200 sider. Resten av boka vidar seg ut til å bli ei skildring som interesserer langt utover Hjartdals grenser, ja langt utover Noregs grenser. Det er nemleg historien om denne familiens utvandring frå Sauland og Hjartdal til småbyen Winehester i Wisconsin USA. Det var nemleg i denne sta-

ten ved universitetsforlaget i delstatshovudstaden Madison, at Erna Oleson Xan (gift med grekaren John Xan) fekk utgjeve moras forteljing i bokform i 1950. Tittelen vart "Wisconsin my home", og språket er sjølvstendig engelsk.

Boka må ha møtt stor interesse, i familien og i lokalsamfunnet der borte, men også blant faghistorikarar. Vi ser at i 1952 vart boka trykt på nytt, og i 1975 kom det ei ny utgåve som gjer det mulig å skaffe boka frå forlaget den dag i dag. Mykje tyder på at boka har vore utbreidd også over resten av USA. På omslaget av 1975-utgåva er det sitert omtaler av henne frå "New York Herald Tribune" og "New York Times Book Review". Der vart det skreve om Wisconsin my home:

Denne enkle forteljinga av og om folket som er saltet på jorda i Wisconsin, er kjelda som gjev oss svar på spørsmåla som alltid følgjer oss:

Kvar kjem Amerikanarane ifrå?" (New York Herald Tribune)

...dreg linene attende til Noreg såvel som ho fortel om pionerdagane her. Ho fortel uvanleg fargerikt og varmt, og gjev det heile heile liv med detaljskildringa. ... biletet av pionerlivet her er levande og ekte. Historiane om farmaren, skogsarbeidaren, predikanten og husmora er på ein måte historien om forfedrene til kvar og ein av oss, som alle eigentleg er emigrantar ... klassisk amerikansk historie." (New York Times Book, Review)

KORLEIS BOKA VART TIL

Det er ein historie for seg sjølv korleis det vart noko av denne boka. Erna Oleson Xan fortel i ein artikkel ho har skreve seinare, at da far hennar døydd i 1941, såg dette ut til å bli eit så hardt slag for enka, Thurine Oleson, at det også såg ut til å bli slutten for henne. Dette var ei utanlandsk nonne som arbeidde på sjukehuset, merksam på, og ho gav dottera Erna ideen å få tankane til mora over på andre ting enn tapet av mannen. Erna var straks med på tanken, utan at ho på det tidspunktet hadde planar om at det skulle bli noko bok av det. Ho berre ba mor si om ho kunne hugse no-

kre av dei gamle matoppskriftene frå heimlandet som dei hadde bruka også etter dei kom til Wisconsin. Det viste seg straks at sjølv om sorga heldt på å knekke den gamle enka, så var minnet hennar 100 prosent i orden, og ho ramsa opp oppskrift etter oppskrift, på lefse flatbrød. rjomegraut og alle dei gamle norske rettane. Dette vart starten, og det forklarar kvifor alle oppskriftene og alle dei andre huslege oppgavene har så stor plass i boka. Seinare utvikla skrivinga og forteljinga seg til den fullstendige familiebiografien vi har i dag.

Det viste seg og at nonna hadde rett i at dette var nødvendig terapi for den sorgtyngde gamle kona, og ho kom til å leve fleire år etterpå og opplevde å sjå livssoga si på trykk i 1950.

Erna Oleson Xan har skreve mykje i livet sitt, og har visstnok også utdanning i dette. Ho har også arbeidd som lærar. Noko av det siste ho har gjort, er ei kokebok med alle dei gamle norske rettane. Den boka er også fylt med bilde frå Noreg og ein del av barndomsminna frå "Wisconsin my Home". Ho har også skreve boka "Home for Good" om oppveksten sin på farmen i Wisconsin. Mykje av sitt vaksne liv har ho levd langt borte frå Wisconsin, i byen Birmingham i sørstaten Alabama, der mannen hennar har vore professor ved ulike eolleges (høgskular). Nå på sine eldre dagar bur ho i Florida.

KAPITLET OM LIVET I GAMLELANDET

Sjølv om det ikkje er nokon amatør som skriv i "Wisconsin iny home", så gjev boka inntrykk av å vere svært enkel og ærleg, utan streng litterær form. Det ein legg først merke til, er den store detaljrikdommen, der ingenting i dagleglivet blir gløymt. Tidleg i boka skildrar ho bryllaupet til besteforeldra, moras foreldre i Sauland. Vi får greie på den minste ting både når det gjeld førebuinga og gjennomføringa av gjestebodet:

...Bryllaupsutstyret til far var ullknebukser med seks sølvknappar nedetter kvar side. Det var sølvknapppar på jakka også. Det skulderlange håret hans var mørkt og fint som silke, og den vide filthatten hans var bretta heilt rundt. Dei lange strømpene han

hadde på var strikka av svært fint garn i blått og kvitt, og vart haldne oppe med lærstrømpeband fastspent med sølv.

Far var omlag seks fot høg, med blide, mørkeblå augo og reinbarbert andlet. Ingenting syntest å få far ut av likevekt. Han var alltid roleg, men auga hans glitra til når han hørde ei god historie...

Seinare får vi skildringa av meir daglegdagse gjeremål. Husmoras arbeid vert nøye forklart, og her kjem oppskriftene inn:

...Eit anna populært bakeverk var lefse. Den kunne ikkje bli lagra som flatbrød. Ein starta med potet til denne deigen. Mor tok 20 kokte irske poteter og mosa dei fint og la til to skeier smelta smør, eller ein halv kopp rjome og salt. Så hadde ho i nok mjøl til utkjelling. Dersom deigen var for tørr, sette ho til ein kopp potetvatn. Deigen til lefse var så stor som ein tallerken når han var kjevla ut. Ho bruka eit glatt kjevle til dette. Leiven måtte vere tynn. Han vart steikt på takka eller på ovnsplata. Når han var svakt brun, snudde mor han med brødskoru og steikte han på andre sida. Lefsa var ikkje sprø som flatbrød, Men mjuk som ei pannekake. Lefsa vart lagt dobbelt når ho blei teken av av takka. Nordmenn lika lefsa varm eller kald og påsmurd. Somme rulla ho saman som ei pannekake og åt ho frå handa. Salta griselabbar eller lutefisk var godt inntil lefsene. ...

Slikt gjer første kapittel til ei så verdifull kjelde til kvardagshistoria vår her i Telemark. Det kan vere litt langdrygt å lese for den som berre er interessert i sjølve handlinga i boka, men vi bør vere glade for at alt er med. Vi får på denne måten greie på mykje om stølsliv, klede, julefeiring, husmannssystemet, gravferder, aktuelt i tida (som var stortjuvane Gjest Baardsen og Ole Høiland), og etterkvart tankane om Amerika som utvikla seg til den snikande feberen som skulle løyse opp mykje av det gamle stabile, men også stillestående Hjordalssamfunnet.

Forteljaren legg fleire gonger vekt på at det ikkje var fattigdom som fekk dei til å utvandre. Ho understrekar at familien var av dei mest velstående i bygda.

Etter bryllaupet budde dei først på Leine i Sauland, men flytte seinare til Gjuv i Hjartdal før dei emigrerte. Grunnen til at dei emigrerte var, ifølge boka, rett og slett "feberen" som førde til at granar og slekt reiste. Dei kjende seg faktisk att aleine og einsamme i Hjartdal.

Og da dei høyrde at borgarkrigen var slutt, drog dei avstad våren 1866. Ferda gjekk frå Skien med seglskipet "Laurdal" til Quebec i Canada, og vidare oppover elver og kanalar til Michigansjøen og Wisconsin i Statane. Sjølve reisa er levande skildra og ikkje utan spennande og dramatiske innslag.

Idet dei vert mottekne av nære slektningar i Wisconsin, går det 30 sider lange første kapittelet mot slutten. Og livet i den nye verda er det resten av boka skal komme til å handle om.

NY HEIM I WISCONSIN

I resten av boka tar kvart kapittel for seg livet i Amerika tema for tema. Barndom, kyrkje, naboar, matlaging osv. Likevel tener ein nok på å lese kapitla i den rekkefølgja dei står, sidan det er ein viss kronologi i det heile.

Noko av det første som skjer familien i det nye landet, er at hovudperson i boka vert fødd, dvs. mor åt forfattaren. Ho får det amerikanske namnet Thurine og er den sjuande av ti born. Ho vert seinare gift med John Oleson som var ein 100% norsk immigrant av Gransherad og Saulandsslekt. Han var son til Tone Daalaan som også emigrerte frå Sauland midt på 1800-talet. Thurine vert altså eg-personen i boka, sjølv om det er dottera som blir ståande som forfattar 84 år seinare.

I kapitlet om etableringa i Winchester får vi høyre om familie-medlemmene, nyfødde born o.l. Men sjølv sagt også om dei mange velkjende sidene ved immigrantlivet. Fattigdommen dei første åra, redsel for indianarane, og heimlengten. Men her også, som elles i boka, møter vi dei nøyaktige skildringane av aktivitetane i dagleglivet. Kapitlet sluttar med ei lita skildring som fortel at kulturbyttet er

i gang mellom dei ulike generasjonane.

...Vi... bygde til og med ein liten veranda ... der bruka bror Ole å sitje å spele fele time etter time på lange varme sommarkveldar. Folketonar og slåttar følgde etter kvarandre utan opphald. Dette fekk dei gamle til å sitje å minnst gode, gamle dagar heime i gamlelandet. Medan vi små straks var ute på golvet og prøva med trippande føter å få til nokre av dei nye amerikanske dansane vi kunne oppleve å få sjå glimt av nå og da...

NYTT LIV, NYE NABOAR, NYE ERFARINGAR

I kapitlet om naboar får vi eit godt inntrykk av mykje av livet i det norske Wisconsin:

...Etter nokre år, da Ola. bror min, hadde teke over farmen, meinte familien at dei hadde råd til å få opp ein skikkeleg låve. Ein del av materialene vart saga av stokkar frå vår eiga myr. Og da alt var samla og klart, skulle vi ha dugnadslag. Dette var om våren, før mennene måtte ut på jorda. Kvar nabo i vid omkrins vart invitert, og tru meg, det vart laga istand mat for heile denne folkemengda. Alle kvinnene hjalp til med å gjere maten i stand. Dei hadde slakta ein kalv for anledningen, og der var hundrevis av smultringar og paiar og andre kaker baka på førehand. Dusinvis av brød var klare, og ein bushel med poteter måtte skrellast. Lange plankebord vart sette opp på tunet, og ein vaskekjele full av rykande varm kaffi vart sett fram saman med all den andre maten.

Middagen vart ei gledesstund, mykje meir eit gjestebod enn ein arbeidsdag. Latter og glede var det overalt. Til og med hundane vart smitta av gleda og sprang omkring. Og barna sprang rundt og maula steikte kaker og lura på når det skulle bli deira tur. Og ville det bli att noko, slik som desse mennene stappa i seg?

Kvinnene svinsa omkring og serverte, og mennene lo og vitsa med dei når dei sede dei fulle matfata omkring. Bror Ole hadde kjøpt inn ølkaggar som skikken var, og dagen vart lystigare og lystigare.

Seint på kvelden var hovuddelen av låven ferdig, og vi var svært stolte over at da avlinga i juni var klar, så hadde vi ein fin ny raud låve å lagre høyet i.

På ein måte var ein stor låve beviset på at ein var over kneiken økonomisk...

Tilhøvet mellom nordmenn og andre folkegrupper og nasjonalitetar har ikkje alltid vore av det beste. Til dømes ser vi av andre historiske kjelder at synet på indianarane har variert frå verste forakt til human forståing og samarbeid. Ei anna gruppe som nordmennene måtte lære å bu og leve saman med, var irarane. Desse var katolikkar, noko som for desse djupt religiøse norske lutheranarane var omlag jamngodt med å vere heidningar. I denne boka får vi likevel eit godt og positivt bilde av tilhøvet til i allefall ein irsk nabo:

...Denne Nesbitt-familien hadde kome frå Irland ei stund etter at folket vårt kom frå Noreg. Og dei snakka engelsk svært gebrokent. Våre folk snakka ikkje engelsk i det heile, så ein skulle tru desse famliane ikkje kunne ha noko å gjere med kvarandre. Dessutan var vi strenge lutheranarar og dei var irsk-katolikkar. Ein kunne ikkje tenkje seg to større barrierar enn språk og religion. Men det varde ikkje lenge før dei vart nære venner. Eg går utfrå at det kom av den gjensidige hjelpa vi var avhengige av i den tidlege tida, ved innhaustning, sjukdom, andre vanskar og vanleg einsemd.

Kvar gong som helst når Matt og den snille kona, Maggie, kom på besøk, måtte eit av barna vere tilstades som tolk. Og du kan tru vi ofte hadde vanskar med å halde oss alvorlege. Men mors skarpe blikk vakta på oss, så vi ikkje mista kontrollen under denne ansvarsfulle prøva. Kvar gong Matt kom og sette seg med det eine beinet over det andre, strauk seg gjennom det store svarte skjegget og byrja snakke på den irske immigrantmåten sin, så skunda mor seg ned den bratte kjellartrappa etter nokre flasker av det heimelaga ølet sitt. Matt smatta med tunga 'fleire gonger og sa: "Da-da", medan han nikka på hovudet og blunka lykkeleg med augo. Så snudde han seg til far og sa: "Ved Judas, dette errr det allerrr beste øl eg kan, få å drrrikke." Det stakkars barnet som skulle oversetje

måtte kvele latterutbrotet og fortelje far høfleg kva iraren sa. Så snart som mogleg måtte ein komme seg ut for å sleppe latteren laus.

Desse to barrierane, språk og religion, kunne ikkje hindre dei frå å vere nære venner i 40 år. Folket vårt hadde alltid skrekk for dei forferdelege katolikkane. Men her var det altså ein from katolsk familie med rosenkransar krusifiks og heilag vatn, og dei var så ytterst snille og trivelege at familien vår mista heilt redsla for den katolske religionen. Og på begge sider vart det ei god lekse i toleranse.

Maggie var ei velbygd og staut kvinne med krølla svart hår og milde blå auger som nesten aldri smilte. Men ho var eit av dei trivelegaste menneske eg har kjent nokon gong. Ho oppdrog dei seks barna sine på ein god og mild måte, og bar immigrantfattigdommen utan klager. Kvar gong når vi barna kom dit, hadde ho noko til oss, ei tomat, eit eple eller ei kake. Kvar gong det var torevær, måtte Maggie dusje heilag vatn over heile huset og alle som var inne. Når dei åt hos oss på fredag, kunne dei aldri røre kjøt, samme kor fint det var, men mor pla setje fram noko sursild til dei.

For å gjere det heilt fullkomment, så var Maggie svært reinsleg, det var det ikkje alle dei irske immigrantane som var. Golva hennar skein så kvite som sand etter skrubbinga. Mor tok snart til å skjøne at desse katolikkane tilbad den samme guden som ho sjølv og hadde like stor von om evig sæle. Ho nikka bestemt med hovudet når ho diskuterte med andre sta lutheranarar og sa: "Dersom nokken bliver salig, saa er det den gamle Nesbitt kjerringa..."

BORGARKRIGEN

Hovudpersonane i boka emigrerte etter at borgarkrigen var slutt, men tilbakeblikk på krigen får vi i kapittelet om Tone Daa-laan, svigermor til forteljaren. Ho kom til USA nokre år tidlegare.

...Det var knapt ein norsk heim som ikkje hadde ein eller annan i nordstatsarméen. Da Lincoln sende ut oppfordringa om 500 000

friviljuge, reiste minst 40 menn frå Winchester-menigheten. Truleg var det ingen av dei som hadde sett ein neger, likevel drog dei ut for å gjere slavane fri. Det var alt dei visste at krigen var for. Som skandinavar hadde dei svært høge tankar om fridom, og dermed var det lett å appellere til dei med ei slik sak.

Eg har ofte lurt på om desse immigrantane forsto kommandoane til den engelske kapteinen.

Brørne til Tone, Halvor og John reiste. John hadde lært å slå tromme i den norske hæren, så det gjorde han her også. Og folk sa han var ein meister til det. Svogeren til Tone Daalaan, Ole (Skare, frå Gransherad), var på ein kanonbåt på Mississippi. Ein annan soldat var den Kjellalden som far kjøpte garden av etter krigen.

Kvinnene vart att for å drive jorda åleine, med hjelp av dei gamle og borna, medan hjarta deira blødde av av angst for kva som kunne skje. Rett som det var kom det bod om at ein eller annan var død i Andersonville-fengselet, nokon var drepen i Shermans offensiv i Atlanta, eller nokon var sjuk på eit hospital i Ohio.

Hans (mannen til Tone Daalaan), var borte omlag i to år, og familien såg han ikkje heile den tida. Tone hørte skjeldan frå han, og til slutt vart det heilt stille. Ho vart smårar av å bekymre seg over kor han var, og kva som hende med han.

Så ein dag kom ho til å sjå ut, og der kom han gåande, tynn som eit skjellett. Vill av glede sprang ho opp for å åpne porten for han. Og ho fekk høre at han hadde gått heile ni miles frå Butte des Morts. Han var dødssjuk da han kom heim og foralde historien sin:

Da han hadde reist gjennom ein by i Alabama, hadde han gått inn i ein restaurant og bestilt eit stykke pai. Verten måtte ha hatt gift i maten, for like etterpå fekk han forferdelege magesmerter og greidde så vidt å ta seg heim.

Han levde berre tre veker etter han kom heim, og Tone vart nesten ikkje seg sjølv lenger av sorg over den gode mannen sin. Da han døydd, laga nokre naboar ei kiste til han, og han vart gravlagt

ved Winchester-kyrkja. Ein kan sjå grava hans den dag i dag med eit lite amerikansk flagg over.

Tone sørgde over han til ho døydde 93 år gammal, sjølv om ho gifte seg att etter nokre år. Den andre mannen hennar (Joseph Olsson Omnes) måtte høyre alt om den framifrå Hans heile livet, og sjå henne peike ut biletet av han i uniform i familiealbumet, medan tårene rann kvar gong namnet hans vart sagt. Ho bruka fortelje til barna mine når dei spurde korleis Hans var: "De hugsar onkel Martin (bror til Hans). De veit kor kjekk og høgreist han var? Well, Hans var endå større og enda finare og flinkare på alle måtar enn Martin...

BARNEY BARSTAD, TOGRØVAREN SOM BLEI PREST

Ein nevø til Tone, (faren var truleg frå Svartdal, da namnet var Barstad), har også livshistoria si i boka. Vi tek med denne for å vise at ikkje alle telemarkingar slo seg til ro som nybrottsmenn og stødige bønder:

...Tone hadde ei syster, Ingeborg, som hadde ein gut som eg vil nemne. Han heitte Bjørn og var eit av 12 barn. Da Bjørn var berre ein ung gut, kom han over frå Noreg med foreldra sine, tre brør og ei syster. Snart hadde han forandra namnet sitt til Barney, men heldt på etternamnet Barstad. Han hadde uvanleg gode evner, og ein skeldan sterk vilje. Men da han var berre ungdommen, tok han til å drikke og danse, og hadde til og med ein kjærast.

Etter ei stund bestemde han seg i lag med nokre andre ungdommar frå distriktet, for å dra vestover. Mor hans låg på det siste i den tida, og han hadde ikkje mot til å fortelje heime at han skulle reise. Så han nærmast sneik seg avstad. Barney var gromungen, og dei såg aldri kvarandre att, for ho døydde nokre få månader etter.

Ute i vesten tok desse unge mennene seg arbeid på jernbanen, og fekk seg jobb ved ei spesiell avdeling. Barney kom i i selskap med ein hard og tøff gjeng, og drakk verre enn nokon gong. Det vart sagt at dei hadde planar om eit togrøveri, men vart så fulle at dei sovna, og toget susa forbi dei...

Etter ei stund kom visst Barney på betre tankar. Han omvende

seg og utdanna seg til prest på seminaret i Red Wing, Minnesota. Han vart kjent som ein god prest og ein stor talar.

KYRKJE OG KYRKJESTRID

Eit interessant kapittel er det om kyrkja. I den tida, og framleis i store delar av Amerika er kyrkja ein svært viktig del av det sosiale livet i nærmiljøet. og hendingar rundt kyrkja avspeglar mykje av sjølve den folkesjela som vi kjenner frå våre bygder, og som sjølv-sagt levde vidare i USA. Presten, pastor Homme, er ein hovudperson i dette kapitlet. Mor hans var prestedotter frå Hjartdal. Og Homme-namnet er også frå Telemark. Han var ein svært streng prest, og til slutt overdreiv han dette, slik at halve kyrkjelyden tok sterk avstand frå måten hans. Dette førde til full splitting i kyrkjelyden. I 1870 braut dei som var imot Homme ut, og dei bygde seg til og med si eiga kyrkje ved sida av den opprinnelege. "Splittelsen" varde i 23 år. Da tilsette dei felles prest, reiv ned begge kyrkjene og bygde opp ei ny i fred og samhald.

Elles vert det sagt ein del om dei moralske tilhøva i miljøet. Det er ei uventa ærleg skildring av dei uheldige sidene til familiane og folket i det norske Amerika. Ein del lureri i handel og nokre andre til dels stygge spikk vert nemnt. Men det største problemet ser ut til å ha vore alkoholbruk. Mange av mennene vart sjuke utan brennevin, vert det fortalt. Her var visstnok nordmennene verre enn andre og vart lite respekterte av "yankeane" for dette. Om dette var vanleg blant dei norske, også andre stader i Midtvesten, skal vere usagt, men annan utvandringslitteratur kan tyde på det. Dessutan er det klart at alkoholmisbruk var eit problem heime i landet dei kom frå på den tida.

Elles vert det hevda at respekten for ekteskapet og det som høyrer til, var stor. Utruskar og skilsmisser høyrde til dei absolutte unntaka. Kvinnene var spesielt moralske skriv ho, sjølv om det av og til vart ein tur til altaret i all hast

EI UTVANDRARHISTORIE MED KVINNEPERSPEKTIV

over til eit anna viktig poeng ved boka Ho er eit dokument der

utvandrarhistona vert sett fullt og heilt med kvinneaugo. Forteljar og forfattar er begge kvinner, og truleg er dei også svært representative for første og andre generasjon av utvandrar kvinner, i tillegg til at dei kan leve seg inn i mor/bestemor Thorild sitt liv og sin lagnad. Vi ser heile tida ein stor respekt for mennene, trass i deira feil og veikskapar. Kvinnene godtek heile tida det som er deira plass og deira rolle i samfunnet. Sjeldan tek dei avgjerder, alltid må dei finne seg i kva mennene finn på i dei store spørsmåla. Vi ser at kvinnene manglar den store entusiasmen for alt det nye og store i USA. Uroa over framtida og heimlengten var nok mykje sterkare her, slik som hos kvinnene i annan utvandrarlitteratur. Vi kan berre tenkje på Christina i Wilhelm Mobergs utvandararbøker, og Beret i bøkene til Rølvåag. Derimot er dei sentrale når det gjeld å løyse alle dei praktiske små og store oppgåvene som følgjer med å etablere seg frå grunnen av i det nye landet, der ein ikkje eingong har vegger og tak rundt seg i starten. Denne kreativiteten til kvinnene var heilt nødvendig i starten for at nyetableringa i det heile skulle vere mogeleg. Dei store vyane om framtid og vokster til rikdom vart overletne til mennene, men vart nok røyndom minst like mykje på grunn av kvinnene.

Den amerikanske delen av forteljinga til Thuringe spenner over omlag 70 år. Siste kapittel handlar om gullbryllaupet hennar i 1936, og i dei aller siste betraktningane hennar er dottera Ema med:

...Eg kan ikkje reise så langt sør for å treffe borna mine, men dei kjem til meg. Ernas John (Xan), er professor ved eit College i Alabama. Dei likar seg godt der nede, men kvart år når dei får ferie, køyrer dei heim for å kvile ut.

John la etterkvart merke til at kvar gong dei kryssa grensa til Wisconsin, fekk Erna tårer i augo. "Kva græt du for?" måtte han spørje. "Eg veit ikkje", svara ho, "det er berre så godt å vere heime".

Dette var midt i depresjonstida (dei harde tredveåra), men John sa: "Eg skal kjøpe ein bit av denne staten for deg, om det så er det siste eg gjer". Og nett den sommaren kjøpte han ei vakker tomt ved Island Point ved Winnebago-sjøen og gav Erna i gåve. Dei bygde ei tømmerhytte der og bad meg om å vere saman med dei der om somrane.

Vi ser utover sjøen der slepebåtane glid roleg forbi øya, og vi tenkjer på min John som drog tømmer på sin onkel Oles slepebåt på samme ruta for 64 år sidan. Nede ved vegen er det kvite huset han bygde før Erna vart fødd. Der hadde vi nokre gode år. Ein liten biltur tek oss til det gamle tømmerhuset der eg slo opp augene for første gong. Og vi besøker den gamle Winchester kyrkja og kyrkjegarden der våre eigne kjære kviler. Og eg kan møte venner eg har kjent heile livet.

Kvar vi enn reiser, så kjem vi alltid attende til staden der Oleson-familien slo seg ned i Amerika for 107 år sidan.

- Wisconsin er heimen min.

9 Amerikabreva

Hundrevis av brev frå Amerika må gjennom åra ha nådd Hjartdal. Berre få av dei finst nå att. Vi har funne fram til nokre, men fleire enn desse finst nok ennå i skåp og skuffar. Det eldste brevet vi har kome over er dagsett i Calmar 5.januar 1862. Brev er nok sendt tidlegare til Hjartdal enn dette, men skrivekunna var ikkje stor blant dei som var vaksne første halvdel av 1800-talet. Brev frå før 1850 er nok difor sjeldne.

Amerikabreva var ofte lange og innhaldsrike, for dei var skrevne av folk som gav seg god tid når dei først skreiv. I breva skreiv dei om det nye landet dei var komne til, om kor mange acres jord dei hadde kjøpt og kor mykje dei hausta av kveite og mais. Prisar på jordbruksprodukt og arbeidsløner var også vanleg å skrive heim om. Den amerikanske fridommen og den sosiale likskapen blei det og fortald om i breva, og naturlegvis om korleis det gjekk med grannar og slektningar i det nye landet.

Det hende nok ofte at breva hadde ein meir optimistisk tone enn det var grunnlag for. Mange rosa landet utan kritikk og smurde tjukt på når dei fortalde om framgangen dei hadde gjort.

Men det kom også brev som fortalde om slitsame reiser, om sjukdom, dødsfall og harde livsvilkår.

Ettersom Amerikabrev blei mange og kjende, tok avisene til å publisere nokre av dei, og dei blei kommenterte og diskuterte i avisspaltene.

BREV SOM KILDER TIL NORSK HISTORIE

Amerikabrev har vore forska på av fleire, om kva for verknad dei hadde for utvandringa, og mange brev er blitt gjeve ut i bøker. Professor Theodore C. Blegens bok er ei av dei mest grunnleggjande i denne forskninga. Blegen var professor i historie ved Minnesota universitetet, og ordna breva i boka si etter kva dei kunne fortelle om amerikansk historie. For Blegen var Amerikabrev dokument frå grasrota og kasta ijos over prosessen som førte nordmennene inn i det amerikanske samfunnet.

Ingrid Semmingsen står her i landet blant dei fremste som har forska på Amerikabrev. Ho har lagt mest vekt på breva som kilder til norsk historie.

Det finst og ein annan måte å studere brevmaterialet på, det er å sjå Amerikabrev som ei form for folkelitteratur. Ved ein slik lesemåte blir breva ikkje herre kjelder til noko anna, men dei blir personlege dokument. Øivind T. Gulliksen ved Telemark Distrikthøgskole har studert Amerikabrev på ein slik måte. Han har hatt ansvaret for å samle Amerikabrev i Telemark, og har ei stor samling. Gulliksen har også vore i Amerika for å finne brev sendt frå Telemark til Amerika.

BREVSAMLINGA TIL KITTEL SOLHEIM

Kittel G. Solheim i Tuddal er truleg den i Hjartdal som sit med den største samlinga Amerikabrev. Han har ialt 27 brev som er sende heim til Tuddal i tredveårsperioden frå 1868 til 1898.

Det er brev frå to generasjonar Solem i USA. Dei fleste er adresserte til Kittil Solem frå søskena, nevøar og ein son i den vestre delen av Minnesota.

Det første brevet manglar avsendar, men det er truleg skrive av broren Torsten frå Minnesota. Legg merke til gardsnamnet som dei tok med seg. Dei første linene er heilt i stil med det som var det vanlege åpningsformularet på tallause Amerikabrev. Brevet er også typisk fordi det handlar om storleiken på garden, avlinga og prisane. I dette brevet står det ingenting om Amerika. I 1870 visste folk om Amerika, det var difor ikkje nødvendig.

Kommentarane til desse breva er skrevne av Øivind T. Gulliksen, og dei er henta frå ein artikkel i Tidsskrift for Telemark Historielag i 1987.

Solem i Holmes City, Douglas County, Minnesota in the U.St. of Amerika Octbr 15th 1870.

Kjære Broder Kittil H. Solem!

Det er nu lenge siden at jeg skrev Dem til og da jeg vet at Du venter paa at høre fra mig saa vil jeg at Leiligheden tilbyder sig sende dig nogle Ord. Jeg vil først bemærke at jeg for ret længe siden har modtaget Brev fra Dig, men har ladet det ligge saa lenge ubesvaret. Du bedes om at have mig unskyldt for min lange Nølen. Jeg maa fortelle Dig at jeg er ved God Helse og Velbefindende til Dato som Gud være lovet og takket for og det er mit Ønske at kunne faa høre det samme fra Dere igien. Jeg kan ogsaa fortelle Dig at Halvor Solem opholdt sig hos mig i fior Vinter, han havde for to Aar siden solgt sin Gaard og kom hertil for at finde sig Land. Han giftede sig i Vaar med en Pige fra Sillejord, og saa drog han længere Vest herfra hvor han har fundet seig frit Land. Vor Broder Halvor nu har kjøbt sig Land her og har nu ta get sig Land der Vest hvor gamle Halvor bor Nu har jeg nogle Nykommerfolk fra Trondheim som Husfolk og skal være hos mig i Vinter Du ser heraf at jeg er alene. Jeg maa ogsaa fortelle at vi have Prest 2-3 Gange i Aaret, og da vi endnu ikke har faaet Os nogen Kirke saa bliver mit Hus benyttet som saadan. Vi skal om mulig til næste Aarfaa fast Prest som kommer til at bo her i Omegnen. Jeg maa nu gaa~ over at fortelle lit mer om Aaret. Da havde vi en meget smuk Sommer afrekslende med Regn og Solskinn saa at Grøden blev meget god, og da vi havde et smukt Høstvær, saa fik vi det godt og vel indbiærget, men blev af det kol-

de Aaret et middel Aar Jeg vil for Moro fortelle hvor meget jeg avlede paa min Farm iaar:

Hvede 280 Bushels 75 B., Byg 90 B., Poteter 60 B. samt andre Producter Besætningen af Kreaturer haver jeg 7 Storfæ, 7 Griser og 9 Saude. Med Hensyn til Kreaturer saa kan man holde saa mange man vil da her er ingen mangel paa Høslaar. Og man kan dermed sige at Jorden er rig og lønnende og som give usigelig Afgrøde. Men saa er det meget som skal ud for en gaardbruger her i Amerika da alleting som man kjøbe er i høie Priser samt høie Skatter som er en Følge afsidste Krig. Arbeidslønnen er temmelig høie saa at den som er alene og saaledes maa leie meget Arbeide saa gaar det meget. Arbeidslønnen var i Sommer følgende: I Jndhøstningen i Dollar og 25 cent, i Høslaaten i Dollar Skatterne paa løse Ting er høie, samt alle Ting som man skal kjøbe medfølger Told, og paa den Maade indkommer en Del af Stats gielden. Jeg kjøbte mig en Plov i Høst, som jeg betalte med 26 Dollars, samt en Vogn som var noget brugt og som jeg gav 65 Dollars. Men en ny Vogn koster 100 Dollars."

Det var ikke uvanlig at billetter til reisa over blei ordna av familie og venner i Amerika og sendt med posten til Norge. I Solemsamlinga finner vi en litt uvanlig variant av dette. I 1872 fekk nemlig Knut Knudsen Pladsen d.y. sendt en billett av Ole Kittelsen i Calmar, Iowa. Billetten skulle dekke hele reisa

...for at Du med den Norske Amerikanske Dampskibslinie kan komme lige fra Christiania og Calmar, Iowa og er Du da kommen saa langt oppe i Landet som du behøver Men der skal jeg see at kunde afrente Dig eller at Du, naar du kommer til Calmar saa spørger Du en eller Anden derværende Norsk som boe i Calmar veien til Little Turkey, saa vil Du finde frem om ikke der skulde være nogen herfra paa den Tid Du kommer der Du har saaledes at holde Dig ferdig til Du faar Billetten og med den Norske Amerikanske Linie har Du nå Kost over Søen, men dufaar see til at Du kan have lit Mad i et skrin saa Du kunde have at par Dage op giennem Landet...

Men i følge neste brev fra Amerika må Knut ha ombestemt seg. Han har ikke benytta Amerika-billetten, og han som har sendt den

er av forståelige grunner ganske irritert:

Jeg har nu i over et Aar ventet paa at høre fra Dig, men forgjeves. Jeg har ogsaa faldet paa den Tanke at Du muligens ikke længe-re var iblandt de Levende. Den Gang Du var i Tanke om at komme hertil, da skrev Du det ene Brev efter det andet med Begjæring om at faa Hjelp herfra for at bestride Reiseomkostningerne, og i saa Henseende gjorde jeg hvad jeg kunde og kjøbte en Billett og tilsendte Dig. Jeg skrev til Dig i denne Anledning, men intet kunde jeg høre tilbage, førend her nogle Dage siden kom et Brev fra en Ole Østensen som kunde fortælle at Du var gift med hans Søster og tillige at Billetten var kommen til Dig, men at Du havde opgivet med at reise til Amerika. Derover forundrer jeg mig storligen. Jeg kan ikke see andet end at det havde været simpel Pligt fra din Side at gjøre Os bekjent med hvorledes det stod til med Hensyn til at Du ikke kom til at benytte Billetten. .

Utfallet av denne saka fortæller breva ingenting om.

Ellers er det brev om arv begge veier. Etter arv i Telemark, kom det brev om at pengene kunne sendes med nye utvandrere. Brevna viser at slektsbanda og bygdetilhørigheten kjentes sterkt. Familien var veldig samvittighetsfull med arv ogsaa fra Amerika. Det gjaldt iallefall i brev til Kittil i Tuddal etter at broren Halvor var død i Minnesota:

Hawley, Clay Co., Minn. Novb. 6th 1882.

Kjære Broder Kittil H. Solem

Jeg har en sørgelig Nyhed at berette Dig og de andre Søkende og Skyldfolk derhjemme, nemlig at vor Broder Halvor er afgaaet ved Døden. Han døde om Morgen den 14de October efter Dagers Sykeleie. Han døde af en indvortes beskadigelse som han havde faaet om Afrenen den 6te October ved at falde af en vogn. Han kjørte hjem fra byen (Hawley) og da han var kommen et par Mil fra sit hjem havde Hestene løbet lybsk og derved kastet ham udaf Vognen. Han var i fuldkommen ædru Tilstand. En Gut som kom gaaende efter fandt ham og fik ham hjem og Læge blev strax hen-

tet, og han gav iførstningen Haab om at han skulle komme sig igien lige til Dagen før han døde. Det blev hentet Præst (den samme Præsten var her da han døde) og han sagde at Halvor havde sine Sansers Brug til nogle faa Øieblikke før han døde. Han sov stille hen i troen paa sin Gud, og var vel fornøid med at forlade denne Verden. Om Aftenen den 14de October kom det en af Naboerne med Bud til mig og Hovde om at Halvor var død. Vi be gav Os paa Veien hid den næste Morgen, man da det var Søndag saa gik det ikke Jembanetog førend Mandag morgen saa vi kom hid Mandag eftermiddag. Det er jeg og Gro og Halvor Hovde som ere her Begravelsen foregik den 20de October Det var femten Vogner i Ligfærden, det var ganske meget Folk. Det var ikke trøsket her saa at vi maate faa det gjort og siden var jeg til Moorhead og indleverte Boet til Skiftereften der...

Breva forteller meir om forholda for bonden i denne perioden, om haglstormer og at prisen på jord i Douglas Co., Minnesota gikk upp utover i 1880-åra, slik at det blei vanskelig for nykommere, som gjerne ville bu nær folk fra heimtraktene i Telemark og skaffe seg land der. Det fortelles om nedgangsår for bonden i 1893. Ellers skriver de at det koster å være sjuk i Amerika, og at en av familien har prøvd lykken med å reise til Alaska.

Etterhvert kommer neste generasjon til, barna begynner på amerikansk skole, blir konfirmert og skriver sjøl til Tuddal. Brevspråket er heile tida norsk, men noen amerikanske ord kommer med. Når Torstein blir gammel, "renter" han bort farmen (forpakter bort). De arbeider med "stim masjin" (dampdreven treskemaskin) for "at harveste" (høste inn). I et brev av 1889 skreiv en gutt til onkelen sin i Tuddal og ba om noe ganske spesielt for mor si:

Moder vil bede om de vilde sende noget kvaao i neste brev du sender Du kan krøste det tunt og legge det i brevet.

Og kvaen må ha blitt sendt, for seinhøstes takka mora i brev tilbake. Brevet er sendt fra Pomme de Terre, Minnesota:

De for ha saa mange tak for den kvaao de sendte mig. Her er

ikke skov runt og om det er saa er det ikke gran og ikke furu før en femti mil fra Os. Jeg skal sende mit portret en gang til Vaaren eller til Høsten vist jeg lever

De eldste av Solem-brevskriverne gir ikke uttrykk for ønske om vendereis til Tuddal, men med Ole K. Solem var det annleis. I 1891 skreiv han heim til far sin fra Kensington. Etter å ha regna opp Minnesotas mange fortrinn, fortsatte han:

...Men allikevel har Norge sine Fordeler, idet minste i en Ting Nemlig at der er Meget Sundere og Friskere Luft der jemme. Her er meget Varmt om Sommeren og ligeledes græslig Kalt om Vinteren saa jeg og min Kone Taler Ofte om vi skulde Selge Vaares Land og Kjøbe igien en gaard Der jemme, og herved er det jeg vil Spørge dig om du ved om Nogen gaard til Salgs der jemme...

Ole K. Solem må i det heile tatt ha vært ganske misnøgd med klimaet i Minnesota, for i 1893 sendte han et nytt livlig klagebrev til Tuddal:

...Sneen faar aldrig lige stil her om vinteren. Det Blaaser og Stormer den ene Dag fra Nord og den andre fra Syd saa det er Mange gange synes paa Livet løst naar vi skal gaa ifra Stuen og til Fjøset naar det er paa det verste . .

Naar det regner her saa er det med Frygtelig Torden og Lynild og svere Regnstormer og ligeledes er her umaadelig varmt og tung Luft om Sommeren saa største delen af Amerikas befolkning maa bruge Medesin om dem skal holle sig Nogenlunde ved Helsen, og til og med er her daarligt Vatn her i Amerika saa en stor del av den opvoksende Ungdom faar Daarlige Tender Og ligeledes er her Daarligt med Skole for Børnene. Her er ingen Norsk Skole. Her er et par til tre Maaneder Engelsk Skole om vaaren, men da er det Noget Langt til Skolehuset og ofte Vind og Haart veir saa ikke Børnene faar gaa stort paa Skolen...

I et seinere brev klager Ole over urolige sosiale forhold i USA, og en annen brevskriver underretter Halvor og Gullik Solem i 1894 om at det er fleire tuddøler som ønsker å reise tilbake fra USA, til

tross for at andre opplysninger i breva tyder på at de har det økonomisk bra. Men det siste brevet er likevel ganske muntert i tonen til klagebrev å være:

...Arbeidere gaar i de store byer i Tusender og forlanger brød og arbeide og her maa naturligvis et gjøres for de fattige. For en Uge siden var her Jembanestreik over hele Amerika som ente med en haar figt (fight=slåsskamp) i Chikago. Militærer blev udkommandert og 20 mand nedskutte...

Mr Halvor og Gulik Solheim

...Jeg er med God Helse og befindende mig nogenlunde men aldri saa fornøielig som i Tuddal. Her er liden Ungdomslust, det er som det er dødt al ting her paa disse Dakota-prerier Her er inkje saa Blomstrans som der hjemme i Norge, men bare slette prerien og den er saa slet som paa et Hav.

...

Her er Daarlige tider i Amerika nu, saa det er inkje veret saa paa lang tid, men vi for haabe at det blive bedre. Vi faar leve i Haabet som Katten i skabet

....

Her er mange Tudøler som taler om at reise hjem til Høsten, men der er inkje visst om det bliver nogot med alle som taler om det. Her er svert varmt om Dagerne nu. Mens jeg skriver dette brev er jeg og Ole Solem i sammen her og nu er det saa varmt at svetten silar saa at papiret bliver bare lort.

I et brev fra 1895 forteller Ole at det nok likevel ikke blir noen heimreise på han med det første:

Kjære Svigeifar,

Jeg maa med Sorg bringe Eder Nogle Ord Da jeg i Dag sider igjen ensammen med Mine 4 smaa Børn. Da min kjære Hustrue er

Død. Her var mange Folk og Presten var her til at holde Ligtalen. Dem syntes jeg har kjøbt en fin Ligkiste til hende. Det var glaslaag paa den og jeg betalte lit over 26 Dollar for Den...

Interessant er det også å legge merke til at den samme Ole K. Solem gjerne ville informere slekt heime i Tuddal om USA ved å tinge på ei norskamerikansk avis for dem:

...Jeg ser i deres Brev at De har modtaget Dekoraposten nogle ganger og undres paa vem har sent den. Afsenderens Navn er mit. Jeg har holt Dekoraposten i omtrent 7 Aar og synes det er et allsidigt godt Blad og da tenkte jeg maaske det kunde interessere Eder der jemme at faa lese et Blad som er utgivet i Amerika da det kan vere forskjellige Nyheder af visse Deler af Landet. Saa det er Nemlig en aargang de kan vente Den en gang i ver Uge...

Dette var bare noen gløtt i en samling Amerikabrev til en familie i Tuddal på slutten av 1 800-tallet. Disse breva har ikke vært nytta før. De viser hvordan alminnelige folk skreiv om det de opplevde av små og store hendinger, av gode og vonde ting, som utvandrerne. Den gir et typisk bilde av en vanlig norsk-amerikansk jordbrukskultur i Minnesota og dens band til heimbygda i Telemark.

"DERSOM NOGEN AGTER Å EMIGRERE, SAA BØR DE MEDBRINGE STORE ULDTØIKLEDER"

Det eldste brevet vi har kome over i Hjartdal er sendt til familien på Århus i Hjartdal i 1862. Originalen tilhører Olav Øygarden. Det er eit tynnsliitt papir, vanskeleg å lese. Brevet har sikkert gått frå hand til hand i grannelaget og er tatt fram att fleirfoldige gongar. Det er Alf Mostue som har skrevet av brevet, som ikkje er heilt fullstendig.

Brevet er svært interessant, fordi det fortel noko om levekår for utvandarane på 1860-talet, vi får vite om borgarkrigen og folk får konkrete råd om at hjartdølar bør ta med seg ullklede viss dei tenkjer på å utvandre.

Kjære Morbroder

I den Tanke at en liden Underretning fra Os vil være Eder kjærkommen, vil jeg nu sende Eder nogle Ord. Baade jeg og mine Forældre, tillige mine Søskend leve alle - Gud ske tak vel, og nyde Helbreden. Intet særligt angaaende Os er indtruffet med Os siden vi sist skrev, heller ikke med de andre af Eders Bekjendte her.

Afvigte Sommer arbeidet jeg for Thov og John Haugeberg, og sidan i Høst har jeg været i tjeneste paa et Gjestgiveri i byen Calmar hos en Amerikaner som heter Bennet, hvor jeg har været siden 20 October Paa dette Hotel har jeg kun 8 dollar pr Maaned. Maanedshyrene ere formedelst de Pengeknappe Tider, som er en Følge af de stedfundne Uroligheder, og hvor længe krisetiden for Os vil vedvare, er naturligvis for Os umuligt atforudsige. Antagelig vil Krigen endnu vedvare længre.

I den seneste Tid have vore Tropper gjort flere Seiervindinger saa vi troe, at Opprørerne snart skulde være tuktede hvis ikke fremmede Magter vilde blande sig ind i Sagen som nu staar paa Nippet om.

Vor Armee er nu steget op til over syvhundre og atten tusinde Mand, og det af lutter Frivillige, og om fornødigten tro vi sikkert, at et ligesaa stort Antal endnu hverver sig frivillig - endog Nykommere gaae i Krigen.

Lønnen for en Soldat er 13 dollar Maaneden og 100 dollars, som tillæg naar Krigen er endt.

Mine Forældre leve paa John Haugebergs Land. Han har der bygt sig et Vaaningshus, der den Deel er Kjelder med paabygning af saakaldt Log, det vil sige Eiketømmer Af Kreaturbesetning have de 3 Kjøer, 2 Kalve, 1 Gris -1 slagtet han i Høst - og 1 Sau.

Tarjer Gunleksen Aasen hilses meget flittigt, og ombedes at skrive mig til med det allerførste, og sig mig da, hvorledes du liker dig i Militarietjenesten i Norge. Af foranstaaende vil de eifare, hvorledes Soldaterne lønnes her, og foruten alt dette have de fri Kost og dessuten 3 Klædninge. Soldaters Koner have ogsaa Maa-

nedshyre og ligeledes Soldaters Børn, som ere under 15 Aar Soldaters Enker faar Pension, og likeledes saarede Soldater efter deres Legemsskader.

Hans Larsen Skoland hilses flittigt med det Tilføiende at hvis han kan bestride Reiseomkostningerne saa er det vidst bedre for ham, at komme her, da her i enhver Henseende er lettere, at erhverve sig Livets Fornødenheder, ligeledes hilser jeg hans Søsken.

Ragne Larsdotter Hæggelie underretter jeg med, at jeg troer det skulle være mere fordelaktig for hende, at komme her. Min Søster Ragnhild have i Løn 1 dollar Ugen i Sommer og Ingebjør 75 Cents, hvoraf sees at Lønnen ogsaa for Piger er noget anderledes end i Norge.

Sidste Høst reiste de begge til en By Dechorah, kun 10 engelske Mile herfra, hvor de tjene hos Amerikanere. Ingebjør antage jeg har omtrent same Hyre som Sønnev. Hun har lært noget mere det engelske Sprog end Ragnhild. Den sidste veed jeg ei hvad hun har i Løn.

Dersom nogen agter at emigrere hid, hvortil jeg dog ikke giver noget bestemt Raad, saa bør de medbringe store Uldtøiklæder Thi disse ere her meget dyre, indtil 6 dollars. Ligeledes Silketørklæde (?) og Vadmaal. Naar de ankommer til Qvebech, bør de sørge om de kunne faa Billet lydende lige derfra til Prerie du Chien, en By paa Visconsins vestlige Grænse ved Mississippi, hvorefter de maa tage tversover denne Flod til Byen Mc.Gregor, hvor det til alle Tider er Norske at træffe og hvorfra der altid er Kjørefølge atfaae lige op til Burrach Springs hvor vi bo...

(Resten mangler.)

"I 1880 FIK JEG OG ANNE BILLET IFRA VORES MORBRODER I AMERICA"

Vi tar her med utdrag av nokre brev som etter måten er nye. Dei er sende av Ole O. Berge, som utvandra frå Hjørtedal i 1880. Brevne er skrivne i Minnesota i 1947 og -48 til Aanund Hardang, tid-

legare lærar i Hjartdal. Dei er utlånte av sonen Arne Hardang. Om ikkje breva er meir einn nokre og førte år gamle, kastar dei mellom anna ljøs over levkåra i Hjartdal på 1860-70-talet. Språket og rettskrivinga ber preg av at avsendaren har vore lenge borte frå Noreg.

Fosston, Oktober 28 1947. Fosston, Minnesota, USA

Gode Ubekjente Venn, Hrr Aanund Hardang, Ytre Hjartdal.

Jeg vil Be dem om Undskylling, om de For Brev ifra en Gammel Hjartdøl som er Over 87 Aar, men som er en av dem som Synes at Se de Samme Huser og Omgivelser som naar jeg var der Enda det er nu 67 Aar Siden jeg Reiste der ifra, men vi Hun grer Efter Nyheder der ifra Vores Kjere Hjartdal.

Jeg er Oppvoksen i din Nabolag Nemlig i Tarjesro, der Levede jeg i mine Ungdoms Aar, og havde Liden Bekymring, men Nu Naar jeg Tenker, Saa er jeg Forundred Vordan Fader og Moder Kunde Give Os 6 Barn Føde og Klåder For der var ikke Hø mere for en Ku end 2 Maaneder om Vinteren, Resten maate vi Erholde Melk av Naboerne, men Folk var Snille med Os, som dem er i Almindeligt i Norge, der Boede vi Intil Vi Rentede en Plads ved Søndre Lohnar, der Boede vi til Min Faders Døds Dag i Høkasen Fjeldet. Da Sad Moder ijen med alle Barn, og Fattig, og vi som var de Elste Maate ud og Kjene Vores Brød det Beste vi kunde, Anne den Elste af Jenterne Reiste til Berge i Omersdal, Som jeg for Staar de er Barne Født Og jeg Kjente et Aar i Mellem Tho, hos Andres og Ragnhild, og det var det verste Aar jeg Oplevet i Hjartdal, for Huset det var Fult av Luss.

Siden var jeg i Rauland, og Vinje, dem Andre av Mine Søstre var der i Bygden, i 1880 Fik jeg og Anne Billet ifra Vores Morbroder i America, Lønnerne de var ikke Store i den tiden, men der var Arbeide for alle som vilde, og alle Folk levde i Flor og Herlighed, Saa Efter jeg havde Betalt min Billet, da var det at Samle Penger til at Moder og dem Andre 4 Jenter, Vilde jeg Udførte i 1882, og vi har Kommet Os Frem Ganske Godt, det var det Beste for mig at Tage Land og Ryde og Bygge, det var et Strev, men den tid var jeg i Ungdommen og havde et Stort Megt Modt, Jeg Over Lod Gaarde n, eller som dem Kalder Farm, til Mine 2 Sønner og Kjøbte mig et

Huss her i Byen og har nu Boet her i 14 Aar jeg har Veret Gift 3 Gange, men har nu Veret Enkemand i 7 Aar og har min Yngste Datter til at Tage Vare paa Mig, Saa jeg kan Sige at jeg har det Godt, Undtagen jeg er Badred med Broketis Hoste, og Pusten den er Tung, som er vel Alderdommen og har Veret Haard med mig Alle Da ge.

Vad som mest Intereserer Os er Vor Langt dem er kommet med den Elektriske Belysning i Hjartdal, om dem har Samlet i Sammen alle de Vand Nord i Heierne, og Gravet Tunelen til Bjørndal og der ifra til Nirisrud, vi har Hørt at dem har satt opp Stolperne til Ver Gaard men det er saa Lant Vi Ved, Vi er meget glag om at Faa Kunnskab om det.

Naar de Viste vor Stor Lengsel vi har for at Høre ifra Vores Barn-
doms Bygd, Saa vilde de ikke Undres Paa Os.

Det er en ting med den Elektriske Belysning Naar de har faaet den i Huset Saa Vil de Aldrig Miste den, den kan Bruges til Drev Kraft og mange Ting, men det Siger Selv at det er Kostbart, Vist dem Første Aar. Byen dem Har Sin Fabrik her og Vi For Lyss Der ifra, men det er Godt og Letvint, Saa vi vilde ikke Vere den Foru-
den.

Jeg har ikke Nogen Slegtninger nu i Hjartdal, Undtagen der Skal Vere en Ved Navn Knutt Brenøimoen, hans moder var Dater til Knutt Hegnin, han var min Farbroder

Nu er der Oprundet en Ny Slegt Siden jeg Reiste der ifra, Den Eneste som Kanskje Lever Saa er det Ole T Bratsberg, men da han var Meget Eldre end jeg Saa er vel Ogsaa Han Død.

Vi havde en God Avling her i Aar, og da Priserne er Tre Gange Støre en Almindelighed Saa Kjener Gaardbrugerne Store Penge Vist dem har Sin Egen Hjelp, men skal dem Hyre Saa er det Kost-
bart, en Daler Timmen og Over, Som jeg Tror er de Mest Interes-
sert i Agerbrug, Saa vil jeg skrive Om forskjellige Opfinsomhed i det Om Raade, dem Gamle Setlere som Maate Bygge og Ryde op Lan-
det dem havde ikke Maskinen, men maate Hjelpe Sig med vad dem

Kunde Erholde, dem Bru gte til at Siare Grønnet med en Hjaa som var Festet til med Nogen Tre Tinder, og Meide ned Akkeren med den og blev Lagt i Render og Samlet og Bundet som vi udførte i Norge, men saa begynte Fabrikkerne at Jøre Maskiner, og da kom det ud en som dem Kalte Riper, den skar Grøned og Lagde det paa en Platform med en Rive som Rakede det av til Paselig Band, som 4 Mand gik Efter og Batt som vi Jorde Hjemme, og Saa Sette Bandene op I Rauker ikke som vi Bru gte Staur, men Saa den Neste Makine var en Maskine som 2 Mand stod paa en Platform og Tog i mod og Batt, den Ligte jeg Bedre for da Behøvde vi ikke at Gaa, saa Fant dem op den Nykeli Binder Som Baade Skar Grønnet og Batt det i Sammen i Band. Da var det bare at Sete Kornet op i Rouk 8 a 10 Band, jeg Bru gte op 3 Av dem Masknner, men det aller Nyeste er en Maskinne som dem Kalder for Konbein, den Kjärer Grønnet og Eleveiter det op til en Treske Maskine, som er paa Satt og Tresker Aislags Grøn og Fylder det i en Kasse som Ta ger 25 Buxsel, og naar den Bliver Fylt bliver den Dumpet i en Vogn, som Tager ifra 50 a 75 Buxsel, Vognen Bliver da Ta get Hjem og Rent ned i en Eleveiter som Ta ger det ind i Grønhuset eller Staburet, ikke Lenger nu ed hester men med Trekter som er Ganske Store.

Da de var Saa Snild at Skrive til Hans Olson Decorah, Iowa, Saa sente han mig Brev paa Laan for at jeg Ogsaa Kunde Nyde Godt av det, og Saa ledes fik jeg din Adresse, Og Efter som jeg der Saag Saa er de en Skole Mester, og har Gvamskretsen, jeg Gik i Skole for Ole Nordby, men jeg kan ikke Sige at vi fik Nogen Lerdøm som vi skulde Have, det var Bare Regilion Hele dagen, nogen Skrivning og Regning det Fik ikke noget Støre av, og Geografi var ikke at Tenke paa, vi viste ikke Vad Kant Sverige og Dannemark Laa Ifra Norge, Enda jeg Gik 7 Vintre paa Skolen, en dell i Midbøn og en tid paa Vinteren i Nord Gjuv, Saa den Lille Øvelse jeg har kan jeg Takke mig Selv for.

Saa vilde det blive en Høitid om jeg Kunde Modtage et Brev ifra dig. Decorah Posten er det Mest Udbret Blad som vi Har, den har vi alle, Han fik Skandinavens Abonent Liste for at Koste Begravelsen, Saa er de paa det Venliste Hilset ifra Mig.

Ole O. Berge"

"Gode Venn Hrr Aanund Hardang, Ytre Hjartdal, Telemark. Norge.

De Spørger om Jeg Kjente en Ved Navn Hans Glittenberg, jeg ved ikke om det er den Samme Person som jeg Kjente, Vi Kalte Denne Mand som jeg Kjente for Aamotten, for han havde Hjartdals Postaabneri i Aamott i Sauland, men Jode noget Fjusk med Penge-
ne og den Blev Frataget ham og Taget til en Handels Mand paa Leine i sauland, og jeg Tror at han kom Paa Straf en Tid, men Reiste da til Norlandet og Var der nogle Aaar, men kom Tilbage til Hjartdal og Satte Sig i et Verelse paa Tveitstulen, han var en god Maler, han malede et Skrin for mig og Satte mitt Navn paa det, men om han var Rosemaler det ved jeg ikke, men han tog paa Alslags Arbejde som han Kunde Kjene Lit med, jeg Husker at han Brugte en Sjøhatt som han Brugte naar han Reiste til Melandsmoen for at Handle, Han var der Nogle Aar, og Moder Hun Sagde at han blev Sykelig og Gammel, og da Reiste han til Sin Datter som var Gift med Kasper Finkenhagen, og som da Boede i Nørde Haugeberg og jeg Tror at han Døde der eller i Hegna, som Kastber kom til Siden.

I Redriver Dalen og Nord Dakota Der Avler dem Mange Tusinder Bussel med Poteter som Gaar for det Meste til Staterne, men nu Har dem Bygget en Fabrik i Grand Forks, og en i Grafton Som Tørker Vandet ud af Poteten Lang Somt Saaledes at den Beholder Sin Raa TilStand, det er Omtrent 90 Prosent Vand i Poteten som Tages Ud, Saa det bliver da som et Skinn Tilbage, men vist du Slaar Vand paa Det Gaar den til Bake i Sin Almindelig Form som Før, Guvermentet dem Kjøber en Mangde med Bussel Saadane Poteter og sender til Europa og Japan, den er da Lett at Fragte, og Lige God, Opfinsomheden er Stor her i America, paa alle Omraade.

Jeg Glemte at Skrive at det var 2 Andre Familier Som Maate Se deres Brev og det Var Kjetil O, Øverbø, og Han Sente det til John H.Hytta og Helga, Hun Sente et Card til Kjetil og Bad om at Beholde det Nogle Dage for at Give hende tid til at Se det Godt i jennem, og da det Kom til Bake havde hun Lest det 10 Gange,

For Nogle Aar Siden Var det en Stor Flom som Ødelagde Megen

Jord i Gvammen, og Da Skrev Dølen Om At dem Vilde Grave en Nyt
Løb Ifra

Grobudalen og Over Aasberget til Traen, han Sagde Ogsaa Vad
det var Beregnet at Koste men det har jeg glemt, Ble det Noget af
det, elle Blev det Lagt paa Hylden til den Neste Flom Kommer, det
Skulde Veret Udførdt for Mange Menneske Alderer Tilbage, jeg kan
Huske Saadanne Flaumer medens jeg var der, men det Maate Blive
Stat Til Skut det Vide Blive for Meget for Bygden,

Jeg har Bestandigt Betraktet den Norske Udvikling meget Nøie
og See vad Fore gaar, men Bestandigt har Jeg Fundet ud at det
Gaar Seent, men idet Siste Synes jeg at den Norske Befolkning Har
faaet Ømene op For Vad dem Trenger, jeg ser at dem Skal Bygge
en Jeren Fabrik dér Nord ved Fana eller vad det Kaldes, det er no-
get meget Paa Krevet, Udlandet har Høstet Gevinsten alle Tider
ifra Norge, for di dem har ikke Seet Store Feill, For i Tiden var det
at Kjøbe All Ting ifra Udlandet, Norge Kunde Blive et af De Største
Fabrik Land i Verden, Tenk dem Store Fossefald som Ligger der til
ikke Nogen Proguksjon, jeg Talte med en Norsk Mand her om Da-
gen om havde ikke Penge, men Sa gde jeg Her i dete Rike America
er ikke en Eneste Fabrik som en mand Eir, men er Dannet af Kopa-
nier, og det Samme vilde Blive i Norge, Sam Eye naar han Wilde
Bygge Fabrik i Rukan Fossen, da Reiste han til Frankrige og Fik Pen-
ge Jenem Aktier Som Franskmenene har der den Dag i Dag, det er
ikke Haart at faa Pende til en Fabrik som er Lønverdige Produktion
ifra de Norske Fabrikker Kunde Efter dem Blev en del Betalt Under
Selge De Udlandets Fabrikker Efter som dem har meget Kostbart
Drivkraft, og Norge Billigt med Sine Vand Fald.

Det maa Vere Meget Fint I Hjartdal nu Efter som dem har Ta get
Bort dem Svarte Stugun som vi Kalte dem, men der var Ogsaa Stue
Bygninger som jeg Tror Skulde Fredes, Jeg Husker det Huss i Nedre
Aakre med Irvension der, med Sin Gamle Skrift, den Stue er meget
Gammel. Jeg Tror der var Bare 3 Tømmer Staaker i Langveggen
men dem var Brede, og Fint Avpusset, Det Beviser at Folket har
Faaet Sjønheds Sans, der er da Siden jeg var der Nye Folk og Nye
Hjem, det er forgalt at jeg er Blevet Saa Gammel, Nu er det For
Sent at Tenke paa at Tage en Saadan Lang Reise.

Vil de Vere Saa Snild at Hilse til Torkel Kringlund ifra Mig, Jeg Minnes godt at Vi var Til Sammen i Skolen i Øvre Midbøn, Vi maa Prise Os Lykelig at vi Har et Saa Godt Legeme at det kan Beholde Vores Liv Saa Lenge, Saa for jeg Afbryde Med en Hjertelig Hilsen til Dig og Familie Ifra Mig.

Deres med Megen Agtelse.
April 271948,

Ole O.Berge
Fosston,
Minnesota
USA

10 Emigrantviser frå Hjartdal

Det er dikta tallause viser om å reise til Amerika. I tidlegare tider må vi hugse på at visa (skillingsvisa) var eit viktig informasjonsmedium. Det var ein effektiv måte å få fram ei historie eller meining på.

Vi har fleire slike viser frå Telemark, deriblant eit par frå Hjartdal. Desse er skrevne av ein Søren Guthus. Han utvandra frå Hjartdal ved århundreskiftet og arbeidde i bank i USA. Han døydd 36 år gammal.

Desse visene vart ofte skrevne for å passe til kjende melodiar i tida eller i tradisjonen. Vi veit ikkje akkurat kva for melodiar som vart bruka til desse tekstene, men av versa ser vi at "Utvandrarvise" kan syngjast til ein melodi som opprinneleg er ei svensk utvandrarvise - "De sålde sina hemman". "Amerikavise" passar til den meir kjende utvandrarvisa "Farvel du Moder Norge, nu reiser jeg fra dig..."

UTVANDRARVISE

Tekst: Søren Guthus

No hev eg fylgt me straumen og kome langt ifrå
den gamle Hjartdalsdalen, med fjell og vesle å.
Her er vel vene gardar på vestens præri-land,
men ingen stad so fagert som heimsens dal og strand.

Det vart so trongt der heime, eg ville ut og sjå
vill vita kva var burtanfyre fjell i lufti blå.
Når hugen byrjar lengta burt yver høge fjell,
då er han vond å venda i draum ein sumarkveld.

Eg sit her jamt og tenkjer på heim med voll og lid;
eg minnest bygdi fager og å med fossen strid.
Eg minnes Hjartdals-dalen han ligg som sveipt i eim
innunder høge fjellet; der ligg min vene heim.

Der heime upp i dalen stend kyrkja som eit ljøs,
dei barneminni lokkar til heim med far og mor.
Der upp i kyrkja vart eg nok døypt i barneår.
Der vart eg konfirmera, då fall der mang ei tår.

Men åri skrid frametter som byljone på hav;
der fylgjer haust og vetter og sumar etter vår.
Me ser at lauvet fine um våren spretter ut
og blom i soli skine og gleder møy og gut.

AMERIKAVISE

Tekst: Søren Guthus

I året nittenhundre, ein dag så fin og klår
den tolvte av oktober, om høsten du forstår,
vi skulle ut å seile frå Noregs hovedstad.
Vi skulle, kan du tenkje, til Nord-Amerika.

Da klokken tolv var slagen, da lød kapteinens ord
at alle som vil fare, nu stige må ombord.
Da veksles mangt et håndtrykk, da hørtes sukk og gråt.
Da skiltes mange kjære, da feltes mang ei tår.

Snart ringte dampskipsklokken, for tredje siste gang.
Maskinen den slo akter, med foss i klare vann.
Og hatt og luer svingtes, fra land det lød hurra
med ønske om vel over til Nord-Amerika.

Nu kom tre lange dage med megen brått og brann,
det sist vi landet øyne, var landet vest for Kristiansand.
Nordsjøen var i opprør med storm og vind forsannt,
eg trur det herska sjukdom den fyrste dag i blant.

Den fjerde dags morgen vi steg i land i Hull
og førtes gjennom gater som glatte stuegulv,
så kom vi på stasjonen og skulle på toget fram,
vi skulle få et blick av fagre Engeland.

Nu kan vi tro vi kjørte, de gikk som en vind,
vi øynet sletter store og mang en by så fin.
Vi kjørte gjennom nuter og over store bro,
og etter fire timer vi var i Liverpool.

"Aseanik" lå ferdig, av "Stjernelinjen" stor,
syv hundre fot i lengde, slikt ukjent er i nord.
Da uken var forløpet, vi så Amerika,
og alle var vi glade, de kan du nok forstå.

Igjennom Castlegården¹ vi måtte alle mann,
De spurte hvor vi kom fra i gamle Norges land,
Der blev vi regnet over, visst nogen manglet da,
så var det klart for alle at bølgen var hans grav.

Så fikk vi oss billetter for reisens siste tur,
og førtes så på toget, nu gikk det i en dur,
vi kjørte i to dager og netter uten ro,
og fikk et blick av landet og så at det var stort.

Snart reisefølge spredtes som løv for høstens vind,
til Minnesota, Jowe og opp til Winsconsin,
til Kalifornias gruber, Klondyke med sitt gull
-erindringer om Norge, om slekt og venn så huld.

Ja reisen til Amerika den syntes vera lang,
men vil du reise over, så finn du sikkert fram.
Nu vil du sikkert gjette hvem visens dikter er
mitt navn er kjent av mange, men utelates her.

I mange viser kunne utvandringa vere ein del av innhaldet i visa.
Slik er det i visa om kjempekaren Torbjørn Fjellstul (Guroson) av
Torbjørn J. Kåsa.

TORBJØRN FJELLSTUL

Tekst: Torbjørn Kåsa

Tone: Gjev det var so væl eg råde

No eg kveda vil ei vise
om ein Hjartdøl som var kar.
Ein som er vel verdt å prise.
I si tid han bjølla bar.
Han var frikar kor han reiste,
båd i by og land og strand.
Han var og vilde vera beste;
Torbjørn Fjellstul heiter han.

I attenhundrad seks og tjuge
var han på Nord-Hjartsjø fødd,
av ætt frå Lonarkjempur druge
som so mykje om blir rødd.
Ola Jarandson, far hans,
var au for sin styrke kjend;
Guro Torsteinsdotter, mor hans,
komen var frå Jondalsgrend.

På Fjellstul høgt i Flatlandlie
under Mælefjellets fot,
der budde Torbjørn meste tie;
der såg han heile bygdi mot.

Slæpesamt der var vel leva
med kjerring og med born små;
men han trottugt sleit og stræva
dreiv i skog og braut i å.

I den tid var størst æra
det å vera kjempekar.
Den som frikar kunne vera
han den gjæve helten var.
Derfor gode karar vilde
Guroson prøve få;
men det gjekk dei stendig ille
å den leiken koma frå.

Fleire namn har born kjære
så med Fjellstulen au var.
Guroson var populære
namnet som han oftast bar.
Og det namnet for så vide,
langt der utom Hjartdals dal.
Han var rette barn av tide;
nærmast ties ideal.

Lika var han av dei fleste,
Guroson, sterk og spræk.
Men mot urett vond han fræste,
og for kjeltringar ein skrækk.
I forsvar han tok den veike,
og ingen undermann tok på.
Med born han kunne gjønne leike,
men ikkje overmann sin sjå.

Når Kjetil Spelbakkhaugen spela,
som var mesterspelemann,
då gamle slåttar ifrå fela
lik som Egderudsfossen rann.
Og Guroson då seg svingar
fint i dansen spræk og lett
i kåte halling, gangar, springar.

Det er rart sku - vore høyrte og sett.

Sku' eg honoms karstak nemne
då blei visa mi for lang,
men det kunne vera emne
til ein saga som gav klang.
Berre eit eg her skal seie,
at den beste kjempekar
som Guroson fekk å greie
det han Kjetil Bergje var.

Fjellstuls born som mange andre
til Amerika drog ut.
Sjøl han etter snart laut vandre.
Der blei mat nok utan sut.
Men det trivsel blei som vanta,
og det er nok vanskar stor
gamal norsk fjellfuru planta om,
på vestens præriejord.

Jamt han seg til Hjarthdal drøymde,
at han såg frå Fjellstul ut.
Gamle minne mot han strøymde.
klårt han såg kvar grend, kvar nut.
Såg gamle Mælefjell som smile
seg imot i kveldsolbrann;
men han måtte gå til kvile
der på Minnesotas land.

Øyde stend no Fjellstulhuset.
Skogen gror innover voll.
Om fortids bjørn kan skogen suse
høgt der uppå ås og koll.
Om me meir kultur har fengje
no me andre tier har,
Guroson enn skal lengje
minnast frå ei ti som var!

Ja syng til Gurosonens minne.

Tenk - om han frå Fjelstul ut
skoda enn, - om det var finne -
makt og mot hjå Hjartøl-gut!
Om me framleis nytte gleda
ser i brote stuv og stein,
og kons fedraminne freda,
og stå saman, kvar og ein!

11 "Nordmændene i Amerika"

Rundt århundreskiftet var ikkje Amerikautvandringa historie. Det var eit sosialpolitisk spørsmål i samtida, og det som vart skreve om saka, var oftast propaganda for eller i mot. Nokon historisk oversikt var ikkje skreven, herre nokre private erindringsbøker, og sjølvsgt tusenvis av brev.

Den første større oversikt med tilbakeblikk på heile fenomenet kom i 1907. Det var ei omfangsrik bok av Martin Ulvestad med tittelen "Nordmændene i Amerika, deres historie og Rekord." Boka har omlag 900 sider og er trykt med gotisk skrift og i stort format. Dette gjer henne lite freistande å ta fatt på. Under arbeidet med dette stoffet, kom vi likevel til å bla fort gjennom boka av di vi såg at hjartdølar var nemnt både her og der.

Boka er ikkje noko reint oversiktsverk. Ho er snarare ei samling av data, krydra med ein god del anekdoter og lengre artiklar. Det må nemnast at forfattaren er ein stor Noregspatriot og har nasjonale mål med boka. Nordmennene skal framhevast som eit folk med særlege kvaliteter, stor innsatsvilje og høg sivilisasjon og kultur, særleg sammanlikna med indianarane som vert sterkt nedsetjande skildra gjennom delar av boka.

Ein av hovuddelane av boka er der han tek for seg den norske busetnaden i Amerika stat for stat og county for county. Han nemner dei første settlarane i kvart county, litt om menighetar og kyrkjer og litt om norske stadnarnn i countyet. Vi finn i denne delen at hjartdølane dukkar opp med jamne mellomrom, særleg i dei eldste norske distrikta. Seinare, når masseutvandringa frå Noreg er i gang, vert dei meir borte i mengda. Eit problem er at det ofte er nemnt at folk er i frå Telemark, utan nærmare bestemt bygd. Ofte

kan det vere namn som finst i Hjartdal, men også i andre bygder. Vi har oftast hoppa over desse her. Enda verre er det når det bare er -sen og -son-namn som er nemnde. Vi må nok gå ut frå at mange hjartdølar ikkje er med i oversikten vår på grunn av dette.

VAR SONEN TIL PRESTEN EILERTZ DEN ALLER FØRSTE UTVAND- RAREN FRÅ HJARTDAL?

I forhistoria til utvandringa er det nemnt ein del sporadiske utvandrarar frå tida før Cleng Peerson utløyste masseutvandringa på 1800-talet. Her står det om ein Johan Christoffer Eilertz frå Hjartdal? (med spørjeteikn) Vi veit at Jens Eilertz var prest i Hjartdal og Gransherad 1745-1765. Derfor kan det tenkjast at J.C.Eilertz var presteson frå Hjartdal. Kyrkjeboka kan eventuelt dokumentere dette. Han var i alle fall fødd i 1753 "...studerede Theologie ved Københavns Universitet, var Lærer i Christiansfeld og blev i 1791 kaldt til lærer ved Gutteskolen i Bethlehem, Pennsylvania. Han var en udmerket lærer. Døde ugift i 1839..."

Dette er truleg den aller første hjartdøl i Amerika, men han står sjølvsagt litt på sida av seinare utvandringshistorie.

"MIN MODER LAVEDE KLÆDEKURVER AF VIER"

Under Waukesha Country, som omfattar mykje av Muskego, vert det nemnt ein Andreas Fløran (Frøland?) som kom til Muskego i 1839. Han er registrert som heddøl, men namnet tyder på at han var saulending. Der er også nemnt Ole Jonson Landsverk som budde på sin farm til 1901 da han døydde 94 år gammal. Mykje tyder på at dette er ein tuddøl.

I omtalen av Walworth country i Wisconsin er vi alle fall på trygg grunn, for der står det ei lang skildring etter tuddølen Osmund O.Hogstul. Han hadde slått seg ned der saman med mellom andre Halvor Olsen Valkaasa (ein morbror?) frå Sauland og nokre heddølar og vesttelemarkingar. Særleg reisemåten er svært typisk for dei tidlegaste utvandrarane:

Vi drog ud fra Norge i 1846 paa en tomastet Brigg ved Navn "Washington". Den var bygget i New York og førtes af en norsk Kaptein, Simon Cook. Han tog ind Jernladning i Tvedestrand. Over-

reisen til New York tog oss 9 Uger og 2 Dage.

Fra New York reiste vi med Kanalbaad til Buffalo og derfra med Dampskib til Milwaukee. Milwaukee var en ganske liden By dengang. Der var bare nogle faa Butikker Derfra dro vi med Oxer og Vogne til det saakaldte Skoponong Settlement ved Whitewater. Da vi kom did, laa nesten alle Settlerne i Koldfeber. Det var en sørgelig Tilstand.

Vi begynte strax at rydde og brække Land, og om en Tid kom vi saa langt at vi kunde avle lidt Hvede. Men vor Avling maate vi kjøre helt til Milwaukee, ca 50 Mil, med Oxer. Der fikk vi saa 25 Cents pr Bushel* for den, somme tider kunde det være nogle Cents mere. Arbeidslønnen var 25 Cents om da gen for Høst- og Vaararbeide. I Høonnen og Harvesten (Skuren) var det 50 Cents. Forresten var der lidet Arbeide at faa.

Mine Foreldre var i Lighed med de andre Settlerne noksaa fattige. Men min Moder lavede Klædekurver af Vier, disse bar hun paa sin Ryg udover Prærien til Amerikanerne, hos hvem hun byttet dem bort i Mel, Flesk og gamle Klæder, saa at vi ikke skulde lide Nød.

Om en to eller tre Aar kom Koleraen ind i Milwaukee, saa næsten halve Befolkningen døde. Vi kunde da ikke komme did med nogen Ting. Der blev imidlertid bygget en liden Mølle i Whitewater, hvor man ogsaa oprettede en Landhandel. Vore Besværligheder blev saaledes forminskede en Del.

I det norske Settlement i Muskego, 30 Mil østenfor oss, laa man ofte i Kamp med indianere, som var meget slemme i det Strøg. Vort Settlement besøgte de ikke ofte. Vi var forresten forsynede med store Nyfundlandhunde, som satte skrekk i Blodet paa dem. Nyfundlandhundene var vort sikreste Beskyttelsesmiddel mod Indianerne."

(O.O.Hogstul budde dei siste åra i Rockford, Washington.)

I Chicksaw county, Wisconsin (Chickasaw i staten Iowa må heller vere meint) var John Landsverk frå Tuddal og John Svennungson frå Saude (Sauherad) dei første nordmenn i 1854.

Fillmore county, Minnesota: Johannes Tho frå Hitterdal er nemnt. (Truleg heller frå Hjartdal eller Gransherad)

Dodge county, Minnesota: Jacob Knudsen Thoe. Der er også eit postkontor med namnet Thoe. (Seinare nedlagt)

Halvor Opsahl frå Hjartdal var den første i området rundt Bath, Freeborn county. Han slo seg til der i 1857.

Strøket rundt Albert Lea, Minnesota, som i dag er ein større by, var ...dengang et Vildnis fuldt av Indianere og Rovdyr ... Moskitos, Orme og anden Styggedom ..." seier ein seinare settlar frå samme stad.

Hans Kittelsen, Hans Halvorsen, Kittel Halvorsen, Hans S. Stordahl og Halvor Halvorsen (alle?) frå Hjartdal, var mellom dei aller første i Stearns county midt i Minnesota.

I Codington county, Sør-Dakota, er G. H. Stuverud nemnt som ein av dei første i 1879. Vi kan vel gå ut frå at han var frå Tuddal. John Kaasa frå Heddal og Andreas Stuverud frå Telemark er nemnt like etter. I slutten av avsnittet står det at Gunder H. Stuverud var den første som representerte Codington county i statens legislatur (Lovgjevande forsamling). Han vart vald i 1892.

HJARTDØLAR I BORGARKRIGEN

I ein annan hovuddel av boka kjem ein oversikt over "Nordmænd i Amerikanske Krige".

Borgarkrigen i USA (1861-65) er velkjent frå historiebøker, film og litteratur, likevel skal vi repetere litt av den historien:

Sørstatane og nordstatane hadde utvikla seg til svært ulike landsdelar, særleg med omsyn til næringslivet. Nordstatane var meir industrialiserte, og landbruket var prega av mange nye europeiske innvandrarar, medan sørstatane var prega av landbruk i svært stor målestokk, bomullsplantasjar mellom anna. Her hadde dei tradisjonane med slavehald som var billigaste arbeidskraft.

Da det vart snakk om innskrenking eller forbod mot dette, utløyste det eit opprør frå Sørstatane mot den nasjonale regjeringa. Fleire sørstatar ville ha' sjølvstyre for å kunne avgjere slavespørsmålet til sin fordel.

Folk i nordstatane, for eksempel dei norske innvandrarene, visste vel knapt kva ein neger var, men dei skjønna nok at slaveriet var mot dei demokratiske tradisjonane som etter kvart vart innarbeidd i folket. Dessutan skjønna dei faren for at det nye fedrelandet skulle bli sputta opp, så mykje av krigsinnsatsen var for å halde unionen samla.

Til og med utover dei "norske" bygdene gjekk det opprop om frivillige soldatar. Hans Heg' vart da leiaren av det 15. Wisconsin-regimentet som kom til å få eit ærefullt ettermæle, sjølv om både Oberst Heg og mange av soldatane fall ved Chicamauga i Georgia, hundrevis av mil heimanfrå. 15. Wisconsin var eit skandinavisk regiment, men heilt dominert av nordmenn. Dessverre går det ikkje fram av Ulvestad-boka kven av personane som tilhørde dette regimentet.

Det bør også nemnast at det var nordmenn som kjempa på sørstatssida. Dette var nokre av dei få emigrantane som hadde sleg seg ned i Texas.

Vi finn ingen høgare offiserar som vi sikkert kan spore tilbake til Hjartdal, men i alle fall to korporalar. Desse er:

Kittil Halvorsen som blei såra i borgarkrigen. Budde i Marlow, Sør-Dakota. (Kjelldalen, Kongressmannen)

Carl Torbensen frå Sauland, vart såra tre gonger i borgarkrigen. Budde i Minot, Nord-Dakota 15th Wisconsin (sjå webside)

Av 4042 norske menige soldatar har vi desse:

Anders Andersen (Andrew) frå Hjartdal. Borgarkrigen. Døydde i Louisiana. Budde i Manitowoc, Wisconsin.

Drengman Aakre frå Telemark. Borgerkrigen. "Blev tagen til fange i slaget ved Shiloh, døde i Ridgeway, Iowa."

Ole Bjørnson frå Hjartdal. Borgarkrigen. Han budde i Manitowoc, Wisconsin, men døydde i Louisiana.

Ole Evensen, Hjartdal. Borgarkrigen. Budde i Manitowoc, Wisconsin.

Halvor Halvorsen, Hjartdal. Såra i borgarkrigen. Budde truleg i Stearns, Minnesota. (Kjeldalen?)

Halvor Halvorsen, Hjartdal. Borgarkrigen. Budde i Brooten, Minnesota.

Hans Halvorsen Kjeldalen, Hjartdal. (Tuddal) Borgarkrigen. "Mistede synet paa sit ene øie ved Krudtgnister fra en Kanon. Var fange i Andersonville i længere tid." Overlevde og budde i Belgrade, Minnesota.

Søren Halvorsen, Tuddal. Såra i borgarkrigen. Levde i Belgrade, Minnesota. (Kjeldalen)

Søren Hansen, Hjartdal. Borgarkrigen. Budde i Manitowoc, Wisconsin.

Ole O. Hogstel, Tuddal. Borgarkrigen. Døydde ved Fort Henry i Tennessee. Var frå Walworth, Wisconsin. Må vere far til den som har historia si i Ulvestad (Ole D.H hos Torbjørn Greipsland)

Ole Johnsen Jarshaw (Hjartsjø), Hjartdal. Såra i borgarkrigen.

Søren Juv, Hjartdal. Borgarkrigen. Budde i Woody county, Sør-Dakota.

Hans Kittelsen, Hjartdal. Borgarkrigen. Frå Brooten, Minnesota.

Ole Kittelsen, Sauland. Borgarkrigen. Budde i Winchester, Wisconsin.

Kittel K. Lee (Lia eller Lid?), Tuddal. Borgarkrigen. Budde i Kongsberg(!), Nord-Dakota.

Ole Sersland, Hjartdal. Borgarkrigen. Norman county, Minnesota.

Hans Swenson, Sauland. Borgarkrigen. Stearns county, Minnesota.

Søren Swenson, Sauland. Borgarkrigen. Stearns Co. Minnesota.

John Torbensen, Sauland. Indianarkrigen og borgarkrigen. McLead Co. Minnesota.

Theodor O. Torbensen. Far frå Sauland. Spansk-Amerikanske-Fillipinske krig. (år 1898) Fingal, Nord-Dakota.

Thomas Torbensen, Sauland. Borgarkrigen. McLead, Minnesota.

Torkel Torkelsen, Sauland. Borgarkrigen. Døydde i Watonwan Co. Minnesota.

HJARTDØLAR I OFFENTLEGE STILLINGAR

Thos. Lohner. Kasserer i Audubon county, Iowa. (Kasserarstillingen er eit offentleg embete i delstaten.)

John Stuverud fra Telemarken. Kasserer i Dodge Co. Minnesota.

Christof Evensen, Sauland. Budde i Houston, Minnesota. Var medlem av statens legislatur. (Lovgjevande forsamling)

Edv. 5. Reishus. Oppgjev foreldre frå Tuddal (kan vere forveksung med Flatdal). Var rettsskrivar i Lyon Co., medlem av statens legislatur og "Chief Gram Inspector" (kominspektør?) for Minnesota.

Kittil Halvorson Kjeldal. Frå Brooten, Minnesota. Var medlem av statens legislatur.

Carl Torbensen, Sauland. "Commisioner. Nævnt blandt Legislaturmedlemmene Ward County". Budde i Minot, Nord-Dakota.

Ole O. Aaker, Hjartdal. Budde i Flandrean. Kasserar i Woody

country. Sør Dakota.

J.J. Aaker, Hjartdal. Budde i Flandreau. "Commisioner Woody country". Sør-Dakota.

John/Johannes Amundsen, Hjartdal. Budde i Winchester. Vald 1856 til statens legislatur for Wisconsin.

O. H. Lee, Hjartdal. Prest i kyrkjesamfunnet "Den Norske Synode". Milwaukee, Wisconsin.

FLEIRE HJARTDØLAR FRÅ BOKA TIL ULVESTAD

Hjartdal, øvre Telemarken

Charles Amundsen, gaardbr. Larsson, Wis. (Wisconsin)

Johannes Amundsen, Medlem Statens Legislatur. Winchester Wis.

Ole Andrewsén, pionerprest, Clinton, Wis.

Elling O.Berg, gaardbr., Whalan, Minn. (Minnesota)

Anders Bensen F.F. gaardbr., Waupun, Wis.

Sven Engebretson (Espelien), gaardbr., whalan, Minn.

Østen Engebretsen (Espelien), gaardbr., Whalan, Minn.

Sam Eriksen, gaardbr., Sauk Senter, Minn.

John O.Flatland, gaardbr., Decorah, Ia. (Iowa)

S.K. Bekhus, bogholder, Sleepy Eye, Minn.

Syvert Gullikson, gaardbr., Praire Queen, S.D. (Sør - Dakota)

Christ O.Halvorsen, borgerkrigsveteran. Brooten, Minn.

Bemt Haraldsen, gaardbr., Currie, Minn.

Ole Helgesen, gaardbr., Lutsen, Wis.

Ole O.Hjeldal, gaardbr., Madison, Minn.

Ole Helgesen, gaardbr., Winchester Wis.

Søren Hansen; soldat borgerkrigen; R. Maitowoc Co., Wis.

John E. Lofthus, gaardbr., Adams, N. Dak. (Nord - Dakota)

Halvor H. Lia, gaardbr., Winchester, Wis.

Charley J. Meland, gaardbr., Belmont N. Dak.

Anund A. Meland, gaardbr., Woodford, Wis.

Ambros D. Moen, gaardbr., Manchester, Minn.

Ole O.Norby, gaardbr., Minnesota, Min.

John M. Olsen, gaardbr., Paskin, Wis.

Mathias Olsen Juv, gaardbr., Winneconne, Wis.

John J. Petersen, gaardbr., Fingal, N. Dak.

Kittel Kittelsen, Kasin, gaarbr., Hoople, N. Dak.

Halvor H. Solem, gaardbr., Havley, Minn.

Hans Paulsen Stensrud, gaarbr., Center, Neb.

Ole Svalestuen, gaardbr., Sand Creek, Wis.

Hellek K. Aakre, gaardbr. Hayfield, Minn.

Helge Amundsen, gaardbr. Larsen, Wis.

Hans Johnsen Hovde, Kjøbmand, Evansville, Minn.

Torbjørnsen Olsen Lofthus, gaarbr., Sand Creek, Wis.

Søren Olsen Risvold, gaardbr., Linn Grove, Ia.

O.H. Swensen, gaardbr., Urkdale, Wis.

Thor Sigurdsen (Haatveit), gaardbr., linn Grove, Ia.

Kittil Sørensen, arbeider, Belmont, N. Dak.

Knut Thompson, gaardbr., Flom, Min.

Tom Thompson, gruvearbeider, Mckinley, Minn.

Tove Toveson, gaardbr., Campbell, 5. Dak.

Hans O.Twedt, snedker. Kasson, Minn.

Halvor Amundsen Uvaas, gaardbr., Fenché, Wis.

Tuddal, Telemarken

Hans Bernson, gaardbr., Ft. Ransom, N. Dak.

Johannes O.Dahl, murer, Ft. Ransom, N. Dak.

Halvor Engebretsen, gaardbr. Whalan, Minn.

Halvor Halvorsen (Kjeldahl), soldat borgerkrigen. Steams, Co. Minn.

Hans Halvorsen (Kjeldahl), soldat borgerkrigen. Belgrade, Minn.

Søren Halvorsen (Kjeldahl), soldat borgerkrigen Beigrade, Minn.

Ole G. Hovde, smed, Balfour, N. Dak.

Hans G. Hovde, gaardbr., Balfour, N. Dak.

Thom G. Hovde, gaardbr., Balfour, N. Dak.

Thom. T. Hovde, gaardbr., Oakville, N. Dak.

Thorstein S. Hovde, gaardbr., Kensington, Minn.

A.O.Hogstel. gaardbr., Rochford, Wash. (Washington)

Thomas Johnson, gaardbr., Park River, N. Dak.

Ole M. Kjeldahl, gaardbr., Belgrade, Minn.

Knut Knutson, Maskinist, Akely, Minn.

John Landsverk, Pioner, Saude Ia.

Hans O.Runningen, gaardbr., Fort Ransom, N. Dak.

Peter J. Landsverk, gaardbr., Saude, Ia.

John Lunde, Gaardbr., Church Ferry, N.Dak.

Ole O.Runningen, gaardbr., Fort Ransom, N.D.

Ole O.Sauby, borgerkrigsveteran.Elbow Lake, Minn.

Hans Paulsen Stensrud, gaardbr., Center, Nebr. (Nebraska)

Henry Swenseon, gaardbr., Belgrade, Min.

Ole O.Tjøn, gaardbr., Bottoneau, N.Dak.

John Torgrimsen Sneaasen, gaardbr., Ihen, Minn.

J. T. Tvedten, gaardbr., Elisa, N. Dak.

Sauland, Telemarken

H. H. Aaker, skolebestyrer, Fargo, N. Dak.

Ole Anderson, arbeider, Glenwood, Wis.

Ole Johnson Bakken, gaardbr. Larson, Wis.

Even Evenson, gaardbr., Dalton, Minn.

Hans Johnson (Bergen), gaardbr., Harmony, Minn.

Ole O.Landsverk, Hotel, Cameron, Wis.

Ole A. Lia, gaardbr., Winneconne, Wis.

Ole K. Listul, gaardbr., Hoople, N. Dak.

John H. Thorkelsen, gaardbr., Beigrave. Minn.

Charles Kittelsen, gaardbr., Leeman, Wis.

George Kittelsen, gaardbr., Leeman. Wis.

Henry Kittelson, gaardbr., Leeman, Wis.

Ole Kittelson, gaardbr., Leeman, Wis.

Ole Kittelsen, borgerkrigsveteran. Hilda, Wis.

Ole R. Nelson, gaardbr., Leeman, Wis.

Sam Olsen (Lohner), gaardbr., Pipestone, Minn.

Ferdinand O.Omnes, gaardbr., Winchester, Wis.

Hans Evenson, soldat borgerkrigen, Stearns Co. Minn.

Søren Evenson, soldat borgerkrigen, Stearns Co. Minn.

Greger O.Sørensen, gaardbr., Elbow Lake, Minn.

Torgim T.Viprud, prest, Minneapolis, Minn.

Ole Olsen Øyestulen, gaardbr., Leeman, Wis.

12 Og så stort elt va"

I dette kapitlet som kunne hatt undertittelen "smått og stort om utvandrarar frå Hjartdal", har vi samla opp ein del meir tilfeldig stoff og ein god del bilde. Mykje meir er å hente rundt i bygdene, men vi lar dette representere den lettare delen av utvandrarhistorien.

Stubbar fortalde av Ivar Dahl, Tuddal

Hans Sjoåsen Greivjord, fødd i 1857, reiste til Amerika, truleg ein gong i 1870-åra.

Han var da gift med Gunhild H.Espeli. Dei skulle vera det stau-taste brureparet som gifta seg i Tuddals kyrkje. Men Gunhild døydd-
de i barsel i Amerika, og Hans skreiv til gamlekjæresten Margit Vi-
ken i Tuddal, og ho kom over til Amerika og gifta seg med Hans. Dei fekk tre bam, ein av dei var Gustav som seinare overtok Greiv-
jord.

Hans var med og bygde jamveg i Amerika. "Det er pengar i to gode nøvår", sa han. Emgong han var på arbeid, grov han seg gjen-
nom ein grushaug. Så oppdaga han noko på krafsebrettet, og der fann han ein medaljong og ei perlebrodert nålepute.

Det viste seg at Hans hadde kome over ei indianergrav. Medal-
jongen var av ekte gull, og truleg noko som indianarane hadde røv-
va frå europearar. Medaljongen finst framleis på Greivjord, nålepu-
ta gav Gustav bort til ei sjukepleierske da han var sjuk og låg på St.

Josef i Porsgrunn.

Gustav, som var son til Margit og Hans, vart fødd i Wisconsin og kom attende til Tuddal ca 1900 saman med foreldra og resten av familien. Særleg Margit hadde vantrivst i Amerika.

Hans Greivjord skulle ha vore ein staseleg og sprek kar. Han var på eksis på Gråtenmoen da kong Oscar emgong kom ridande på ein kvit hest. Hesten gjekk sidelengs og kongen forlanga å få fram ein soldat. Bataljonsjefen bad da om at Hans Greivjord skulle kome fram og gjere handgrep med geværet. Det gjekk så fint at kong Oscar gjekk ned av hesten og tok Hans i neven.

Hans døydde i 1946, da var han 86 år gammal,

Eingong Hans var på stulen og slo, møtte han ein engelsk turist. "Takk for sist", sa Hans, dei hadde møtt kvarande for mange år sia, på Amerikabåten.

Kitil Gjuvstullia var ein dugeleg flink bygdesnikkar. Det finst mange stuguinnreiingar etter han i Tuddal, på Greivjord, i Haugen og mange andre plassar. Han var gammal da han reiste til Amerika. "Håffer ska eg sitja att her aleine," sa han da resten av familien ville reise til Amerika.

Like ved Greivjord ligg det ein åkerlapp som kallast Torsteins-stykkje

Åkeren har namn etter Torstein som var lauskar og braut for seg sjølv. Da åkeren var brote, drog han til Amerika. Torstein tok jobb som barkeeper over der, og blei drikkfeldig, blei det sagt.

Ein fattig familie som budde i eldhuset på Greivjord drog alle til Amerika. Men da dei kom til England, måtte dei snu, kona i familien var ikkje heilt som ho skulle, og dei kom attende til Tuddal.

Kitil Nord-Våle bygde skyskraparar i Amerika, og han la ikkje skjul på det da han kom attende til Tuddal etter nokre år. "Den Kitil, den Kitil", sa folk, "og så stort elt va".

Kitil fortalde han var så flink i høgda, det var difor han fekk jobb med å byggje høge hus. Han fortalde elles at indianarane var så flinke i høgda og difor fekk jobb med å byggje skyskraparar. Eingong fortalde Kitil om ein neger som ramla ned og blei støypt inni muren. "Me hadde ikkje tid til åstoppe", sa han.

Ein gong var Kitil med og sette opp kokehytta på Bitringsnatten. Det var vel ikkje rare hytta, så han blei gjort narr av, det var ein turist som kom forbi. "Har du bygd noe særlig før du da?" spurde turisten. "Well, nokre hotell og skyskraparar", svara Kitil.

Hølje Haugen, også ein tuddøl som kom attende frå Amerika, gjekk ofte fillut og fælt kledd. Ein gong møtte han nokre engelske turistar på "Foreningen," og dei gjorde narr av Hølje, på engelsk. Men då fekk turistane ei overhøvling på engelsk, som dei nok ikkje gløymde. Hølje hadde lært seg å banne i Amerika og skjøna alt dei sa.

Ivar Dahl fekk låne fela til Hans Juvstul ein av dei fyrste gongane han var i Tuddal, det var i 1966. Ivar ville prøve å spele litt. Fela var lima i "skellen".

Hans sa då at det var ein indianar han hadde slegi i hue, så fela rauk av. Hans Juvstul var nokre år i Amerika og hadde fela med seg.

Søren kom attende til Hjartdal Joleftan 1895

Stubbar fortald av Halvor Sisjord, Hjartdal

Det gjekk ikkje upåakta når sambygdingar reiste til Amerika. Kven som reiste frå dei ymse gardane og korleis det gjekk med emigrantane var samtaleemne når folk møttest.

Søren Høgetveit Sisjord var ni år i Amerika. Mykje av tida arbeidde han på eit sagbruk i Wisconsin. Han reiste i lag med mor si Gunhild, ho døydde i Amerika. Søren kom attende til Hjartdal joleftan 1895.

Frå Hovdejord midtre, reiste det to gutar i 1 880-åra. Det var Olav og Søren. Søren vart verande i Amerika. Men Olav kom heimatt, gifte seg med Ingebjørg Åbø og kjøpte søndre Særsland.

Frå plassen Kruserud utvandra det seks av ein syskenflokk på ni. Fire reiste før hundreårsskiftet og to etter. Den yngste Ole, var på Hjordalsbesøk i 1972. Han lever framleis, er 97 år og bur i byen Cold Lake i Canada.

Frå plassen Grippenstad reiste det ein som i Amerika kalla seg Hans Olsen. Han slo seg ned i byen Decorah i Iowa. Bestefar fekk den kjende "Decorahposten" regelmessig som gave av Hans Olsen så lenge han levde.

Hillman Særsland

Hillman Særsland vart fødd i Amerika, men kjende røtene til Hjordal svært sterkt. Han besøkte Hjordal seks gonger. Halvor Sisjord seier om han at han var ein røsleg og omfram kløktig kar. Hillman snakka god gammal hjordalsdialekt som han hadde lært av besteforeldra, Harald og Bergit Særsland.

Han gav besteforeldra denne attesten: "Dei var nyttige med tida, nøysame og gudfryktige."

Hillman hadde drive som farmar, forretningsmann og politkar. Han døydde i 1986, 78 år gamal. Kona hans, Irene lever framleis. Dei har tre bom som alle er busette i Decorah-distriktet.

Kjelidalen, ein utvandrarfamilie med mange etterkomarar i Amerika

Opplysningar frå Aslaug og Kjetil Våle i Tuddal

Frå garden Nord-Kjelldalen i Tuddal reiste i 1848 Anne og Halvor Olsen Kjelldalen med åtte bom til Amenka Halvor var då 43 år gammal. Dei slo seg ned nær Whitewater i Wisconsin. To barn blei seinare fødd i Amerika.

Dei var 12 veker på sjøen, leid av sjøsjuke og hadde lite med mat. Familien gjekk i land i New York og reiste vidare med båt til Wisconsin. Anne døydde i 1856, 55 år gammal. Halvor døydde i

1865, 60 år gamal. Dei 10 barna til Halvor og Anne sørgde for ei stor slekt i Amerika og kontakten med Tuddal er framleis levande.

Fire av sønene til Anne og Halvor var med i borgarkrigen. Det var Søren, Hans, Halvor og Kittil.

Mest kjend av desse fire sønene er Kittil, som var medlem av Kongressen.

Men først litt om dei andre brørne: 11865, etter at foreldra var døde, reiste Søren til Minnesota der brørne tidlegare hadde slått seg ned. Her bygde han seg ei tømmerhytte med torvtak og jordgolv og gifte seg med Margit Hanson Leine. (Etter namnet å døme var ho frå Sauland). Dei fekk ni barn.

I desember 1862 melder Søren seg frivillig til å delta i borgarkrigen, eller han blir utkalt. Han reiser frå Margit og fire småbarn. Få dagar etter han reiste blei det femte barnet fødd.

Hans, som også deltok i borgarkrigen, blei tatt til fange og var fleire månader i Andersonville fengselet. Her skal det ha vore 35.000 fangar plasserte på 48 mål.

Halvor blei såra i borgarkrigen. Ei kule øydela auga hans. Brørne fekk han heim, men han døydde få dagar seinare.

Kittil Halvorsen Kjellidalen, krigsveteran og politiskar

Kittil budde heime hjå familien sin til september 1863. Han var då fylt 17 år og verva seg som soldat i batteri C, første artilleridivisjon i Wisconsin. Kittil var med i felttoga til dette regimentet til krigen var slutt. 11865 vende han attende til heimgarden i Winnebago, Wisconsin. Same året la han ut på ei reise med to av brørne og nokre andre gutar. Dei stoppa i Renville i Minnesota. Seinare fekk Kittil tak i ein gard med 640 mål jord i kommunen North Fork, som han seinare utvida til 800 mål.

Kittil var krigsveteran og kom til å bli interessert i det republikanske partiet. Tidleg på 1880-talet blei han nominert av partiet sitt som kandidat til ei stilling i kommunen, men han avsto. 11886 blei han vald inn i styret for staten Minnesota, han var medlem av jembanekomiteen og utdanningskomiteen.

I 1900 på eit folkemøte i bondeorganisasjonen, som vart halde i Fergus Falls, vart han nominert som kandidat til Kongressen frå 5. distrikt Minnesota.

Kittil Halvorsen blei ein aktiv lokalpolitiskar i tillegg. Han sat i

kommune styret i North Fork og var ordførar ei tid.

Kittil gifte seg i 1870 med Geoline Anderson og dei fekk 13 bom.

13 Norsk-Amerika idag

La oss starte denne artikkelen med å setje ein del tal og størrelsar på plass:

USA er i dag ein "nasjon" med over 230 millionar innbyggjarar med ei flate på over 9 millionar kvadratkilometer. Vi har derfor vanskeleg for å forestille oss slike størrelsar og mengder. Det er mykje lettare om vi tar for oss enkelte av delstatane, f.eks. Minnesota som er nokså gjennomsnittleg i amerikansk samanheng. Denne er litt mindre enn Noreg i flate, og har omlag same folketal. Det same kan seiast om Wisconsin. Nord-Dakota er litt over halvparten av Noreg i flate, men er mykje tynnare befolka. (ca. 600 000 innb.) Til samanlikning kan vi nemne at ein av dei verkeleg store delstatane, California, har over 20 mill. og ei flate omlag som Sverige.

I Midtvesten kan vi seie at norsk/skandinavisk bakgrunn spelar ei stor rolle. Der er i dag fleire millionar menneske med norske forfedre. Dette gjeld særleg statane Nord- og Sør-Dakota, Minnesota, og Wisconsin. I mindre grad finn vi norske etterkommarar i visse streek av Nebraska, Iowa, Illinois, Montana og ein god del i vestkyststaten Washington. Dette utgjer ein stor del av flata i USA, men ein svært liten del av folketallet. Vi må nok innsjå at desse norske storka i USA ligg eit godt stykke unna dei store økonomiske og kulturelle sentra i landet, slik som Norden i forhold til dei store sentra i Europa. Sjølv sagt har vi kjempebyen Chicago ved inngangen til det "norske" Amerika og det store byområdet med Minneapolis og St. Paul i Minnesota med eit par millionar innbyggjarar. Men det er landet utanfor storbyane, med hundrevis av små og mellomstore byar og småsenter som er det typiske norske Amerika. Utanfor desse statane vil amerikanarar flest ikkje kunne plassere Noreg på eit kart.

Eit rikt land er dette, også i amerikansk målestokk. Landbrukskrisa dei siste åra held kanskje på å øydelegge dette inntrykket, men vi har likevel nokre av verdas beste jordbruksområde her. For eksempel Red-Riverdalen mellom Minnesota og Dakota statane.

Hit kom nordmenn i siste halvdel av 1800-talet og samla seg gjerne rundt enkelte småbyar som vart meir norske enn andre. Andre byar kunne vere dominerte av polakkar, tyskarar, irar osv.

Ein skal ikkje vere lenge i f.eks. Minnesota før ein skjønar at ein ikkje er langt heimanfrå. Ein møter eit folkeslag som er gjestfritt og opent, og gjeme tek initiativ til samtale. Det kan vere tilsette på overnattingsstader, varehus eller bensinstasjonar, slike plassar som ein turist søker. Mange vil straks byrje å legge ut om slekta si i Noreg etter å ha høyrte at engelsken til turisten har norsk aksent. Reklameskilt i byane og langs vegane har ofte norske firmanamn. Og det er ikkje berre reklante for små bedrifter heller. Stadnamn oppkalla etter tilsvarande norske finn ein også, sjølv om mange poststader med norske namn har blitt nedlagte etterkvart.

VITSAR OM LUTEFISK, OLE OG LARS

På det humoristiske planet står folkegrupper sterkt mot kvarandre slik som vi kjenner det frå forholdet mellom Noreg og Sverige. Dei vitsane vi kjenner som svenskevitsar her heime, er norsk-amerikanarane svært utsette for. Besteforeldre med mykje norsk blod vert gjerne overkøyrde med desse av sine heilamerikanske bamebarn.

Tradisjonelle norske "kulturytringar" vert i denne humoren kraftig sett på spissen. Eit godt eksempel er lutefisken. For ein unorsk amerikanar er det heilt utenkeleg at menneske kan ete noko slikt, medan det for eldre norskamerikanarar kan vere festmaten der dei møttest i "Sons of Norway" eller andre av dei gamle ærverdige foreningane sine. Tallause er dei vitsane som er slegne på lutefiskens bekostning. Jakkemerke og buttons er å få kjøpt overalt.

Eit uttrykk som samlar opp i seg mykje av norsk språk og kultur er "Uff da". Dette har vore eit kjenneteikn på nordmannen gjennom generasjonar i Amerika.

Men la oss også nemne at norskamerikanarane har bra med sjølvironi og dei kan sjølve le godt av for eksempel Ole og Lars vitsane:

Ole og Lars hadde ein felles venn som nettopp var død, og Ole skulle reise for å ordne med gravferda. Dei hadde avtalt at dei skul-

le dele utgiftene med å få vennen i jorda på ein respektabel måte. Så ein dag kom det ei rekning til Lars på 100\$. Han rekna med at det var utgiftene til arrangementet og betalte.

Seinare kom det rekning på 75\$ som han re med var til kista. Veka etter kom det enda ei rekning, på 22,50. Lars rekna med at det var til blomar og anna småtteri, og han betalte denne gongen også. Men veka etter kom det ei rekning til på 22,50 og neste veke enda ei av same slag.

Da tok han til å lure, og sende eit brev og spurde kva dette skulle bety. Nokre dagar etter kom svaret frå Ole. Han skreiv at det med gravferda og kista det var greitt. Men så var det slik at vennen ikkje hadde hatt nokon dress som var bra nok til å bli gravlagt i. Derfor hadde Ole leigd ein smoking for han til den anledningen.

STOR MARKNAD FOR NORSK KULTUR I USA

Interessa for det norske opphavet varierer svært mellom generasjonane. Det har til tider i vore viktig for USA å få slutt på "bindestreksamerikanarane". Særleg under verdskrigane var det om å gjere at ikkje amerikanarane skulle ta parti for ulike sider i krigane i Europa. Både tidlegare og seinare har likevel interessa for røttene vore stor. Den siste store bølga har vi sett i 1960-80-åra. Dette kan ha samanheng med generelt større interesse for lokalmiljø, men også romanen "Roots" (Røtter), som kom ut for nokre år sidan, har spela ei stor rolle for denne interessa mellom amerikanarar i det heile.

Reiser frå Noreg til Amerika har til nå vore etter måten dyre, men det er ei aukande interesse i Noreg for slike reiser, og rimelege gruppereiser blir nok aktuelle alternativ til sydenturane. Kulturutveksling har heile tida vore vanleg

Det er ikkje få norske sangkor, leikarringar orkester som har tumert Midtvesten gjennom tidene. Det er også i dag ein stor marknad for norsk kultur og underhaldning i desse statane. Amerikanarane går på kurs i rosemåling, folkedans og slektsgransking som aldri før. Når det gjeld reising er det ikkje lenger det typiske at den rike Amerika-onkelen kjem på besøk med massevis av dollar. Den vanlege amerikanaren vil finne ut at Noreg er eit heller dyrt land å feriere i, sjølv om han vanlegvis er velstående. Som norsk turist i USA derimot, vil du finne at pengane varer ei stund. Over-

natting, mat og bensin har prisar ofte på mindre enn halvparten av dei norske. Medan klede og andre forbruksvarer ikkje skil seg så mykje frå norske i pris.

Som bilturist i Midtvesten kan ein ha det svært komfortabelt. Det er prismessig overkommeleg å leige bil i USA. Dessutan er heile samfunnet enda meir enn i Noreg lagt opp til bilbruk. Det er faktisk den einaste måten å oppleve ein del av landet på, dersom ein ikkje er med i ei gruppereise pr. buss. For innbyggjarane er også bilen sentral i tilværet. I Nord-Dakota med dei store avstandane, er det lov å køyre bil for ungdom heilt ned i 14-årsalderen, i alle fall utanom motorvegane. I storbyane derimot, har amerikanarane for lenge sidan innsett at bilbruken må begrenast og kollektivtrafikken er i stor framgang etter aktiv satsing frå sentrale og lokale myndigheter.

Klimaet er enda meir innlandsklima enn i øvre Telemark. Det vil seie at somrane er varmare og vintrane kaldare. Ein er her på same breddegrad som mellom-Europa. Slutten av 1980-åra har hatt uhyggeleg tørre og varme somrar. Dette til fortvilning for bøndene. Til og med for turistar kan varmen bli trykkande, og ein er heilt avhengig av air-condition i bil og hus.

NORSK SPRÅKHISTORIE KAN STUDERAST I USA

Interessant for nordmenn er det, at når ein høyrer eldre norsk-amerikanarar snakke norsk, så er det dialekten slik beste- eller oldeforeldra deira snakka. Ein kan altså studere lokal norsk språkhistorie i USA. Det er den gamle norske kulturen desse amerikanarane kjenner seg knytt til. Nynorsk språk for eksempel, er noko uforstålege moderne greier, av di det slo igjennom i Noreg etter den største utvandringa.

Til slutt kan ein spørje seg om det er nokon verdi i å halde på kontakt eller dyrke vidare på dei norske historiske banda til Amerika.

Det er lettare å ramse opp argument for enn imot. Vi kan berre sjå på alt det positive som vert sagt om turisme som vekstnæring i Noreg. Norsk-amerikanarar må vel vere ein ideell marknad i denne samanhengen.

Næringslivssamarbeid på andre felt vil også kunne gje økono-

miske fordelar både for norske og amerikanske nordmenn.

Om vi på den kulturelle sida innser at Noreg i stor grad har blitt overkøyrd av amerikansk massekultur, så bør den meir folkelege og nasjonale kontakten til USA hjelpe oss til ei meir kritisk og sjølvstyrt tilpasning til denne påverknaden.

Vi kan og lære at folk etter litt tid kan tilpasse seg eit anna liv enn det dei er vane med. Dei kan lære å leve mellom andre folkeslag, både gje og få, og dermed vere med å byggje opp eit samfunn der det einseitig nasjonale er underordna, men likevel verdfullt under ei grunnlov som seier at alle menneske er likeverdige. Dette er viktig i ei tid der folkeflyttingar igjen er aktuelt.

prairie1.gif (37470 bytes)

English Summary

TO FIND A BETTER FUTURE

This book is written for the 150-year Jubilee of the first emigration from Hjartdal in Telemark to America. The emigration from this small valley was so great that you will not find any "Hjartdøl" without relatives, close or remote, who in the period between 1839-1940 left the country to find a better future in America.

Lists of emigrants show that maybe as many as 2000 persons from Hjartdal crossed the Atlantic in this period, more people than are now living in the county.

In relation to the population, Hjartdal was one of the counties with most emigration. To understand the history of Hjartdal, it is necessary to understand this emigration which in such a dramatic way not only solved many problems, but also created new.

NORWEGIAN EMIGRATION FROM THE YEAR 1825

1825 is regarded as the year of the first emigration from Norway to America. This year the sailing vessel "Restauration set off from Stavanger with 52 passengers, children and adults from the district. Their leader was Lars Larson Geilane.

However, they did not travel without having any knowledge about their destination. The year before they had sent a man to examine the conditions. His name was Klein (Klemet Pederson Hesthammer), but later he was better known as Cleng Peerson. Because of this journey and many other activities in different parts of America, he has been called Father of the Norwegian Emigration.

The group of persons from Rogaland (Stavanger) did not start a landslide of new emigration. 10-15 years passed before new groups of emigrants crossed the Atlantic.

Research has shown that for decades primarily peasant farmers were the first to emigrate. Maybe because some were in a financial difficult situation. However, they were mainly the persons who were able to raise money for the tickets.

Farm hands or maids would have to save for several years before they could raise the necessary money for a ticket. But, single women were also among the first emigrants. Later the tickets were cheaper and this enabled people of all classes to emigrate.

After the Civil War and the conflicts with the Indians had culminated, came the first real wave of Norwegian emigrants. Before 1865 most of the 78.000 emigrants had come from Telemark and the South-West part of Norway. Now they came from all parts of Norway.

Until the Second World War more than 800.000, maybe even 900.000 people had emigrated to USA and Canada. Many returned to Norway, but it is obvious that next to Ireland, Norway was the country that contributed with most emigrants in relation to its population.

EMIGRATION FROM HJARTDAL 1839

More than 30 persons left Hjartdal in the spring of 1839 and started the long journey to America. This we know from the church-books written by the priest. Not only births, baptisms, confirmations, marriages and deaths, but also persons who left the parish were registered.

Not much is known about the destiny of these first pioneers who were the first of approximately 2000 emigrants from Hjartdal.

These persons have probably travelled in a group, on foot from Hjartdal to Heddal and from there by rowing-boats to the town Skien. From Skien they travelled by sailingship to America, and the voyage took them probably first to Gøteborg in Sweden or Le Havre in France.

The group consisted of nine families with several small children, six of the families were cotters.

Research by the Norwegian-American, Gerhard B. Naeset on the first emigrants from Hjartdal, has made it possible to trace some of them in America.

Hans Hansen Dalen and his wife Ragnhild lived e.g in Clayton in Wisconsin for some time. They are burried in Winchester. One of their sons, Hans, made a living as a farmer, and he also took part in the Civil War.

Ole Olsen Tho settled in Manchester in Illinois and Søren Olsen Midtbø, who by the way was the only bachelor in the group, came to Winnebago in Wisconsin.

In fact, not much is known about the destiny of these first pioneers in The new world. What we know is that they were people with courage and vision who dared to stand up against all bands that tied them to Norway, and started on the long journey that took them all the way to a new country which as early as in 1839 very few people in the isolated valley had ever heard about.

LIVING CONDITIONS IN HJARTDAL IN THE 18TH CENTURY

There had been a large growth in population from 1800 till 1840. From 1815 till 1865 the population in Norway was almost doubled, from 900.000 to 1,7 mill. people. Also in Hjartdal the population increased.

Agriculture was the main occupation, and old fashioned farming requiered much labour and was in all ways cumbersome, ploughs and other tools were very primitive. The hillsides are steep and the small fields in Hjartdal are full of stones. Often the frost spoiled the crops. They cultivated grain and potatoes and had in

addition cattle, sheep and goats. More mouths to feed often resulted in starvation. Cotters had very little money and when the crops failed, they had no money to buy new seed grain.

One of the reasons that the population grew was the introduction of the smallpox vaccination. At the same time the farmers started cultivating more potatoes and people acquired more knowledge about hygiene.

Emigration therefore solved the problems of over-population in the rural districts, also in Hjartdal. Crop failure was, however, one of the main reasons for people to emigrate, and bad years resulted in new waves of emigrants to America.

DEPARTURE AND VOYAGE

The journey took 2-3 months and they had to keep their own food which had to be of a kind that did not get spoilt.

Ole Rynning, one of the first emigrants, recommended people to take with them salt meat, stockfish, butter, cheese, milk, beer, peas and grain. Large amounts of thin wafer crispbread was necessary and could be obtained in the harbours. Ole Rynning also meant it was a good idea to take with you a griddle, a spinning wheel, a handmill, and a craftsman ought to take with him his tools. Many of the items the emigrants took with them are exhibited at the museums of the Mid-West.

ON BOARD THE SHIP

Emigrants were placed midship. Berths were erected and as many and cheap as possible since they were to be torn down when the ship came to America and should carry a new cargo back to Europe. The berths were usually big family berths, giving place to 4-5 persons. They were covered with hay, and the passengers took with them their own bedding.

A journalist from Stavanger wrote this description of an emigrant-ship in 1866.

"Entering the midship I was met by a nauseating, foul-smelling odour, spiced with a strong smell from sausages and smoked, cured meats which were hung up in bunches. Here we also find the youngest emigrants, children from seven weeks and upwards,

mothers flegmatically unconstrained giving babies breast-feed whilst other children tumbling around making much noise. The sight of their berths made a bad impression, not to mention the abundance of small animals of a rather unpleasant kind."

Few of the emigrants had ever been to sea before, and seasickness was a great strain. The air midship was stuffy and unhealthy, and during rough weather the hatches were closed. Not surprisingly many an emigrant regretted the day he put his foot on the deck of a ship.

Epidemics were also a great problem on board the emigrant-ships, and children and elderly people were hardest stricken. On board the ship "Viktoria" 28 children died of measles in 1868."

LETTERS FROM AMERICA

Hundreds of letters must have reached Hjartdal from America, but very few have been taken care of. We have found some, but probably there are more old letters tucked away in chests and drawers. The oldest letter we have come across was written in Calmar, Iowa, January 1862. Letters must have been sent to Hjartdal earlier than this, but before 1850 few people could read and write, 50 letters must have been a scarcity.

Letters were usually long and comprehensive, written by people who took their time when they occasionally wrote. They wrote about the new country they had come to, how many acres they had bought and how much wheat and corn they had harvested. Prices and wages were also of interest. They also wrote about the American freedom and equality and of course also about friends, neighbours, and relatives. Many letters were probably more optimistic in describing their situation than was the actual case, and some praised their new country without any reservedness and boasted about their prosperity and wealth. But some letters told about strenuous journeys, illnesses and death, and hard conditions. The letters were of great interest and some were even published in the newspapers and were discussed and commented in the columns.

STORIES TOLD BY IVAR DAHL, TUDDAL

Hans Sjoåsen Greivjord, born in 1837, emigrated to America probably in the eighteenth century. At that time he was married to Gunhild H.Espeli, and their wedding ceremony in Tuddal Church was remembered because of the handsome couple. But Gunhild died in confinement in America. Hans wrote to his former girlfriend Margit Viken from Tuddal, and she travelled to America and married Hans. They got three children and one of them was Gustav who later took over Greivjord.

Hans participated in the railway constructions in the USA. "There is money in two able hands," he said. Once he was out working, he had to dig through some gravel. Then he discovered something on the spade, and there he found a medallion and a pin cushion embroidered with pearls. Hans had accidentally come across an indian grave.

The medallion was of pure gold, probably plundered from white settlers. This medallion is still to be found at Greivjord, but the pin cushion Gustav gave to a nurse while he was lying at St. Joseph Hospital in Porsgrunn, Telemark.

Gustav, the son of Margit and Hans, was born in Wisconsin and moved to Tuddal ca 1900 together with his parents and the rest of his family. Especially Margit found it difficult to adjust to the new way of life.

Kitil Våle built skyscrapers in America and often boasted about this when he returned to Tuddal after some years. "This Kitil, this Kitil" people said. "Everything was so big".

Kitil told he was never afraid of heights and this was also the case with many indians. Once he told about a negro who fell down. "We had no time to stop", and therefore concrete was filled over him.

Once Kitil put up a small log cabin at Bitringsnatten in Tuddal. The cabin was very simple, and a tourist who passed by remarked this: "Have you ever built anything before?"

"Well, some hotels and skyscrapers", was the reply.

A PARTY IN MUSKEGO IN 1862

(A brief summary based on an article in "Telesoga" March 1924, told by Thor Helgeson)

Halvor Lonar from Hjartdal was a Jack of all trades. He built the church in Muskego. This was the first Norwegian church in Wisconsin and in America.

After having been a widower a couple of years, he got engaged to Ingebjørg. Autumn 1862 he invited neighbours and close relatives to a party. Jørn Justis, Halvors best friend, was chosen to marry the couple.

Jørn Justis was very solemn although this was not his nature.

"Join your hands". They so did, and the bridegroom was asked: "Do you take this woman, Ingeborg - for your wife? And will you love and protect her according to the word of God and the law of Wisconsin?"

Ingeborg answered yes in Norwegian to similar questions. This was her third husband named Halvor.

Among the guests were Kjetil Lonar, Halvor's brother, Sveinung Haugen, Hans Petarson and Knut Bekhus, all from the parish Sau-land in Hjardal.

Halvor's house was built in traditional Norwegian style, and after the liquor the guests were served lefse ('Thin pancake of rolled dough, served butte red and folded), thin wafer crispbread, baked bread, butter, gamalost (cheese), mutton prepared in a special way for weddings, wedding cakes and much more. This was during the Civil War and political issues were discussed. The sympathy was mainly Republican.

Traditional Norwegian songs were sung and sentimental thoughts went to their homeland with poverty and hard labour, but also the pleasure of troutfishing in the mountain lakes and the splendid view from the peaks.

Hans maintained that there were greater possibilities in America and that he preferred this instead of the starvation back home.

HOW TO USE THE EMIGRANT LISTS

In the lists you find the names of the emigrants from Hjartdal to America in the period 1839 - 1900. After the names you find the year of birth, the year they emigrated, the boat they travelled with and the place they came to in USA.

You will find these titles:

pige is an unmarried woman,
ungkarl is a bachelor,
gardbruger is a farmer,
husmann is a cotter,
snedker is a carpenter,
inderst is a person who did not own a house or farm, but hired a room.

hustru means wife, and
sønn og datter means son and daughter.

First you will find the name of the man in the family, then the wife and the children, you will also find enke and enkemann which means widow and widower. Med means together with.

T means that the emigrant was from Tuddal, S means that he was from Sauland.

Litteratur

(DEI VIKTIGASTE KJELDENE SOM ER BRUKA I ARBEIDET MED BOKA)

Blegen, T.: Norwegian Migration to America 1825-1860
Clausen, I./ Bache S.:/ Bache S.: A Chronicler of Old Muskego
Clausen, C.A./ Nilsson, S.: A Chronicler Of Immigrant Life
Einung, H.H.: Tinn-soga
Gvåle, G.H.: O.A. Rølvaag. Nordmann og amerikanar
Holand, H.R.: De norske Settlementers historie
Karlsrud, G.K.: Hjartdalssoga. Gard og ætt i Tuddal
Lovoll, O.S.: Det løfterike landet
Rønning, N.N.: The Saga of old Muskego
Semningsen, I.: Drøm og dåd
Svalestuen, A.: Tinns emigrasjonshistorie 1837-1907
Telemark Historie: Diverse artiklar
Telesoga: Diverse artiklar

Ulvestad,M.A.: Nordmændene i Amerika, deres Historie og
Rekord

Universitetsforlaget. Flere forfattere: Reisen til Amerika

Xan,E.O.: Wisconsin my home og Norwegian Recipes

Årbok for Telemark: Diverse artiklar